



# Hjartdal historielag

## Årbok 2019



Hjartdal historielag  
Årbok 2019



---

# Hjartdal historielag

## Årbok 2019

---

---

Hjartdal historielag 2019

*Oppsett og utforming: Hjartdal historielag v/LS  
Framsidebilde: Nyrevde vippebånd og et gammelt belte etter  
Mari Train. Foto: Eva Brænd  
Karta s.15-17 er framstilt med QGIS (open-source kartprogram)  
ISBN: 978-82-993447-2-2  
Trykt hos Telemark Trykk AS, Notodden  
© Hjartdal historielag 2019*

# Forord

Nok ei årbok frå Hjartdal historielag er klar for sine lokalhistorisk interesserte lesarar. Vi har med denne boka lansert ni årbøker sidan 2011. Mange trudde at vi fort ville få vanskar med å samle nok stoff til nye bøker kvart år. Men dette har ikkje skjedd i år heller, tvert imot. Snarare handlar det heller om valgets kval og kva vi skal prioritere. Det er mange bygdefolk og lokalhistoriske hendingar å velje blant.

Vi har ofte lett for å sjå oppover mot leiarar og store namn når vi studerer historie. Den tyske poeten Bertholt Brecht seier dette så godt i sitt kjente dikt *Ein lesande arbeidars spørsmål*, skrive i eksil i Danmark i 1935 og med desse kjente verselinene litt ut i diktet:

*Den unge Aleksander erobra India  
Han åleine?  
Cæsar slo gallarane..  
Hadde han da ikkje i det minste ein kokk med seg?*

og til slutt:

*Så mange forteljingar/ Så mange spørsmål.*

Vi ser fort noko av det samme i forteljinga og spørsmåla rundt Verdensarven. Det er Sam Eyde og Kristoffer Birkeland som blir hovudpersonane og dei største namna i den historia. Men var dei åleine? Dei laga heilt sikkert ikkje maten sin sjølv dei heller, kokkar på kjøkkenet måtte nok til.

Sjølvsagt er Aleksander og Cæsar, Eyde og Birkeland sentrale og viktige personar. Men Brecht gjer oss merksame på den lillemann i dei store bragdene, utan innsatsen frå dei mange hadde det heller ikkje blitt nokon store namn i historia.

Og det er her historielaga og lokalhistoriske årbøker spelar ei viktig rolle. Vi rettar søkelys mot lokale personar og hendingar i lokalmiljøet som alle har sin plass i den store samfunnsvegen. Nokon får namnet sitt kjent langt utover bygd og land, men dei aller fleste er ein av mange som yter sin skjerv i det daglege saman med resten av bygdefolket.

Årbokartikkelen til Steinar Hovde viser dette på ein fin og god måte. I prosa og poesi fortel han historia om bygdesmeden Thorbjørn Thorbjørnsen, kjernekaren, arbeidsam og ærleg i all si ferd. Han skodde over 10 000 hest og fekk sin heilt spesielle takk av ein vakker hingst i gravferda si:

*Der sto den helt urørlig – før den ga  
et høylydt vrinsk, og løp derfra  
Den tordnet bort – i praktfullt trav.*

Vi har fleire slike historiar om arbeidsame bygdefolk:

Knut Buen skriv om godfar sin, tuddølen Gjermund Våle, i arbeid og handel, jordbruk og husdyrhald og mykje meir.

I magasinet *Bunad* har vi henta artikkelen om tekstilarbeidaren Torkjell Sletta – *detaljenes mester*.

Therese Djupedal skriv om bestefaren sin Toralf Djupedal, om barnedom og arbeid i ei etterkrigstid.

Anne Haugen Wagn fortel om grandtante Anne som utvandra til Amerika og Leif Skoje om Mons Landsverk, saulendingen som endte sitt liv på rettarstaden på Øvstebø på 1600 talet.

Ikkje minst – vi har sjølv sagt med bygdeglimta til Ivar T. Dahl, der bygdefolk som vanleg blir omtalt på sitt varme og respektfulle vis.

Og dette er slett ikkje alt, du finn mykje om mangt anna når du åpnar boka og byrjar og lese.

Vi ynskjer deg god lesning!

*Torgunn Opsal    Leif Skoje    Svein Bakkalia    Torkjell Tjønn*

# Innhald

Forord .....	5
<i>Førevegen Gvammen – Gjuvsmoen – Breivatn – Langheistulane</i>	
av Ingunn Hovde .....	9
<i>Torkjell Sletta – detaljenes mester</i>	
av Heidi Fossnes, foto: Eva Brænd .....	25
<i>Lutefisk på gammal måte</i>	
av Kari Haugen Skoland.....	37
<i>Tradisjonar og fakta omkring Mons Landsverk og</i>	
<i>nokre av etterkommarane hans</i>	
av Leif Skoje .....	42
<i>Hjartdalsguten Toralf Djupedal – frå barndom til jobb</i>	
av Therese Djupedal .....	49
<i>Tante Anne i Amerika</i>	
av Anne Haugen Wagn.....	62
<i>Gamle og nyare namn på kyr i bygdene her</i>	
av Olav Tho .....	71
<i>Ein tuddøl som lika å handle</i>	
av Knut Buen .....	79
<i>Vårstulen Kjeksingdalen</i>	
av Olav Langåsdalen.....	90
<i>Bygdeglimit</i>	
Tekst og foto: Ivar T Dahl.....	98
<i>Thorbjørn Smed</i>	
av Steinar Hovde .....	111
<i>Unikt funn på fjellet i Hjartdal</i>	
av Audun Solberg .....	123
<i>Uvanleg godt bevarte restar av jernvinneomn ved Kovvatn</i>	
av Audun Solberg .....	127
Litteratur frå hjartdalsbygdene.....	130
Halvor H Sisjord (1922-2019).....	134
I avisar for 100 år sidan .....	135
Ting frå tidlegare tider.....	136
Bidragsytarane til boka .....	137
Årsmelding for Hjartdal historielag 2018.....	139



# Førevegen Gvammen – Gjuvsmoen – Breivatn – Langheistulane

av Ingunn Hovde

---

Underteikna er busett oppi bakkane i Gvammen, har flott utsikt over Mælefjell, liane på «Vestfjellet» og ned i dalen. Eg har alltid vore glad i stigar og turar langs desse. Har laga meg rundar som eg går med mine firbeinte bestevenner. Etterkvart der eg som innflyttar blei betre kjent, skjønte eg at her var vegnett som var gammalt og meir enn det, det er



Vrangetjønn ein julidag 2019. Jan Kåre Finkenhagen sitt på murane som i dag er det som er att av dei to stulsbuene som Svålåstugu hadde. Her var drift til krigen, Ingebjørg Djupedal/Øverbø var siste budeia. Brørne Halvor, Olav og Harald Djupedal var med på stulsdrifta og førde att og fram til bygds.

gamle vegar både til husmannsplassar og enda eldre til fjells. Har traska rundt, og etterkvert har eg funne historieinteresserte og kunnskapsrike folk som kjende til desse, og dei kunne fortelje at her var det ei hovudåre som bøndene nede i dalen nytta for å kome seg til fjells med dyra sine. Og dei måtte gå skoglies, for på jorda til annanmanns eigedom var det heilt uaktuelt å gå! Og kor mange hundre år attende det er sidan stigane blei tatt i bruk veit verken dei eller eg. Men soga seier at blant anna Øverbø er rydda i gamalnorsk tid, og det gjeld også gardar ned i Gvammen: Dei eldste, Gvam, Dølen, Midtbøen, Skeie osv. Og i eldre tider var det ikkje vegen til Notodden eller Seljord som var sentral, det var Garden som var hovudsaken og så var det vegen til fjellet og rettigkeitene ein hadde der. Det var der livsåra til bonden gjekk!

Med historie som fag og ein god del nysgjerrighet blei eg «nødt» til å studere dette. Eller rettare sagt prøve å vidareformidle denne kunnskapen som har vore, men i dag er lite akta på. Og eg har gått heile turen frå Åkre til Vrangetjønn. Eg gjekk frå Lauvhaug og heim ein søndag, og seinare overtalte husbonden meg til å bli med å gå Lauvhaug-Vrangetjønn. Det blei gjennomført midt i juli 2019, og tok ni timer med sekkar, men utan husdyr!

Og berre for å ha sagt det: Stigane våre er KULTURARV!

## Gvamsgutu. Stulsvegen frå Gvammen til fjells. Like til Vrangetjønn

Sommarstid gjekk ein svær buveg oppfrå Gvammen i Hjartdal og opp og i nordleg retning og vidare mot nordvest. Det var gammal god skikk å kome seg til fjells Jonsok eller Sankthans som vi også seier.

Førevegen starta mykje sannsynleg ved bruva over elva Funa (Vesleå). Frå gardane nede i dalen gjekk vegen gardimellom, og det er truleg at frå gammalt samlast fleire i lag for å føre dyra sine til fjells. Setervegen<sup>1</sup> følger langs elva Funa nede i Gvammen der det er bru, beint oppover, alltid utanfor dyrka mark! Graset var livshåpet for dyra til vinteren. Det var nærmast for dødssynd å rekne viss ein tråkka i det grønne veksande graset på ekrene til folk!


---

<sup>1</sup> Opprinneleg skal «stule» kome frå gammalnorsk stodul: Der kyrne stod vår og haust.

Seter eller setr skal vere namnet på der ein satt med dyra om sommaren.  
Og om ein tenker etter, er det lite -stul namn i fjellet i Hjartdal.

### *Gvilingsflåta ved Kruvla.*

Høgt oppi lia med utsikt over Gvammen var det ei flåt der stulsfolket kunne ta ein rast og sjå at mykje av dei brattaste bakkane låg bak dei. Røysa som det blei lagt Stein på, er framleis intakt. Dei djupe spora etter farne dagars tømmerdrift er også godt synlege.



Ein går forbi Haugeberggardane og kjem til Veglebakkje på nedsida av Åkre (mellan Rinde og elva går restane av den gamle stigen), opp Grobudalen på austsida av Sud-Gjuv, vidare til Runningen, Nysel, Hytta og Livro, opp Skakktjønnlia, så fram til Gjuvsmoen. Der møttest ein ofte med andre og gjekk samla innover med buskapane sine opp Spjordalen mot Breivatn.

Derifrå gjekk det føreveg og drifteveg like til Vrangetjønn, med avstikkarar til m.a. Tuddal Sanatorium<sup>2</sup>. Ved Gjuvsmoen møttest denne vegen med slepa frå Sauland, som kom over Handlinghaugen ved Vatnartjønnen'. Når dei skulle til stulane som låg på hi sida av Breidvatnet, brukte dei ofta pråm. Frå Sud-Gjuv rodde dei mykje til Hombrekke i Saurvikenbeitet. Hadde dei hest, for dei lier`.

(Hjartdalssoga IIIB, Gvammen s.126)

Frå Gvammen går setervegen beint oppover, alltid utanfor dyrka mark. I lia mellom Nysel og Livro ligg restane av ei høybu tilhøyrande Nedre Bergsland. Staden heiter Kruvla. Vegen går litt vestanfor denne, etter dei bratte oppstigningane er det her ei lita slette, kalla Gvilingsflåta. Når ein har gått nedanfrå Gvammen, var det nok godt å kvile føtene sine etter ein ganske bratt opptur.

Det er framleis att nokre bratte bakkar før ein når høgdedraget og stigen mot Gjuvsmoen. Men der det i dag er mykje og tett skog, var det nok i gamle dagar ein strålande utsikt utover dalen og grenda i frå dette utsikts-

---

<sup>2</sup> Bygd ca 1890, seinare Tuddal Høifjellshotel.

punktet. Her ved Kruvla er det også ei steinrøys, eller eit verp der dei farande kasta på ein pinne eller stein når dei forbi.

Det var snart tid for å kome seg vidare dei siste bakkane opp Skakktjønnlia og mot høgda. Men her har kyr og folk frå Haugeberggardane sluttar seg til, for dei gjekk opp frå gardane til husmannsplassane Tarjersro og Hytta. Så var det nok ein stig som tok av mot stulane Gåsero, Bjørndalen med fleire, dei passerte Livro og vidare opp dei siste kneikane mot Toppen. Dei som skulle lengre vende vestover mot Gjuvsmoen (Fellessetra). Der var det ifølge Anne Hardang Funner (1925-2019) møte med folk og dyr frå Haugan/Øverbøgrenda før dei fortsette innover fjellet der dei ulike buskapane skulle finne sine setrar.

Den neste kvileplassen er på Sterk, når ein kjem på høgda før ein går innover med Breivatn og alle fjella i sikte. På Sterk var det også eit verp eller ei røys som ved Kruvla. Da hadde folk og dyr bratte bakkar bak seg og slake strekningar framom. Tenkjer det var godt med ein matbit og kvile.

## Frå Øverbøgrenda, nordafor åo like til Risbua, Bjønntjønn og Primhaug

Førevegen frå Øverbøgrenda gjekk opp lia frå Uppistugu, kom gjennom tunet i Bakskjult, vidare om Kjerrstul, Folålia og så inn på buvegen frå Gjuv og opp til Breidvatn. Olav O. Rue (f.1939 på Nordigard Øverbø) skildrar førevegen frå Øverbøgrenda slik:

Ein gjekk upp ved Kleiva, hitanfor Løyte (nord og opp frå Bakskjult). Vidare gjekk ein og kom att ved Storemyr, på austsida av denne. Der den nye vegen vender austover, låg husmannsplassen Timbahølet (Rue), inntil steinmuren. Vidare gjekk ein over Sågåbergjin` og forbi husmannsplassen Kongsvinger, oppi lia ovanfor Sågåmyra. Gunleik Gjuv lågå gutu, rydda og gjerde på begge sider av vegen.

Haugangardane knytte seg også til desse. Alle skulle opp dei bakkane til dei nådde Gjuvsmoen der det var samlingsplass for dei som også kom frå Haugan, Rue og Øverbøgrenda, gardane vestafor åo.

Olav O. Rue fortel meg at vegen kom opp omtrent mellom brakkene ved Olaskjær, og følgjer gjerdestaden i østre side av Fellessetra og kryssar over vegen mot toppen.

## Så berst det innover mot Breivatn...

Så er det å ta fatt på Spjordalen. På flåta der det i dag er parkeringsplass må det ha vore møtestad for dei to følgja. Der var det eit vad som etter an-

*Breivatn.  
Anleggsarbeidet  
på 1950 talet  
medførte at fleire  
av fjellvatna våre  
blei neddemt.  
I 2019 var det  
oppgradering  
av dammen ved  
Valoset, dermed  
blei det lågvatn  
og ein kunne sjå  
kor den gamle  
førevegen gjekk.*



leggsvegen kom, er på øversida av denne. Førevegen gjekk i sjølve dalen eller dokkja, i venstre side av denne. Så kleiv ein seg oppover mot Sterk, kryssa over vegen og kom på høgresida. På Sterk var det ein veldig god tiubekk som folk og fe kunne drikke av. Denne spesielle olla blei dessverre øydelagt under vegbyggingen i anleggstida på 1950-talet, hugsar Olav. Han legg til at ved Kasleburoe, øvst i Bleshaugdalen var det også ein god tiubekk som kunne svale tørste struper på den lange ferda.



*Olav O. Rue ved Breivasstulen. Han pekar ut kor vegen heimante kom langs stronda.*


Vegen frå Sterk gjekk over myra på høgresida av nåverande veg, rett nedover i retning av «Hauglandhytta» og Volbakktjønna, vidare over myrane til høgre for dagens veg, mot Tøllehaug og ned til vatnet. Ein må nå hugse at på dette tidspunkt, tidleg 1950-tal, var Breivatn atskilleg mindre. Fisketjønn, den sør austre snyten av Breivatn, var vel omtrent som nå. Sommaren 2019 er det på grunn av ombygging og forsterking av dammane veldig låg vannstand i Breivatn, så ein kan kanskje ane kor vegen går langs stranda vidare innover mot Fjølåbui, Breivassstulen og Bergstul. Det ein også må hugse på her er at fleire av stulane låg der det normalt sett er vatn i dag. Breivasstulane var fleire nedover etter kvarandre. Ålmannroe låg lengre ned, stulstomta kan sjåast ved normalt lågvatn. Der hytta på Ålmannroe ligg i dag, kom stigen att, kalla Ålmannrohaugen. Ålmannroe var stoppeplass for mann og hest, men buferda som skulle vade innover, måtte gå ei stund til.

Olav O.Rue fortel at han var med på stulen på Primhaug i to år, han var omkring ti år. Han var med «Haugmann», onkelen hans som budde på Øverbøhaugen; og flutte til stuls og gjekk ved sida av og vekselvis satt på hesteryggen, frå Øverbø og inn til Primhaug. Det tok 6 timer med hest, men med dyr gjekk det nok ein god del lengre tid. Dei gjekk saman med stulfolk som skulle til Bjønntjønn og Risbua. Det var systera Anne O. Rue (Johnsen) og «Molle» Haugen, Sud-Haugen, som var budeier.

Det er sagt at i seinare tider var det oftast at bøndene gjekk til fjells med buskapen enkeltvis.




Tone Øverbø Solli sat som budeie på Lauvhaug frå slutten av 1950 talet og i ein tiårsperiode. Med seg hadde ho sonen Olav, og niesa Aslaug Finkenhagen (Prausnitz) som sit til høgre med hunden.



## Oppover Bergstullia og mot Lauvhaug

Ved Breivasstulen og Bergstul var det Haugan-gardane og Rue som hadde beite. Dei som skulle vidare innover gjekk stigen nordvestover opp



Bergstullia, ved Ålmannroe, ovanfor nåverande veg innover mot stulane langs ruta. Vegen går i øverkant av stulen Matklepp, der ein alt før dette har hatt ein avstikkar mot Hågvatn og Bleshaugdalen. Så kjem ein til Hekkjar (Heggkjerr) der også stigen går i øverkant av ein gammal steingard. Og straks forbi kjem stigen forbi nedrekant av stulen Takholt.

Verdt og nemne er at stigane og buferdene aldri gjekk inn på stulane, det var steingjerde som heldt styr på dette. Stigen gjekk på nedsida eller øvresida av desse vollane. Graset var verdifullt og skulle også gjerne høstast inn til vinterfor. Nå kjem ein til skogstykket mellom Hekkjar

Merk at  
karta har  
noko va-  
rierande  
måle-  
stokk.



og Lauvhaug<sup>3</sup> som heiter Lauvhauglia. Der tek ein stig opp mot nord og Skardstul ligg like oppunder berga. Langs sjølve hovudåra kjem Lauvhaug i syne der vegen går over bekken langs steingjerdet og ovanfor fjøset.

På Lauvhaug er det fleire hegner. Her er det også eit trekanta område på ei flåt mellom Brennøyroe og deilda til Lauvhaug. Karl Finkenhagen (1916-1992) har sagt at dette er området som buferdene nordover fjellet kvilte og overnatta på. Da vi var og tok dette området i augesyn er det tydeleg ei innhegning her mellom Brennøyroe, vegen opp mot deilda til Lauvhaug og bekken/elva. Opprinneleg ser det ut som det har vore ein «buskegard», og der er framleis stolpar, og ein kan sjå ein «rygg» etter garden som har vore. Men likevel er det vanskeleg å finne denne utan at du veit kva du ser etter! Her var det overnatting for folk og dyr som skulle vidare til Vrangetjønn. Her skulle ein mjølke kyrne. Det er truleg at mjølka var ei betaling for overnattinga. Ein kunne ikkje bere med seg denne innover fjellet i alle fall!

## Mot Flottin, Vindeggan og Vrangetjønn.

Ved stulen Lauvhaug går vegen i øversida av hegna og fjoset, følgjer steinmuren og går opp bakken mot nordvest i ein godt synleg stig. Denne

<sup>3</sup> Det er fleire stader som heiter Lauvhaug i Hjartdalsfjella. Denne ser vi på kartet side 16.



*Artikkelforfattaren på Bergjin' – med Flottin og fjella i sikt.*

går nordvestover høgdedraget til lendet opnar seg med utsyn mot Bratfjell-Vindeggen området. Dette er eit fantastisk utsiktspunkt, i dagleg tale kalla Bergjin'. Det nærmaste du ser er Flottin, der vegen følger mot Lekkjenutbekken, bort lia der ein har Ståvatjønn på høgre hand. Så ligg Lekkjenut-stulane lunt inn mot fjellet, vegen går utanom desse for buferdene innetter.

John Særsland (f.1935) som gjette for mor si på Lekkjenuten på 1940-talet, fortalte at dei såg buferdene kome over Lekkjenutbekken. Dei gjekk bakanfor Skrubberoe og opp i Lekkjenutfjellet der stigen etterkvart møtte stigen som går opp mellom stulane på Lekkjenuten. Denne stigen går like til Vrangetjønn der Svålåstugufolket hadde stulsdrift, og framleis



*I Blåfjellet. Kvilesteinen var god å finne etter nok ein dryg marsj.*



Over til venstre: Ein vandrar på veg mot Vindeggen, her er ein ved Nåpåtjønnane.

Over til høgre: Sandtjønnane ligg i kvelven på nordsida Vindeggen. Nå begynner ein å ane at ein snart er i mål.

Nederst: Vrangetjønn – og målet i siktet. Buferdsfolka var nok glade over snart å vere framme etter 2-3 dagars vandring!

har rettar. Undervegs går ein opp i Blåfjellet til Nåpåtjønnane, vidare til Kjeringnut og Smørbaakk og passerer majestetiske Vindeggen på nordsida. Her ligg Sandtjønnane der ein held seg i høgda til ein skrår over før den vestre Sandtjønna, ned mot Gråtjønn og held fram med stigen innover til Vrangetjønn.

Vegen til Vrangetjønnstulen starta i tunet på Svålåstugu i Gvammen. Derifrå følgde dei Gvamsgutu og heile den lange vegen innover fjellet! 2-3 dagar tok det før ein var framme med kyr og folk. Førehestane kunne ha gått i forkant, så ein hadde på plass mesteparten av medbrakt mat, klede og utstyr. Sverre Haugan fortel at førehesten brukte omlag 12 timer nedanfrå Gvammen.

I nyare tid var det jentune på Svålåstugu som satt på stulen eit par år. Deretter var det Halvor og Ola Djupedal som dreiv der i slutten av 20-åra. Ingebjørg Djupedal satt som budeie der fram til krigen. Da var det slutt og sæla datt ned.

## Inn Bleshaugdalen går ein føreveg over Ormbusterk, Ståvatjønnbekken, Kova og Murtebekk

Stigen inn Bleshaugdalen til Risbua, Primhaug, Lauvhaug<sup>4</sup> og Grunntjønn tok mot nordvest nokre hundre meter frå Ålmannroe. Stigen går sør for Hågåvatn, opp lia mot Saupstul, der ein gjekk i høgre sida for å unngå å kome inn på vollen. Vidare gjekk dei i nord-nordvestleg retning opp bjørkelia og inn mot Bleshaugdalen og følgde denne like til toppen av dalen. Her er den gamle kvileplassen som er velkjent for folk som har vandra innover her. Og her hadde buferdsfolka den andre rasten før folk og dyr for vidare. Den vassolla som ligg i myrkanten på venstre side her, har gjeve mang ein sliten vandrar ein god kveik.

Olav Solli Øverbø (f.1941) fortel at han var ikkje store gutungen da han var med onkelen sin Gullik Øverbø innover til Risbua med kløvhest, og Olav fekk sitje på hesten. Den gongen rekna dei 5 timer frå Øverbø til Risbua med kløv. Olav hugsar også at det var kvileplass øverst i Bleshaugdalen. Der ligg det også ei god olle med det kaldaste, beste vatnet du kan drøyme om å finne på tur. Olla ligg nedunder Kaslebunuten, og er velkjent for fjellfolk som har vandra desse stigane. På denne tida satt mor til Olav,

---

4 Lauvhaug på kartet side 17.

*Aslaug og  
Gunleik Øver-  
bø med borna  
Aslaug, Gunn-  
hild, Andres og  
Einar.  
Aslaug var  
budeie på  
Nord-Risbua i  
20 år.*



Tone Øverbø på Risbua. Eit spesielt minne Olav har frå denne kløvturen, er nettopp frå kvilestunda ved olla der Gullik dreg opp skjorteermane og stikk armen djupt ned i vatnet. Opp dreg han eit par flasker med mjølk! Desse har han sjølv plassert nedi der hausten før, sikkert av siste mjølkekålet det året. Dette var eit vellagra måltid, syrna og tjukna gjennom eit langt vinterhalvår. Gjorde nok godt etter ein lang marsj frå Øverbøgrenda.

Nå stod karane ved inngangen til Flottin, og hadde framleis ein god marsj att til Risbua! Denne vegen går opp over Gåserostulen, forbi vestre Brilletjønna, fortsett i nord-nordvestleg retning over Ormbusterk, over Ståvatjønnbekken og mot oset der elva Kova renn ut i Kovvatnet. Det er ei bru der, og ein går vidare mot nord, svingar litt til høgre før ein følger stigen rett mot nord til Risbua. Aslaug og Gullik Øverbø dreiv stulsdrift seinast, og Aslaug var den siste budeia på Nord-Risbua. Ho satt som budeie der i 20 år.

Andre skulle lengre innover og fortsette langs Risbudalen og tok nordvestover der ein kan nå Primhaug og Bjønntjønn, i allefall minst ein time lengre inn i fjellet.

## Det haustast i fjellet

Vegen ned frå fjellet og til bygda blei også bruka til buferda heimatt om hausten. Det var Krossmesse, 14. september. Elles blei førevegen nytta

til å dra heim høylass frå stulane. Når slatten heime på gardane var fullført, var det stulsslatten som stod for tur. Da kom karane til fjells. Høyet blei fylt inn i buer og sel, blei vel henta seinhaustes når telen hadde kome. Eventuelt kunne det bli frakta heim av hest med trug på godt snøføre på vårparten. Det var vanleg at dei da var fleire karar i følge, både for selskapet si skuld og for at dei kunne hjelpe kvarandre.

Det blei nok plukka molter til vinterforsyning, det blei fiska aure i tjønnar og vatn og lagt ned i fiskebuttar. Tømmer blei nok også ført frå fjellet og ned dei bratte liane som folk måtte gå opp. Djupe spor etter tømmerlunning frå århundrer attende kan ein framleis sjå når ein ferdast den gamle stigen opp eller ned mellom Skakktjønnlia og Åkre der fara etter folk og hestar framleis er godt synlege. Fann nyleg ein hestesko like vest for Ny sel. Det var eit sterkt minne om folk og fe på vandring.

## Og tidene endrar seg.

Langheistulane var i drift utover 1940-talet og til innpå 1950-talet. Stulsstelllet på Breivasstronda var i gang til 1960-talet, og nokre familiær hadde stulsdrift i tørkesomrane først på 1970-talet.

8-10 av bøndene i Gvammen hadde sett i gang med fellesseter på Gjuvsmoen i 1968, med moderne seterdrift og mjølkelevering til meieriet.



Karl Finkenhagen med nesa Liv Finkenhagen (frå Ulefoss) fører kløv til Lauvhaug.



*Utsyn mot Skinnarbu og Møsvatn. Utover 1920, -30 og -40 talet var det nok ferdsel til Skinnarbu frå Vrangetjønn. Truleg førde stulsfolka med seg stulsmat og handla med seg forsyningar dei trong attende. Ingebjørg (Mol) Svålåstugu har fortalt at ein sende utstyr frå heimen med buss til Åmotsdal. Dette fekk ein ført vidare med hest til Vrange-tjønn.*

Den første som var budeie der var Margit Asland. Saman med mannen, Hans, hadde ho også gått inn som andelshavar.

Dei neste tre åra var mor mi, Ingrid Hovde, budeie der. Ho hadde gutane sine med, og eg var med i to av åra. Seinare var det mange budeier som veksla på å vere der, like til bøndene slutta å vere mjølkebønder utover 1980-talet. eller slutta avhengig av alder, helse osv.

## Den smale stigen, den breie landevegen...

I det gamle bondesamfunnet var det strenge reglar for liv og levnad. Nokon var nok strengare enn andre. Det var mykje hardt arbeid og lite fritid for dei fleste. Hende vel at det var ein dans og få, ei samkome for dei unge. «Det er aldri lengre bergimellom enn at troll treffest!» er eit gammalt ordtak. Det var ofte unge folk som drog til stuls, det var kanskje på vegen til fjells, i buferda, at ei jente og gut kom i prat og avtalte eit lite stemne-møte.

Slik er nå livet. Ikkje minst er det truleg at å vandre innover fjellet folk og fe i lag, skapte sosial aktivitet. Det vart prat og venskap som kunne farge ein ellers litt grå kvardag. Ein kunne skape gode band av ulike slag. Men det kunne også ende med ei trette her som det gjer i dag, det skal ofte ikkje mykje til, dessverre.

Ein ting er sikkert, fjellufta gjorde folk godt. Hugsar mor mi sa det, da vi var på stulen, at det var så mykje lettare å arbeide i fjellet, alt gjekk så mykje lettare der. Det er rart å høre eldre folk som har vore på stulen i yngre år, dei pratar om den tida som den beste dei hadde. Og ja, da vi stod ein solskinsdag i juli 2019 og såg utover Vrangetjønnstulen og vatnet, da kan eg si vi var enige om at det var vidunderleg vakkert der inne. Men ein uversdag i regn og blåst, var det nok kaldt og surt for ein liten juring. Og superundertøy eller regntøy visste dei nok knapt kva var!

Vi på vår tur gjekk vidare over Store Langvasstødalen og Vesle Langvasstødalen og ned Måneliane og til Frøystul. Da var marsjen frå Breivatn fullført. Litt såre føter og støle ryggar, men like gode! Så sette vi oss rett ned på asfalten ved utgangen av hytteparken som Hydro har bygd der, venta på bil, og turen heim gjekk på grå asfalt!

## VEGEN

Det var så mykje  
å miste.

Det var så  
lang ein veg.  
Men eg måtte  
gå han.

Så gjekk eg  
alle dei små stega  
på min måte.

Og kraften  
fann eg fordi  
han låg att  
etter dei som gjekk.

(*Ingunn Hovde, 2010*)

## Kjelder:

- ◊ Gjertrud Kleveland Karlsrud: *Hjartdalssoga Band IIIB Gvammen*  
Hjartdal kommune 1998
- ◊ Munnlege kjelder: John Særsland, Olav O. Rue, Olav T. Øverbø/Solli,  
Anne Hardang Funner, Sverre Haugan, Thor Ole Flatland, Jan Kåre  
Finkenhagen, Hilde Marit og Espen Øverbø, Torgunn og Ingebjørg  
Opsal, Tora Rua Dokken

# Torkjell Sletta – detaljenes mester

av Heidi Fossnes Foto: Eva Brænd

---

*I magasinet Bunad nr.3 September 2011 finner vi en stor reportasje om Torkjell Sletta sitt store arbeid med tradisjonelt tekstilarbeid i Tuddal. Det er særlig arbeidet med brikkevevde hårband artikkelen tar for seg.*

*Vi har fått lov å gjengi artikkelen her med en del tilpasninger – godkjent av forfatter og fotograf. Vi kan også anbefale originalartikkelen i Bunad der en finner et større bildemateriale.*

*Vi vil også minne om at det var Torkjell og hans søster Gro som sto bak prinsesse Ingrid Alexandras hårbånd til østtelemarksbunaden hun fikk og brukte til konfirmasjonen høsten 2019. I arkivet til NRK kan en nå se innslag om dette arbeidet i programmet "Ingrid av Norge".*

---

I den lille, og relativt godt bortgjemte, bygda Tuddal i Hjartdal kommune i Aust-Telemark bor det en kar som lager så framifrå vakre hårband. – Dit burde dere ta en tur! var rådet vi fikk fra godt informerte telemarkske kilder. At bygda er kjent for å ha sterke kulturtradisjoner visste vi fra før. Som kjent både lever og virker den kjente felespilleren Knut Buen der. På kommunens nettsider leser vi at det er et rikt organisasjonsliv i bygda og at dugnadsviljen er stor. Dette er med på å styrke båndene mellom folk, hevdes det.

Bånd, ja! Det var de vi gjerne ville se. Ryktene forteller at de er spesielt fargerike og flotte, med vakre dusker. Dette høres ut som detaljarbeid helt



*Torkjell med et knippe av sine vakre vippbane. – Mor er mitt forbilde og jeg gleder meg når jeg skal veve bånd med fargene hun brukte: Rosa, rødt, burgunder og svart, sier Torkjell.*

etter vår smak... Og heldige var vi, som ble invitert hjem til Torkjell Sletta for å se båndene hans!

## Lærte av sin gamle mor

Torkjell forteller at han har holdt på med båndveving i ca 30 år.

– Ja, jeg begynte vel i 1979, det året mor døde. Hun var nok den siste blant familie og naboen som mestret teknikken med de flotte duskene i endene på brikkevevde bånd. Så det lå liksom over meg at det ville være veldig synd om denne teknikken forsvant med henne, sier Torkjell.

– Så bare kort tid før hun døde, fikk jeg lære meg kunsten å lage de fine duskene.

*Belte fra Reisjå, som er barndoms-hjemmet til Torkjells mor. Antakelig har både bestemor og oldemor brukt dette beltet. Det er svært velbrukt og forsterket med lapping. Men fargene er nydelige.*



Torkjell har jobbet 46 år i Hjartdal Kommune. 28 av disse årene som kommunekasserer. Mye stress og med arbeidsdager som kunne bli både 14 og 16 timer lange, gjorde at han følte behovet for å finne noe å kople helt av med. Så fikk han tips av ei venninne:

– Hvorfor ikke begynne med brikkeveving? Dette fikk han fort smaken på:

– Det er så fint bare å sitte og la tankene svive mens mønsteret trer fram i de fine båndene. Det har vært rene terapien for meg, sier Torkjell.

## Glad i farger

– Og så er jeg så glad i å bruke farger! Torkjell ler:

– Jeg går nok for å være ganske djerv med fargebruken. Jeg elsker å bolstre meg i alle de sterke, flotte fargene!

Han henter fram en kurv der små garnnøster ligger tett i tett og venter på å bli brukt i et av Torkjells bånd. Fargene stråler mot oss.

– Ja, det har ikke vært så helt enkelt å få tak i de aller skarpeste fargene. Denne rosa fargen her har jeg vært så heldig å finne hos Jane Boddy i Kragerø. Hun driver med vev og garn og skaffer meg mye fint! sier Torkjell og viser oss en skikkelig knallfarge. – Hun vet hva jeg er på jakt etter og tar kontakt hver gang hun har fått tak i noen nye, fine farger.

Torkjell forteller at han har fått mange nye venner og bekjentskaper i forbindelse med båndvevingen: – I fjor vinter fikk jeg besøk av en master-

gradsstudent som jobbet med temaet sokkeband, brikkeband og grindeband. Hun heter Ingunn Hovde og er tuddalsjente, men bor nå i Hjartdal. Bestemoren hennes vevde grindeband, og Ingunn vil gjerne følge denne tradisjonen videre, ikke minst tuddalstradisjonen.

Torkjell viser oss et eksemplar av oppgaven hennes, som heter «Med bandet frå fortida inn i framtida.»



*Torkjell Sletta holder seg til gammel tradisjon når det gjelder mønster og farger, men han har også laget nye mønstre. Han synes det er viktig å føre tradisjonen videre. Han prøver å ta med seg de som skal ha bånd på farge og mønstervalg, slik at det personlige kan komme fram. Han synes også at det er morsomt at tradisjonen med dusker i endene av båndene er hentet fram igjen, etter å ha vært borte en hel generasjon.*

– Vi hadde selvsagt mye å snakke om! Og vi har hatt et fint samarbeide, forteller Torkjell.

– Jeg har holdt en del kurs og foredrag om temaet også. Både her i Telemark og andre steder. Noen enkeltelever har jeg også hatt. Jeg synes jo det er veldig hyggelig at folk vil lære brikkevevsteknikken, slik at tradisjonen kan videreføres.

– På kurset hadde jeg med 15-20 forskjellige mønstre som kursdeltakerne fikk tegne av. Disse mønstrene kan jo varieres i det uendelige etter hvordan du setter sammen fargene. Ingen av båndene mine er helt like, sier han.

– Og det er det som er noe av moroa; å velge ut nye farger for hver gang.

Torkjell har fem permer fulle med mønsterprøver som kundene kan velge fra. For hver gang han leverer et nytt bånd, lager han en liten prøve som han setter inn i permen. Samlingen har etter hvert blitt imponerende!

– Mange synes det blir vanskelig å velge ut fargene til båndet sitt, og vil at jeg skal velge for dem. Men der sier jeg, nei! De må velge selv, for jeg vil at båndet skal være personlig, poengterer Torkjell.

– Hvert nye bånd er like spennende å begynne på. Det er det som er gøy. Det å sitte å lage flere like bånd ville ikke vært noe artig, og dette må være lystbetont, ellers gir jeg ikke, sier Torkjell lurt.

– Jeg er ganske dristig med fargene og det er moro når det kommer ungjenter sammen med mødrerne sine. De unge faller lett for de sterke rosa fargene, og sier at det har de lyst på. Men så hender det at mødrerne er skeptiske og mener at det blir altfor grelt. Men du vet, det blir noe annet når det kommer i bandet enn å se hele garnnøstet. Det kan være greit å velge hovedfargen fra beltet til bunaden, slik at det henger litt sammen, sier Torkjell.

– Men for øvrig oppfordrer jeg dem til å skalte og valte som de vil med fargene.

Båndene skal være ca 2,6-2,7 m lange. Endene i ryggen skulle synes godt, og helst gå ned til livet. Det var status med lange fine bånd.

## Klokkesamling

Vi legger merke til at den koselige stua til Torkjell er full av rariteter. På et framskap henger en hel samling med fine gamle dameur. Vi bemerker det, og Torkjell ler:

– Ja, jeg har samlemani, skjønner du!

Han forklarer at måten klokkene er hengt opp på, også er etter gammel tradisjon. De skulle gjerne vises fram. Han forteller oss også at det var kvinnene som hadde klokke. For det var de som skulle passe tida. Mannen trengte ikke klokke, for han arbeidet ute og fulgte sola. Det er først etter ca. 1850 at mannofika også begynte å bruke klokke. Og da brukte de samme slags lange klokkekjede som damene bruker rundt halsen. Dette er dokumentert på gamle fotografier. Senere kom det korte kjedet som bare går over magen. Det å ha fin klokke og kjede var status både for kvinne og mann.

På vårt spørsmål om hvordan klokka ble festet slik at den ikke bare hang og slang i klokkekjedet, forklarte Torkjell at den ble puttet innunder livet. Der kunne det gjerne være ei lita lomme på vrangen, som passet akkurat til klokka, slik at den lå stødig og godt.



Til venstre: Vippebånd med surrede båndender er typisk for Tuddal. Bånd med svarte dusker er mest brukt til beltestakk og til "stakk og liv".

Til høyre: Duskene tar opp farger fra båndene. Men Torkjell liker best å bruke kun en farge i hver dusk. Vippebånd med tvunnde ender skal ha vært mest vanlig i området omkring Sauherad og Bø.



Tre "Train-belter" fra Torkjells samling av gamle belter. Mari Train fra Hjartdal (1854-1924) var kjent for å bruke mange glade farger i beltene sine. – Jeg blir glad av å se på beltene hennes, og hun har vært en stor inspirator for meg, sier Torkjell.

## Lokale særtrekk

Vi ser at noen av båndene har fine surringer i endene ned mot duskene, mens andre har tvinning.

– Ja, det har blitt meg fortalt at båndene med tvinning ble brukt i Sauherad og Bø, men jeg tror at det også ble brukt lenger oppe i bygdene. Båndene med surringer, derimot, har jeg ikke sett andre steder enn her i Tuddal, bortsett fra et eneste ett i Tessungdalen i Tinn. Men det kan selvsagt også ha vært brukt andre steder, sier Torkjell.

Surringene gir en veldig flott effekt. De sorte duskene kan også ha surringer av gulltråd. Riktig lekkert! Bånd med svarte dusker brukes til beltestakk og til stakk og liv.

– Et av båndene jeg har sett med gullsurringer, var nok vevd mellom 1910 og 1920. Og hvor mye dette ble brukt tør jeg ikke si, men det var vel skaperevnen hos den enkelte som kom fram. Og kvinnene på den tida ville være fine de også! ler Torkjell.

– Båndet med gullsurringer som jeg fikk idéen fra, vet jeg er laget i Tuddal, forklarer Torkjell videre.

Duskene har hver sin farge, men bare én farge i hver dusk.

– Jeg blander ikke flere farger i samme dusk. Liker best når de er ensfargede. Dessuten har jeg ikke sett gamle hårbånd med flere farger i duskene. De var alltid ensfargede.

– Jeg har lært meg mange knep underveis, sier Torkjell og forklarer:

– For eksempel hender det jeg legger de to ytterste brikkene på hver side, jaren altså, samme vei. På den måten blir båndet litt stødigere. Og når båndet er ferdig legger jeg det en stund i godt varmt vann for å få ut stivelsen fra garnet. I motsetning til beltet, som skal være stift, skal båndet nemlig være mykt og føyelig og følge kroppens bevegelser, poengterer han.

– Hvor lang tid bruker du på å veve et bånd, da?

– Ja, hvis jeg er flink og vever hver kveld, så bruker jeg vel ca. en uke.

## Torkjells beltesamling

Men Torkjell har så mye spennende å vise oss. Han nevnte jo at han hadde samlermani.

Plutselig står en kurv full av brikkebelter på bordet. Han vever ikke belter selv, men har samlet mange, og viser oss både nye og gamle eksemplarer.

– Det er så artig; for jeg kan i de fleste tilfellene se hvem som har vevd beltet, sier Torkjell og legger fram tre belter.

– Se på disse. Alle tre er vevd av Mari Train, som levde i Hjartdal fra 1858 til 1924. Hun hadde en helt spesiell stil på beltene sine. Vi ser tydelig at de skiller seg ut fra mengden. Hun brukte også glade farger; mye gult og grønt. Mari har vært en stor inspirator for meg. Beltene hennes går bare under navnet «Train-belter», forklarer Torkjell.

– Jeg kunne ha lyst til å lage en minneutstilling bare med hennes belter, for de er så flotte, sier han entusiastisk.

– Det sies at alle hjartdalsjenter med respekt for seg sjøl måtte ha ett «Train-belter» til konfirmasjon og ett når de skulle stå brud!


## Vippebånd kontra ferdig vippe

Vi legger merke til at mange av båndene til Torkjell er gjort klar som ferdige vipper.

– Betyr det at de fleste som bestiller bånd har kort hår, eller er kunsten å vippe håret selv gått i glemmeboken? underer vi.

Torkjell drar litt på det:

*Torkjell sitter gjerne på kjøkkenet med båndvevingen. Veven er et ganske enkelt redskap som ikke krever mye plass.*



– Jeg tror faktisk at mange her i bygdene fremdeles kan kunsten. Men på den ene siden har du mange med kort hår, som av praktiske årsaker velger kunstig vippes. Og på den andre siden tror jeg noe av årsaken er at mange i vår generasjon husker eldre kvinner som gikk med hårvippe. Da føler de seg kanskje litt gamle med håret vippa. Så selv om de har langt hår, bruker de kunstige vipper. Men jeg prøver å oppfordre dem til å ha naturlige vipper. Det ekte er jo finest, synes jeg, sier Torkjell.

Vi sier oss enige. Og kanskje er det de unge som må dra igang en ny trend på denne fronten? De våger gjerne mer enn sine foreldre.


Torkjell forteller at det var Anne Bamle som i sin tid laget de første kunstige vippene.

– Mange har jo kort hår og da er det greit med ei slik vippes. Men jeg synes ikke de skal være for tykke. Derfor lager jeg dem ganske tynne. Det synes jeg er finest, forklarer Torkjell.

## Vevingen av vippeband

Vi blir med Torkjell ut på kjøkkenet der han har veven liggende. Et ganske enkelt redskap som ikke krever mye plass, og som er lett å ta fram når han har noen minutter til overs.

Rundt livet legger han et bredt bånd som er festet til en «hest» hentet fra en flatvev. Det gir stødighet. I hesten er den ene enden av renningen festet. Så har han festet den andre enden i en krok i veggen. Kniven han bruker til å slå til innslaget med er gammel og velbrukt. Den har han arvet etter sin oldemor, eller «langgommo», som Torkjell sier på tuddalsmål.



Til venstre: Torkjell i bunad med grøntrøye. Stoffet i trøya er både vevd og farget på hjemgården hans i 1928. Rosene på trøya er satt sammen av roser fra fire forskjellige gamle trøyer. Bunaden er sydd av Nils Flatland.

Under: I 2010 var Torkjell Sletta med på å arrangere en folkedraktutstilling på Tuddal Bygdetun. Her er han sammen med fra venstre Gro Sletta, Trine Kahrs og Anlaug Buen. Disse var medansvarlige for utstillingen.



– Den er så god å holde i og ligger så godt i handa, sier Torkjell og stryker over det glatte treverket.

Torkjell Sletta har vevd mellom 1 000 og 1 500 bånd. Et av de siste var til ei lita jente på 4 år, som ville vippe håret sitt til 17. mai i år.

– Hun har lovet meg et bilde, og det gleder jeg meg til å se! sier Torkjell.

## Grøntrøye med en spesiell historie

Torkjell viser oss også bunaden sin, som han er spesielt glad i. Det er Nils Flatland på Gvarv som har sydd bunaden, og den er sydd av stoff som både er vevd og farget på gården hvor Torkjell vokste opp. Stoffet ble liggende der i årevis før han kom over det. Han forteller oss at det er vevd i 1928, og at det kan være farget med urin, såkalt «potteblått».

– Ja, det skulle helst være urin fra et mannsfolk, og da gjerne etter at han hadde hatt seg en skikkelig rus, sier Torkjell og ler godt.

Han antyder også at den blå fargen kan ha vært brukket med farge av røsslyng, eller «bustelyng», som det kalles på disse kanter. Lyngen gir en gul farge, som blandet med den blå kan ha resultert i den grønnlige fargen.

Dette stoffet syntes han det ville være moro å få sydd seg en bunad av. Og det skjønner vi godt. Ikke alle er så heldig å komme over et stoff som både er vevd og farget på hjemgården sin.

Rosene på trøya er satt sammen av roser fra fire forskjellige gamle trøyer:

– De er kopier av rosene som Kolsru'n eller Kolbjørnsru'n i Heddal brukte. Han skal ha vært en av de første som lagde roser på trøya, og det sies at han sydde den første grønne trøya. Det sies også at det var storbøndene som hadde råd til farget stoff til trøya si. Fattigfolk måtte greie seg med naturfarget grått eller hvitt, forklarer Torkjell.

## Fargerik hobby – Hosebånd

Gro Sletta, søsteren til Torkjell, har også ting å vise fram. Hennes spesialitet er hosebånd. Hun lærte det av Torhild Barstad, mor til ei venninne, rundt 1985. Siden har hun hatt båndlaging som en hyggelig hobby.

Hun har også, som Torkjell, moren sin som inspirator. Så hosebåndene hennes er også svært fargerike, og har fine dusker i endene. Men i motsetning til Torkjell, så blander Gro fargene i sine dusker. Det stemmer også bra med tradisjonen. Det ble brukt flerfargede dusker fra gammelt av.

Gro hekler også hvite krager og mansjetter som var vanlig rundt 1980. De ble brukt på underskjorta til beltestakken, og da gjerne med en farget trøye eller skjorte utenpå.



*De fargerike hosebåndene frisker opp både på kvinne- og mannsbunder. At de er så fargerike mener Torkjell er noe som ligger til familien. – I yngre år var mor glad i skarpe farger, men etterhvert som hun ble eldre, ble nok fargene noe dusere.*



*Gro Slettas heklede blonder til bruk på fargelede bunadsskjorter. Heklede kraver og mansjetter ble brukt på underskjorta til beltestakken, og da med farget trøye eller skjorte utenpå. Gro og Torkjell antyder at dette kanskje hadde noe med ærbarhet å gjøre, men at de synes det er fint med den fine underskjorta. Dette kom rundt 1890, og seinere ble bare den fargelede trøya brukt.*

# Lutefisk på gammal måte

av Kari Haugen Skoland

---

Å turke kjøt og fisk er gammal kunnskap, men å bløyte turka fisk er også kjent fra gamalt av. I eit brev til Gustav Vasa i 1540 er lutefisken nemnt og nokre år seinare, i 1555, skriv erkebiskop Olaus Magnus i *De nordiske folkenes historie*:

Den tørre stokkfisken får ligge i sterkt lut i to døgn, så skyller den i ferskvann i ett døgn før den kokkes og spises. Den serveres med saltet smør og er høyt verdsatt, selv av konger!

Det er ellers ikkje lett å finne skriftlege kjelder her i landet på bruken av lutefisk, men det er nemnt at det blei servera lutefisk i eit bryllaup i Spydeberg i Østfold i 1770.



Tørrfisken er i hus og må i vatn.  
Legg heile fisken i ei balje, han må dekkast heilt med vatn.

Korleis ein kom på å bruke lut for å bløyte fisken veit vi ikkje, men når vi steller til lutefisk i dag, så er det på same måten som dei praktisera i hundrevis av år attende, vel å merke dersom du kokar luten sjølv. I dag er det vanleg å bruke Kaustisk soda. Det får meg til å tenke på målingsfjerning, så difor brukar eg bjørkeoske, men bøkoske skal visstnok vera best. Lauvved skal det vera når du lagar lut.

Å lage lutefisken sjølv er nok ikkje så mange som gjer i dag. For at ikkje gammal kunnskap skal gå tapt, vil eg her fortelje korleis eg har gjort det omlag 10 gonger, og hatt eit triveleg førjul-selskap med gode vener.

## Førebuingar

Kor skal dette foregå? Eg brukar kjellaren, der har eg ein kum på veggen rett under vasskrana og avløp rett i sluket. Det er viktig at rommet er kaldt.

Til lutinga har eg ei plastbalje. Omnen må vera rein før du fyrar med bjørk, berre bjørk i fleire veker. Og samstundes må du bestille tørrfisk. Eg likar når fisken er splitta, det vil seie dela i to filetar med ryggbeinet fjerna. Denne fisken er dyrare, men mykje lettare å arbeid med.

Når du har fisken i hus, kan du regne 17-18 døgn til lutefisken er ferdig. Utvatninga tek 6-7 døgn med skifte av vatn morgen og kveld. Eg tek av skinnet når utvatninga er over, startar øverst og dreg nedover. Nokon vil ha skinnet på.

## Oskeluta

Eg silar oska i eit grovt dørslag ned i ein plastikkpose. Tak oska, 2 liter i ein stor kjele, ikkje aluminium eller sink, tøm i 7 liter vatn og kok opp.

Vær forsiktig, bruk hanskar. Sett kjelen til kjøling og la den stå stille til neste dag så oska sekks ned.

Neste dag: Legg eit glasshandkle eller tynt stoff over ei rein plastbøtte, og fest handkle med strikk eller hyssing. Sil luta og vurder om du har nok lut, den skal stå over fisken.

Etter 2-3 døgn i luta, skal fisken i vatn i 2-3 døgn. Du må fylgje godt med og sjå til at tunnare delar av fisken, til dømes halen, ikkje blir for blaut.

Fisken forandrar seg mykje frå tørr tilstand til utbløytt og luta fisk. 1 kilo tørrfisk blir 2-3 kilo utbløytt fisk. Har du 2,5 kilo utbløytt fisk, blir det omtrent 2 kilo når du har flådd han. Og 2 kilo utbløytt, reinska fisk blir 6 kilo når han er ferdig luta.

Så må skinnet  
av. Ein må ta  
eit godt tak,  
det sitt litt fast.



Her silast  
oskeluta som  
nå er klar til  
bruk.



Her ligg fisken  
og godgjer  
seg i luta.





*Fisken må vatnas ut i  
reint vann etter at den  
her liggi i luta.*



*No er fisken klar for  
ein runde i steikeov-  
nen, bordet er dekt  
og gjestene kan  
kome.  
Artikkelforfattaren  
gjer jobben.*



*Etter ein lang prosess  
kan gjestene benke  
seg rundt eit festbord.  
Lutefisk har vori og  
er festmat særleg  
innunder jul – og i jula.*

# Servering og bruk av lutefisken

I min heim var det vanleg å bruke lutefisk til middag, oftast med gjester. Då blei den servera med ertestuing laga av tørre ertar, stekte baconbitar og ein fløtesaus med sterk tørr sennep og ein litt söt sennep, ringeriks- eller mandel potet. Eg lovar det smakar godt!

Her i Hjartdal er det mange som hugsar at fisken blei bruka saman med brød og ein kvit fløtesaus.

Det må nemnast at ikkje alle luta tørrfisken, men berre bløtte han og servera med kvit saus.

## Kjelder:

- ◊ Jan Otto Johansen: *Lutefisk-tradisjon-tilberedning-tilbehør*  
Teknologisk forlag 1997
- ◊ Erkebisop Olaus Magnus *De nordiske folkenes historie*. Roma 1555
- ◊ *Gyldendals store kokebok*. Oslo 1955

# Tradisjonar og fakta omkring Mons Landsverk og nokre av etterkommarane hans

av Leif Skoje

---

Mons Landsverk er ein saulending som verkeleg har levd – på 1600-talet. Det er spunne ein del segner omkring han, av dramatisk sort. Historiske kjelder kan berre fortelje oss lite om han, men dette er sentrale opplysningars.

## Kva kjeldene seier om Mons

På folkemunne har han gått under namnet Mons Landsverk, men han er i skattemanntala for 1686 og andre kjelder knytt til Øvstebø. Kona hans, Søve Kjetilsdotter, var derimot frå Landsverk.

Førenamnet var ikkje vanleg herover i den tida. Mons er ei forenkling av Mogens som vi i dag kjenner som eit typisk dansk førenamn. Kanskje var han av embets- eller militærfolk.

Det er under namnet Mogens Jonsen vi finn han i ei annan offisiell kjelde, nemleg ei tingbok frå 1687. Der står det at det har vore skifte etter Mogens Jonsen som er bortrømt. Han har rømt frå gjeld og tatt med seg ei "soldatmundering". Truleg er det svigerfaren på Landsverk dette har gått utover. Mons har tydelegvis ført eit dramatisk liv, noko som blir dokumentert enda tydelegare i den siste kjelda. I kyrkjeboka for Hjartdal står det frå 1689:

Mons Jonsen Øvstebø fulgt til Rettersteden.

Truleg var ikkje vegen til "Rettersteden" særleg lang for Mons. Det skal nemleg ha vore på Øvstebø at avrettingane skjedde i den tida. Garden låg på den haugen som seinare har blitt utgraven som grustak, og som nå er jamna ut til bustadfelt.

Dette er altså ramma omkring alt det som har blitt fortalt om Mons gjennom tidene. Dermed er det også sagt at noko av det som nå kjem, må takast med ei stor klype salt. Det vi likevel kan ta som sanning, er at historiane om Mons har gått slik på folkemunne i fleire hundre år..

## Kva Landstad fortel om Mons

For å starte med noko av det verste som denne karen blei skulda for, så kan vi gå til Landstads segner om "Hjartdølerne". I soga om Egdeungerne er det mykje dramatikk, og her er det Mons blir sagt å vere den som myrda den eine sonen til Lars Lind – Lars Larson.

Landstad fortel at da Lars Larsson skulle fri til den vakre "Hjartdals-sola", Margit Bekkhus, sette far hennar, Jesper, som vilkår at han først måtte tukte Mons Landsverk. Det var nemleg slik at Mons for det første hadde laga ei nidvise om Jesper, og for det andre hadde han snauklypt geitene og skore halen av hesten og hengt denne over bursdøra hos Bekkhusen. For det tredje hadde han late det ordet utgå, at den som fekk Margit ikkje skulle sleppe med liv og helse frå han.

Lars tok berre motvillig på seg dette oppdraget, men sidan det var einaste måten å vinne Margit på, så drog han til Landsverk. Der kom han fort i klammeri med Mons, og stakk han til slutt ned med ei sauesaks. Jesper var fornøgd, og snart blei det bryllaup mellom Lars og Margit.

Men så viste det seg at Mons hadde overlevd og kvikna snart til att. Omlag eit år etter bryllaupet, stod Lars og laga ei øltunne heime på garden. Da kom Mons overraskande på han. "Tvi vori Egden, som ekki betre soksi kan bruke!", sa han, og i det samme stakk han Lars i brystet så han fekk banesår og døydde straks.

I kyrkjeboka for 1709 står det skrive om Lars av presten Abraham Post:

1709. 8. Decb. in Laurentium Bekhuus, ferro occisum,  
parentationen habui.

Dette betyr: Den 8. Desember 1709 har eg halde liktale over Lars Bekhus, som blei ihelslegen med sverd.

Ser ein på dateringa av dødsfalla til Mons og Lars, ser ein straks at her er det ikkje samsvar. Bøheringen Halvor Nordbø (1893-1967) har i doktoravhandlinga si om ættesoger frå Telemark, nokså grundig avsanna



Hjartdalssola og Lars Larsson Lind.

Teikning av Svein Grue Carlsen i boka Gamle sagn om hjartdølene.

Boka er ei nyutgåve ved Hjartdal museumslag i 1985 av hjartdalsdelane i Landstads Ættesagaer og Sagn fra Telemarken frå 1924.

store delar av det som står i hjartdalssegnene til Landstad. Mellom anna fører han bevis for at det ikkje var Mons Landsverk som drap Lars Larson, men at det var ein frå Flatdal.

Men Landstad har nok rett når han fortel at Mons var ein kjempekar. Det var ingen som torde å gje seg i kast med han. Derfor meinte han at han kunne fare fram som han ville ustraffa.

Dessutan var han ein rik og mektig mann, men han hadde ikkje lyst til arbeid. Han satt gjerne inne og arbeidde med skinn eller gjorde anna lett arbeid. Stein og stuvarbeid ville han aldri ha noko med. Elles heldt han seg med mykje øl og god mat og åt reine gjestebodskosten både til kvar-dags og helg.

## Kva Tov Reisjaa visste om Mons

Det vi elles har av tradisjonsstoff om Mons finn på nokre avskrifter som har tilhørt Tov Reisjaa, og som han har fått av mellom andre Gunleik Mosebø i 1929.

Der får vi vite at Mons budde på Landsverk omkring 1700. Han var ein kjempekar og ein hard og samvetslaus mann. Dersom han ikkje fekk det som han ville, kunne han truge sitt igjennom på grunn av desse kjempekreftene sine.

Så blir det fortalt at ein gong han sat på Øvstebø og drakk i eit gjestebod, så kom han i snakk med ein som heitte Halvor Nuvre. (Nuvre var ein plass under Krosshus og låg nær garden Øyen, men det var i mykje seinare tid). Dei var noko tilårskomne begge to, for da dei etter kvart blei fulle, tok dei til å prate om gamle dagar. Halvor sa til Mons:

Ja, me har vore goe gutar sammen. Me har drokkje mangt eit rus ihop, o me har og gjort mykje vondt ihop, me har hora ihop og me har drepe ihop.

På dette reagerte Mons med å bli sint, og det enda med at han slo Halvor ihel. Det blei sagt at blodet var synleg over døra så lenge den gamle stugo på Øvstebø sto.

Hjartdalsoga har lita tru på denne historien. Og vi har ikkje annan dokumentasjon omkring Mons som drapsmann – eller dobbel drapsmann. Men sikkert er det at han blei dømt av med livet og halshoggen, truleg på rettarstaden ved den gamle allfarvegen på Øvstebø-haugen.

## Slekta etter Mons

I skriftene til Tov Reisjaa og Gunleik Mosebø står det ein del om etterkommarane til Mons slik det er fortalt i bygda. Men det er litt forskjellige versjonar i desse papira. I *Hjartdalsoga* har Gjertrud Kleveland Karlsrud rydda opp i dette:

Mons hadde ein son, Kjetil (1675-1766), som var like stor og sterk som faren, men godmodig og grei og aldri med på slagsmål. Han blei gift med ei Ingebjørg Kjetilsdatter og dei hadde fem barn: Sigrid, Torbjørg, Margit, Kjetil og Torkel. Desse budde på Landsverk.

Torbjørg blei gift med brorsonen til faren, Elling Herbrandson Skogen. Kjetil drukna i 1759. Ei dotter skulle ha komme til Hjartdal og ei annan til Seljord. På den måten skal både Kittil Flatland og Kittil Øverland vere namn etter Kittil Monsen Landsverk.

Torkel kom til å overta som brukar på Landsverk, men da var eige-domen overtaken av heddølar. Seinare greidde han å løyse garden inn att. Han var gift med Helge Levorsdatter frå Ned-Omnes og desse barna vaks opp:

Dottera Søvei blei gift med enkemannen Halvor Kjetilson Fosse.

Sonen Kjetil overtok Landsverk og blei gift med Turid Halvorsdatter Holla. Det var desse som sette opp loftet på Landsverk i 1795. Turid var enke og fekk ikkje barn med Kjetil, så det blei barna hennar frå første ekteskap som overtok Landsverk.

Anne, nesteldste dottera til Torkel, blei gift med Ola Pålson Koparviken som kjøpte ein Mosebø-gard, den nåverande Skrivargården.

Sonen Ola (sjå neste kapittel) var gift fleire gonger, først med Gunhild Hansdatter Skoje. Dei budde på Skogen og seinare på Sud-Mosebø som var Gunhilds arv. Ein annan son, Halvor, blei gift med Åshild Jonsdatter, og dei fekk feste på plassen Bekkhus under Mosebø av bror Ola.

Yngste dottera Ingeborg blei gift med Niri Halvorsen Bakka i Heddal. Ifølge Tov Reisjaa kom dei til å bruke garden Lie i Sandsvær (eller Sande) for Ole Mathiassen Kleppen. Men da Neri fort vekk stifta gjeld, kalla faren han heimatt og garden Lie blei selt. Neri fekk kjøpt eine halvparten, den har sidan vore eigedommen til etterkommarane hans.

## Ola Torkelson

Sonesons-son til Mons, Ola Torkelson (1771-1841), fekk lite etter faren, som var ein gjeldbunden mann da han gav frå seg garden til sonen Kjetil.

Ola måtte difor ut å tene for å skaffe seg utkomme. Såleis kom han til Hans Skoje og var der i fleire år.

Ola var ikkje stor, men svært velbygd. Han var flink, og blei godt lika av Hans Skoje. Han gjekk for å vere ei svær kjempe, men var godmodig og snill og laga aldri uvennskap.

Da Ola hadde tent på Skoje i tre år, forlova han seg med dottera Gunhild. Da Hans fekk vite dette, blei det slutt på vennskapen. Tidlegare ville ikkje Hans ha slept Ola frå seg for nokon pris, men nå måtte han flytte frå Skoje. Han reiste til plassen Skogen ved Omnesfossen. Der budde han og dreiv ein del med skreppehandel.

Forbindelsen mellom Ola og dottera var det ikkje lett for Hans Skoje å få oppheva, for omlag eit år seinare flytte ho også til Skogen utan å spørje faren om lov. Av dette blei Hans så harm at han bestemte seg for aldri å komme i huset deira.

Dette heldt han ei god stund. Men etter eit års tid kom Hans, som også var eigar av Søndre Mosebø, i prosess med ein Gullik Lammedalen. For å få avgjort denne, skulle Hans og Gullik møtast på Krosshus i Sauland, der det den gongen var gjestgjevarstad og brennevinshandel. Der møttes dei, og for å føre saka så måtte det brennevin til ...

Resten av historien manglar i avskriftene til Tov Reisjaa, men Halvor T. Mosebø som var direkte etterkommar av Ola Torkelson, meinte at slutten på historien er slik at Hans Skoje måtte be "svigersonen" Ola om hjelp, da denne hadde eit godt hovud og god greie på "jussen" i tida. Det enda dermed med at Ola hjelpte Skoje-bonden til å vinne saka, og dermed var truleg vennskapet gjenopprettat for framtida. Dermed er det også naturleg at Ola og Gunhild fekk overta Mosebø som var i Hans Skojes eige.

Etterkvart ser ein at ætta etter Mons Landsverk er spreidd utover i mange slektlinjer både i Sauland og i nabobygdene. Det er nok ikkje få personar i dag som utan større vanskar kan søke seg attende og dokumentere at dei er etterkommarar av denne markerte skikkelsen i bygda på 1600-talet.

## Kva folketeljingslistene frå 1801 kan fortelje

Etter at *Hjartdalsoga* kom ut, er det enkelt å følge slektlinjer. Likevel gjev det ei enda nærmare kjensle av historia om ein tek for seg dei såkalla primærkjeldene, som kyrkjebøker og folketeljingar. I dag er mykje av dette tilgjengeleg på internett. Her skal vi begrense oss til å sjå på ei kjelde som er grei å arbeide med, nemleg folketeljingslista for 1801.

Her les vi at på garden Landsverk i Sauland så bur enkemannen Torkel Kittilsen. Han er 74 år og "opholdes af gaarden".

Husbonden på garden er sonen Kittil Torkelssen 38 år, gift med Thuri Halvorsdatter på heile 64 år. Ho har eit anna ekteskap bak seg, og fire vaksne born som også bur på garden. Kittil har ikkje eigne barn.

Vi får også vite at plassen Skogen ligg under Landsverk, og der bur nettopp bror til Kittil, husmannen Ole Torkelssen på 28 år, gift med ingen andre enn "Gonil" Hansdatter (Skoje) på 24 år. Dei har sonen Hans på 3 og dottera Helge på 1 år.

På plassen Ødegaarden, også under Landsverk, er det ei 22 år gammal tenestejente som heiter Ingeborg Torkelsdatter. Vi tek vel ikkje mykje feil om vi meiner at dette er den yngre systera til Kittil og Ole, som ennå ikkje har møtt Niri Halvorsen Bakka.

Går vi så til nabogrenda Fosse, ser vi at på ein av gardane der bur eldste syster Søvei Torkelsdatter, 44 år gammal og gift med Halvor Kittilson Fosse på 58 år. Begge er i sitt andre ekteskap og har ei stor samling av "mine, dine og våre barn".

Den tredje systera Anne, finn vi som kona til Ole Paalsen. Ho er 40 år gammal, og dei har fire små barn. Dei bur ikkje i Koparviken lenger, dei har blitt husbandfolk på ein Mosebøgard.

På plassen Bekkhus under Mosebø finn vi så den siste i syskenflokkjen, Halvor på 27 år. Han er gift med Aasil Jonsdatter på 40 år, og dei har to små barn.

Tov Reisaa's skrifter sa altså at Ola fekk Mosebø i arv frå svigerfar Hans Skoje, for deretter å gje den tilliggande plassen Bekkhus til broren Halvor. For å få dette til å stemme, må vi kalle det forskot på arv. Gunhild og Ola brukte Mosebø frå 1801, og da levde Hans framleis i beste velgåande på Skoje. Ein direkte etterkommar av Hans er forfattaren av denne artikkelen, som også er direkte etterkommar av Mons gjennom Ola Torkelson.

Med dette er både Mons og mange av etterkommarane hans vel plasserte i historia.

*Alle kjelder er nemnt i teksten. Ei tidlegare utgåve av artikkelen blei publisert i Kontaktblad for Hjartdal historielag nr.11 1993.*

# Hjartdalsguten Toralf Djupedal – frå barndom til jobb

av Therese Djupedal

---

*"Min familie i historisk lys" har vore eit prosjekt ved Notodden videregående skole i mange år, der elevar har prestert svært mykje verdifull historie, oftast av lokal art. Fleire av desse skuleoppgåvene har blitt årboklesarane til del.*

*Oppgåva her er interessant da ho i stor grad skildrar oppvekst i ei hjartdalsgrend i tidleg etterkrigstid og framover. Rart nok har vi ikkje hatt mykje frå denne tida tidlegare, sjølv om stoffet burde vere lett tilgjengeleg. Det er så merkeleg fjernt og likevel nært i tid.*

*Artikkelen er altså opprinneleg laga som ei skuleoppgåve og vi har som vanleg i slike tilfelle, i forståing med forfattaren, omarbeidd teksten ein del for årboka. Nokre kommentarar frå Toralf i ettertid har også vore med på å fullføre artikkelen.*

---

Toralf Djupedal er bestefaren min. Ein av grunnane til at eg valde å skrive om han, er at han var lett å få tak i, og var villig til å fortelje si historie til meg.

Eg ville vite meir om oppveksten hans, og sidan vi begge er født og oppvaksne i Hjartdal, så passa dette meg fint. Eg har fått lære meir om korleis det var å leve etter andre verdskrig, og korleis leveforholda var, jobbmuligkeit og det å vekse opp i bygda her.

Det har vore gøy å bli enda betre kjend med bestefaren min.

## Barndom og oppvekst

Toralf Djupedal blei født 23.05.1944 på Bergsluten i Hjartdal. Foreldra budde der fram til 1945 og flytta da til Sopanstad i Gvammen der Toralf har vaks opp og budd resten av livet.

Foreldra heitte Gunvor og Harald Djupedal, og dei førebudde Toralf på vaksenlivet. Gjennom barndommen lærte han folkeskikk, og å lyda. «Plukk opp leikene dine!» sa foreldra. Dette kom godt med seinare da Toralf var i militæret, der ein også må adlyde andre.

Han budde på ein gard, der det var normalt at kona var heime og passa garden, mens mannen var ute for å jobbe. Foreldra til Toralf treftest ikkje like ofte som foreldre gjer i dag.

– Kvar helg når faren min kom heim, var foreldra mine som eit forelska par kvar gong, fortalte han meg.

Toralf brukte mykje tid hos tanta si. Der kan han hugse at han fekk jordbær. Ho dyrka jordbær i hagen sin, noko som ikkje var så enkelt i Hjartdal. Toralf åt og åt og grisa mykje jordbær på seg.

Han hugsar det som positivt at han måtte vere hos tanta si. Tanta hadde ikkje barn sjølv, så det var veldig åreit å få "låne" barna til søskena. Nå for tida er det ikkje så vanleg at søsknen lar barna sine sove hos kvarandre. Det er heller vanleg at barnebarna er på besøk og overnattar hos besteforeldra sine.

Det å vekse opp like etter krigen var greitt, fortalte han meg. Han samanlikna det som fanst før med det som finst nå. Han hadde mindre med leiketøy og maten var annleis. Barn hadde meir fysiske ting å gjere, men det var mindre å rutte med enn nå til dags. Da det var mindre med leiker, var han meir saman med venner.

## Krigen – framleis levande i minnet

Da Toralf blei fødd var det eit år igjen av krigen. Den andre verdskriga var før Toralf sin sin bardom, men veldig levandes for ungar med "lange" øyrer langt utover 1950-talet.

Arne Hardang har skrive om ein russisk flyktning i «Årbok for Telemark» 1991. Dette var ein historie som var velkjent i grenda etter krigen. Arne gjekk på skule på Notodden og fekk vite om russaren. Siste søndag før jul stappa han ryggsekken full og drog til fjells saman med ein underofiser og fekk møte han. Arne Hardang skriv at russaren kom til Hjartdal hausten 1944. Han hadde flykta frå tysk fangenskap og heitte Michail

*Toralf Djupedal. Buksa han har på er restar  
frå ei bukse etter faren.*



Topalo og var landbruksingeniør frå Sovjet. Han hadde funne ein plass som heiter Temresdokkje (Tømmerdokka) der det var ei gammal bu eller sel som det var høy i.

Dagen etter besøkte han John Opsal som budde i ein av dei øvste gardane i Hjartdal Han tok kontakt med Gunleik Øverbø og saman jobba dei for å gøyme russaren gjennom den kalde vinteren. Gunleik var nemleg eigar av Temresdokkje. Russaren fekk ytlegare to til han kunne vende seg til, Olaf Åkre og Johannes Strand. Michail blei flytta til Bjørndalen som var neste opphaldsplass. Han hadde masse av mat, og det betydde at fleire i bygda visste om han.

Det var enda tyske fly over dalen og Michail var redd dei skulle oppdage røyk frå selstaket. Olaf og Johannes starta straks med å mure opp ein heller eller jordgamme like nedanfor Kaldal.

- 8. mai fortalte Olaf til Michail at tyskarane hadde kapitulert.
- Det kan eg ikkje tru, svara Michail.
- Kom ut og sjå! smilte Olaf. Dei såg det norske flagget i vinden på gardane rundt seg og nede i dalen.



*Her er familien Djupedal.  
Frå venstre: Toralf, Gunvor, og  
Harald med Olav på armen.  
Nede i høgre hjørne ser vi litt av  
ein heimesnikkera gyngehest.*

Toralf fortel: Olaf Åkre hadde mura ein romsam "jordhole-bunker" for motorsykkelen og andre ting han ikkje ville at tyskarane skulle få tak i. Denne låg i ein tjukk skog nordafor øvre Kaldal, men ein snau kilometer vekk frå garden vår. Hit blei Michail flutt på slutten av krigen, derav "russerhytta". Eg trur han var ukrainer. Sykkelen måtte ut. Senga var av "setermodell", bordet ei ganske stor margarinkasse. Me fekk ikkje ha fyr, men eg trur det kunne fyrast.

Me dreiv etterbruk av krigsminna i grenda. Hytta var intakt til midt på 50-talet og egna for småsoldatar, ja til og med små rømlingar for noka timer. Det er litt skummelt å tenke på nå etterpå at taket råtna og datt inn med stein oppå.

Me fann to trær med tennpluggar. Pluggane hadde vore antennе-isolatorar til illegal radiolytting.

Jordholur-kjellarar har vore mykje i bruk før, ja til og med som nødboleg. Jordkjellar var av og til brukt parallelt med dei fyste kjøleskåpa.

## Brorkjærleik

I 1947 var Toralf 3 år og da fekk han ein lillebror som heitte Olav. Dagen han skulle bli storebror, var mora inne med jordmora. Ute på gardsplassen vandra han og faren fram og tilbake for å vente på det lille barnet. Toralf venta spent på å få nokon å leike med, men da endeleg babyen kom,

så kunne han ikkje leike med han. Da blei han skuffa og fortalte faren sin at jordmora kunne ta med babyen. Han ville ha nokon å leike med, ikkje ein skrikande unge.

– Kva gjorde du og broren din saman? spurte eg.

– Spør heller kva me ikkje gjorde, fortalte han meg og lo. Dei gjorde alt saman. Dei krangla også, som vanlege søskene gjer. Dei fekk ikkje lov til å slå kvarandre med gjenstandar, men klorte og lugga sjølv om det heller ikkje var lov.

Det var alltid synd på den minste, dette fekk Toralf kjenne på. Når han var aleine hos tanta si, så hadde han andre leiker der, desse let han vere hos ho og tok dei ikkje heim. Da visste han at dei måtte delast med lillebroren Olav.

– Ein må være litt egoistisk for å vere glad i andre, seier Toralf. Han delte ikkje med seg. Når han hadde fått litt sukkertøy så heldt han det for seg sjølv. Han sa ingenting før han blei oppdaga.

## Aktivitetar på gamlemåten

På denne tida blei det produsert lite leiker i Noreg. Det blei heller produsert våpen under krigen, i staden for leiker til barna. Det han leika med var for det meste laga av tre, eller så var det heimelaga. Gyngehestar var det vanskeleg å få tak i. Her måtte faren snikkere hesten sjølv for at ungane kunne ha ein.

Da Toralf var liten gjekk han inn på kjøkkenet til mora si for å sjå om ho hadde spennanes leiker. Han fann symaskina hennar og byrja å leike med den. Med tida så blei han ganske god på å sy, og han seier sjølv han er betre enn kvinner på hans alder til dette idag.

Han likte å vere fysisk aktiv også, likte å leike i trea, der han bygde husker og hytter. Det var ganske korte dagar, barna syntes dagane burde vore lengre. Ein spesiell aktivitet som han hugsar, var å stå "freestyle" på ski i måneskinn. Dette var noko gutane gjorde. Dei tok ei jente kvar på ryggen når dei stod på ski, dette var ein gammal skik for at jentene også fekk vere med. Ein annan leik var å vrenge ei blåklokke utan å øydeleggje ho. Dette var spesielt jentene betre i. Her trong ein fysiske ferdighetar. Toralf var ute for å fiske og kjørte båt også.

Det var mykje betre «bilde» før. Da var bilda på radioen og ikkje på barne-tv. Opplevinga frå barnetimen var spesiell, der kunne ein sjå for seg figurane til Alf Prøysen i hovudet. Nå til dags er bilda ferdiglagta og det er ikkje den same opplevinga.



Rasjoneringskort var i bruk også ut i 1950-åra.

Heimeavla tobakk frå Larvik kosta 4 kroner.

## Matvarer

Da den første sjokoladen kom til Noreg etter krigen, var bestefaren til Toralf kjøpmann og slik fekk han kjennskap til Lohengrin-sjokoladen.

Toralf var veldig glad i eple. Han hadde eplehage heime og åt mykje av denne frukta. Da bananen endeleg kom tilbake i butikken, var han skeptisk til denne blaute frukta. Han likte betre eple frå hagen.

Kvikk Lunsj blei lansert av Freia i 1937. Sjokolade med "flatbrød" var noko nytt.

Poteta erstatta det meste og hadde mange kaloriar og var rik på B- og C-vitaminer. Når den ikkje strakk til, måtte ein bruke kålrot i staden for potet.

I 1940 var det viktige forbruksvarer i Noreg som det blei mangel på. Dei fleste av varene blei rasjonert gjennom dei neste fem åra. Folk fekk tildelt rasjoneringskort, men kvoten var ganske så liten. Myndighetene fekk brev frå enkeltpersonar, bedrifter og andre som søkte om å auke tildelinga av nærings- og nyttlesesmidler.

Prisane var annleis. Det blei ikkje importert tobakk til Noreg, så dette blei laga her i landet. Heimeavla tobakk frå Larvik kosta 4 kroner. Brød på butikken kosta 98 øre. På grunn av prisforskjellen frå da til nå, har Toralf vanskeleg for å betale i kassa fordi prisane har forandra seg veldig. Eit brød i dag ligg på 40 kroner. Ikke rart mannen får sjokk av å sjå kvitteringa!

## Byttehandel

Det blei brukt rasjoneringskort lenge etter krigen. Dette hugsar Toralf mora og faren hans brukte. Mora sparte på brennevinskort ho fekk tildelt, og bytta dei mot barneklærkort som ungkarane på nabogardane hadde. Dette funka fint som delingsøkonomi.

Toralf blei med faren sin ned i butikken for å handle varer, der tok butikkmannen kortet og klipte i det. Barnekleda til Toralf og broren Olav kom for det meste frå nabokarane sine rasjoneringskort. Det blei bytta rundt ulike kort på gardane. Dersom nokon ikkje trøng eit kort, kunne dei bytte det mot eit anna som ein nabo ikkje trøng. Her var det altså byttehandel på gong.

Når faren hans kom heim med skitne og øydelagde klede, tok mora til med å øydeleggje dei enda meir og sydde kleda om til små barnekleda til Toralf og broren. Barneklær blei opp til oppfinnsomheta, stoffbitar måtte utnyttast. Buksa som Toralf bruker på bildet side 51, er ein bukserest etter faren.

Under krigen blei det sendt klede til folk i Noreg frå USA. Ein av nabogutane fekk ei jakke, og denne fekk Toralf lov til å låne. Kleda gjekk på rundgang rundt på gardane. Etter krigen var det forventningar til Marshallhjelpa, men Marshallhjelp var ikkje for mor og barn sa gardkjerringane.



Gvammen skule øvst i bildet. Bildet er frå 1964. Garden Dalen i framgrunnen.

Det blei også bytta ferdigheter, fagkunnskap og arbeid. Mora til Toralf plukka bær med ei hand veldig sakte, nabokona plukka med to hender dobbelt så fort. Her hjalp dei kvarandre. Faren til Toralf dreiv med bondearbeid, og ei jente på ein gard kunne lage god ost. Faren drog til jenta for å hugge ved og han fekk heimelaga ost frå ho. Her var det mykje byttehandel å velje mellom.

## Gjetargut

Foreldra dreiv med kyr og sauer. Toralf opplevde gardsdrifta på 1950-60 talet. Han leika med dyra og aka nedover jorda.

– Når du har det moro er det gøy med barnearbeid, sa Toralf om at han var med og hjalp til på garden.

Han var ein gjetargut og visste ikkje kva det var å kjede seg. Som gutunge hadde foreldra ei seter oppe i fjellet. Det var 7 km ned til butikken, og dit drog han for å kjøpe seg ein is. På veg opp mot setra stoppa han på vegen for å bade i ein kulp han fann.

Å leike med "kupistol" var noko Toralf likte å gjere. Når han var ute med kyrne, la han seg ned på magen til ei av kyrne. Der tok han tak i spena for å sprute ut mjølk. Når det kom byfolk til bygda hadde Toralf det gøy. Han la seg bak kyra og gjørte seg, og når det kom ein gåande forbi spruta han dei rett i fleisen.

Han hadde mange venner blant kyrne og sjølv om han var venn med dyra, kunne han likevel ete dei seinare.

## Skulelivet

Toralf gjekk på Gvammen skule i Hjartdal. Det var ein liten skule med få elevar. Det fantes ikkje mobbing på skulen. Lærerane var med i all aktivitet og leik, før skulen også. For å forhindre mobbing så må det bli undervist om det. Måten dette blei gjort på da Toralf gjekk på skulen, var at lærarane deltok i aktivitetane. På grunn av dette hadde ingen sjans til å mobbe kvarandre. Det var samhald mellom elev og lærar. Lærarane var med på leiken. Læraren var som ein unge, eller trakk elevane inn i vaksenlivet.

"Jentelus" og "guttelus" var noko ein kunne få på skulen om ein gut leika for mykje med jenter og omvendt. Jentene var redde for guttelus, og gutane var redde for jentelus. Toralf hadde vore uheldig og fått jentelus på ei lue han hadde brukt på skulen. For å få den med seg heim, fann han ein pinne. Så gjekk han heim med lua på pinnen framfor seg og gav den til mora si så ho fekk vaske vekk lusa.

I 1949-50 blei det bygd ei badstue bak Gvammen skule. På den tida var helse "in", ein skulle ha det bra. Elevane var inne i badstua i 90 grader og så gjekk dei ut og rulla seg i snøen.

I 1951 kom det ein ny tellemåte på skulen. Ein og tjue blei endra til tjueein. Toralf bruker den gamle tellemåten. Og det er det fleire eldre som fortsatt gjer.

Toralf måtte gå til skulen. Det var ofte mørkt, men han var ikkje redd.

– Mørtn var ikkje noko skummel, fortalte han meg. Sonen til Toralf, Odd-Helge Djupedal, som er min far, var ute og leika i mørket om kveldane. Han var heller ikkje redd. Eg gjekk på same skule som bestefar. Og når det var mørkt ute var eg ikkje redd. Det ligg nok til familien.

Etter folkeskulen gjekk bestefar på middelskulen eller det som seinare heitte realskulen på Notodden. Der hugsar han den eine fysikklæraren underviste om metanol og alkohol:

– Får du metanol i kroppen, så drikk mykje alkohol etterpå. For metanol er maursyre i magen, og da dør du. Så bare drikk mykje alkohol.

## Ungdomsåra

Toralf meinte at foreldra hans var dumme da han var i tenåra, men kven tenker ikkje sånn i den alderen? Som 12-13 åring fekk han sin første sommarjobb. Faren hans hadde fått ein slåmaskin som han fekk bruke. Folk frå gardane omkring fekk vite at Toralf frå Sopanstad hadde ein slåmaskin. Da fekk dei han til å komme for å slå. Ut av dette tente han pengar, like mykje som faren sin. Toralf trong ikkje betale skatt og avgifter, så derfor fekk han like mykje. 12 år gammal snikkera han låvedøra på Sopanstad.

Som liten hugsar han at han måtte lære eit salmevers i veka. Han kunne ikkje synge, og ville ikkje prøve heller. Det fantes berre tragiske barnesongar. Han plagast enda over det. Føler seg "som tytteinbær, like lettørort".

Da Elvis blei populær, hørte han på det. Men han forlot Elvis til "hestepop". Hestepop er namnet Toralf bruker for ordet country. Hank Williams og Hank Snow kallar han for ordentleg country. Countryen var meir melodiøs på den tida.

Buddy Holly, Elvis, Stones og Beat-less var artistar som jentene digga, dei var meir interessert i dei enn gutta. Beatles kallar Toralf for Beat-less fordi han meinte dei var taktlause.

– Dersom eg henter fram VG-lista frå 1965, så kan Lisbeth nynne på nokon av dei.

Lisbeth er kona til Toralf.

## Ut i jobb

Som 18-åring var han ferdig på skulen. Han fekk ein jobb i ein butikk, men fant fort ut at dette ikkje var noko for han. Han hadde lyst til å jobbe på anlegg, for da tente han like mykje som ein lektor på skulen. Dermed gav han blaffen i studiane.


Han fekk tilbod om å jobbe i Finnmark, der fekk han både jobb og hus. Mange ungdommar drog til Alta for å få seg ein jobb. Dei drog oppover til der det var kjentfolk. Ei frå Langåsdalen i Hjartdal drog dit, men kom ikkje tilbake. Ho hadde fått seg familie der.

Toralf var der i 20-årsalderen. Han var murar, kelner, snikkar og nattevakt. Han var villig til å prøve kva som helst. Midnattsola var ei stor plage. Butikkane var ikkje opne om dagane før klokka 11, fordi folk var oppe heile natta. Toralf likte å sove, så han prøvde så godt han kunne å skjerme for vindauge, men det var folk som snakka høgt gjennom heile natta.

Etterkrigstida handla om å bygga opp igjen verden og Noreg.

– Det var arbeid å få rundt kvar busk.

Folk trong arbeidara for å få Noreg på plass att, det var masse av ledige jobbar å få. Generasjonen som kom etter, syntes det var snakk om



Her ser vi Tinfos Jernverk på Notodden i 1970-åra. Frå høgre anlegg 3, anlegg 2, og anlegg 5, der Bok og Blueshuset ligg i dag.

mykje jobbing. Toralf fortalte at mi farmor Lisbeth Djupedal, hans kone, fekk sin første jobb som 15-16 åring.

På 2000-talet fekk ein ikkje lenger jobb like fort som i etterkrigstida. I dag får vi jobb etter utdanning. Dersom du ikkje har ei utdanning så får du ingen jobb. Du treng ferdighet for å få jobb i ein bransje idag. Før i tida trong ein ikkje denne utdanninga. Da lærte ein seg arbeidet i jobben og det tok ikkje lang tid før Toralf lærte seg systemet på jobb.

## Tinfos

Han har vore i nesten heile Noreg for å jobbe. Han har jobba i Røldal, Alta, Karasjok, Lillehammer, Oslo, Drøbak og enda fleire stader. Det var viktig å vere mobil. Han flytta etter lønninga, ikkje fordi det var morosamt. Det var viktig å tene mykje.

– Det er heime du lever, sa han og flytta heim til Hjartdal og starta å jobbe på Notodden. Dette var på tida da barna hans starta på skulen, så han fekk med seg skulegangen deira.

Tinfos Jernverk AS blei oppretta på Notodden 22. desember 1910 på grunn av vannkraft frå Tinnefossen som kunne brukast til strøm. Fabrikken produserte ferrosilisium, som var ein type råjern basert på lokal kvarts. Det fantes kvarts ved Heddalsvatnet som blei brukt. Seinare blei det laga jernprodukt som ferromangan, silikomangan og silisiummetall.

Rundt 1970 starta Toralf med å smelte jern på Tinfos Jernverk. Tinfos hadde god lønn. Alle kom til Notodden der det var jobb for alle. Både Hydro og Tinfos hadde mange arbeidsplassar.

Der Bok- og Blueshuset står i dag har det vore ein smelteomn i Anlegg 5. Toralf tappa 10-15 tonn flytande jern frå smelteomnen og brukte ei kran for å frakte jernet vekk etter at det hadde størkna.

Han jobba 35-40 timer i veka, men ville helst ha fri på fredag og laurdag så han kunne kome heim til familien og vere med dei.

For å komme seg til jobben så kjørte han saman med andre som skulle utover. Det var fem frå Hjartdal som jobba på jernverket. Ein sjåfør og fire sovande kom seg på jobb. Dette reduserte reiseutgifta. Det var berre flaks at så mange frå Hjartdal jobba på same plass. I dag er det lite felleskjøring, som oftast reiser folk aleine på jobb.

– Det var spesielt med Tinfos. Det var eit unikt samhald. Det var også alkisar som fekk jobbe der.

Han hugsar ikkje om noko mobbing på arbeidsplassen. Berre litt harmlaus anleggshumor. Ein nyansatt kunne bli beden om å hente vakuum,



Sopanstad 1964. Flyfoto frå Widerøe.

eller sleggefett på lageret. Ein lagerekspeditør hadde blåfarge i ei vassbytte, vakuum var blått etter den dag.

Toralf jobba på Tinfos Jernverk frem til nedlegginga i 1986. I november hadde Tinfos Jernverk bokført underskot på 26 millionar siste halvårsrekneskap. Lagra hadde hopa seg opp på grunn av svikt i marknaden. 400 ansatte fekk lese om permisjonsvarsle i avisene. Ingen torde å snakke om nedlegging direkte, berre det å sjå meldingar i avisene var alvorleg nok. Veka etter starta arbeidarane å dra heim for godt. Fredag 21. november var det heilt stille. Alle var borte frå jernverket.

I 1982 måtte 200 mann forlate Anlegg 4 på Nesøya. 19. november 1986 blei siste omn i Anlegg 5 tappa, og straumen blei skrudd av. Ei historisk bedrift var nå blitt historie.

## Venner på jobben

Toralf hadde venner på jobben. Etter at Tinfos blei lagt ned, møttes dei på Tuven og spelte, men disse automatane er også borte nå. Når dei møtes på butikken i dag, så nikkar dei til kvarandre. Han hugsar dei alle. Når dei tar seg tid til å snakke med kvarandre så får dei munndiare. Det er mykje å snakke om, spesielt om det som hendte på jobb.

– Dersom Tinfos Jernverk fantes nå, ville du jobba der da?

– Ja, det ville eg. Det var ein grei arbeidsplass. Eg jobba i 15 minutt og

venta på neste tapping i to timar. Når eg venta blei det mykje surpreik av det, og vi kverulerte på unødvendige ting. På grunn av all den ventinga har eg lært meg å kverulere på alt mulig i dag.

Etter det eg har fått høre av bestefar har han hatt ein annleis oppvekst enn min eigen. Han hadde annleis leiker, og mykje færre enn det eg hadde. Å vekse opp på 1940-50 talet var hardare enn idag. Det var ikkje like bra med mat, klede og helse på den tida. Vi kan sjå at Noreg har forandra seg.

## Kjelder

- ◊ Intervju med Toralf Djupedal i januar og februar 2016
- ◊ Trygve Nes: *Kjempen som falt og ikke reiste seg mer*  
Artikkel i Årsskrift 1996 Notodden historielag
- ◊ Ole Holta: *Tinfos Jernverk 100 år*  
Artikkel i Årsskrift 2011. Notodden historielag
- ◊ Svein Vetle Trae: *Skriften på veggen*. Hjartdal historielag 1995
- ◊ Riksarkivet, Arkivverket ([arkivverket.no](http://arkivverket.no))
- ◊ *Store Norske Leksikon* ([snl.no](http://snl.no))
- ◊ Wikipedia ([no.wikipedia.org](http://no.wikipedia.org))
- ◊ NRK ([nrk.no/vestfold](http://nrk.no/vestfold))

# Tante Anne i Amerika

av Anne Haugen Wagn

---

Anne Kåsa fra Hjartdal er en av flere tusen hjartdøler som emigrerte til USA. Hun kom til å reise i den siste store puljen av emigranter fra Norge til Amerika, som varte fra 1920 til 1929. Anne reiste i 1925, hun var 48 år gammel og ugift. Livshistorien hennes er ellers typisk for mange norsk-amerikanere. Gjennom brev kommer lengsel til hjemlandet til uttrykk. Om arbeidsliv, framskritt og strev i det nye landet, om tilknytningen til det norske, men også den langsomme assimilasjonen til en amerikansk identitet.

Fra 1921 startet USA å stramme inn på emigrasjonstrafikken fra Europa, av flere grunner. USA fikk nå en veldig økning av innvandrere fra Øst- og Sør-Europa. Ei økonomisk krise var i emning, og president Calvin Coolidge innførte begrensninger på innvandringa. Denne siste utvandringsbølga fra Norge, fra 1920 til 1929, førte likevel til at 88 520 nordmenn emigrerte. Toppåret var i 1923. Om lag 8000 andre norske emigrerte sammen med Anne fra Hjartdal i 1925.

Anne Johannesdatter Kåsa ble født i 1877 på gården Kåsa i Hjartdal. Av foreldre Johannes Østensen og Ingerid Torbjørnsdotter Våle. Hun hadde to søsken, ei søster som døde ung, og en bror, min bestefar, Torbjørn Kåsa. Tante Anne i Amerika var derfor min grandtante.

Det er lite fra barndommen og ungdomsåra til Anne som er kjent, men hun gikk på Lonar skule, og konfirmasjonen finner sted i Hjartdal kirke i 1901. Yrkesvalgene for ei jente på starten av 1900-tallet var ikke mange. Som konfirmert var ungdom som Anne å betrakte som en voksen, og det gjaldt å finne et arbeid. Utdannelse utover folkeskolen var utenkelig for ei jente fra små kår på bygda. Å være tjenestejente var det mest almin-

*Ungdomsbilde av Anne Kåsa.  
(Foto i privat eie)*




nelige, inntil hun fant seg en kar å gifte seg med. Det er derfor sannsynlig at Anne i noen år hadde arbeid på gården hjemme, på en annen gård i Hjartdal eller i nabobygdene.

Anne Kåsa har flyttet på seg flere ganger i løpet av ungdomsåra. Hun har hatt arbeid i Skien på et hotell, innimellom er hun hjemme i Hjartdal på besøk. Faren dør mens hun er ung. Mora hennes blir relativt gammel, hun dør 80 år gammel i 1915. Det er broren<sup>1</sup> som holder seg hjemme på Kåsa og tar seg av mora, men det vanlige var nok at det var døtrene som fikk tildelt et slikt ansvar. Hadde Anne kjærestester og planer om giftermål? Dette er det ikke mulig å finne ut av, annet enn at en samling kjærlighetsbrev som ble funnet i seinere år, kan tyde på noe sånt.

I 1925 er Anne blitt 48 år. Hun er ennå ugift, og nå vil hun til Amerika. Hva var det som fikk henne til å dra? Vi vet ingenting om forberedelser til reisa eller planer hun hadde. Skulle hun møte noen der? Hadde en mann reist i forveien som hun skulle forenes med? Det blir bare spekulasjoner. Men det hun visste var at mange norske hadde reist før henne, at hun ville finne et miljø med mange kjente og en kultur som det var lett å kjenne seg hjemme i.

---

<sup>1</sup> Broren, Torbjørn Kåsa, Se årbok nr.2 - 2012.



Stavangerfjord gikk mellom Oslo og New York fram til 1963 (Wikimedia Commons).

## Med dampskipet Stavangerfjord

Reisemåten til Amerika har nå endret seg radikalt fra de første fra Norge som reiste nøyaktig 100 år før henne. Da var det ei seilskute, kalt *Restaurasjon*, som hadde brakt de aller første emigrantene over havet. Båten brukte minst to måneder på reisa over Atlanteren. Nå, hundre år seinere, er overfarten å betrakte som ei luksusreise. Det er dampskip som bringer de reisende trygt og relativt komfortabelt over havet.

Når Anne står på brygga i Oslo for å gå om bord i Stavangerfjord 30. juli 1925, må hun ha vært spent og opprømt. Kanskje gleder hun seg, men kjenner også på usikkerhet, for det er egentlig lite hun vet om hva som venter på den andre siden av havet. Mange av de som reiste til USA i de seinere puljene, hadde planer om å returnere til Norge. Hva Anne tenkte om dette, vet vi ikke. Men at reisa innebar en endelig avskjed med Norge, var hun sikkert klar over.

Stavangerfjord, som var en del av den norske amerikalinje, var i mange år favorittskipet mellom Oslo og New York, og det gikk fast i rute mellom 1918 og 1963, bare med et avbrudd i krigsåra. Det første brevet fra denne USA-reisa er skrevet på båten 25. august 1925 og er sendt til broren i

Hjartdal. Anne beskriver skipet, om at det er bra, hun har møtt en kar fra Bø, ellers ingen kjente.

Kanskje var Anne innom Ellis Island utenfor New York. Dette var inngangsporten til USA fra 1892 og fram til 1954. Her ble alle immigranter sjekket, før de fikk tillatelse til opphold. Men det gjaldt ikke alle. Reiste du på første og andre klasse, ble oppholdstillatelser ofte gitt på båten.

Trolig har Anne hatt en overnatting i New York, før hun setter seg på et tog til Madison, hovedstaden i Wisconsin. Hun hadde kjente her. Wisconsin og andre stater i Midtvesten hadde vært reisemål og bosted for hjartdøler helt fra 1840-åra.

Hennes neste brev er skrevet 8. september og er postlagt i Wyocena. Denne vesle byen ligger like nord for Madison i staten Wisconsin. Hun har reist hit med tog fra New York og har tilbrakt en og en halv dag på toget. Anne blir tatt imot av Ole og Louise Høgkasin i denne vesle byen, de var naboer til hjemstedet Kåsa i Hjartdal. Anne beskriver det som fint og koselig å ha kommet fram til disse kjenningene fra Hjartdal.

## Norsk kultur på sitt mest aktive

Den norskamerikanske kulturen i USA hadde nådd et høydepunkt i 1925, utreiseåret for Anne. Hundreårsjubileet for den norske utvandringa til Amerika ble markert med en firedagers feiring i Minneapolis, der selveste

Louise Nilsen (Høgkasin) ved hjemmet sitt i Wyocena. På 1920-tallet var det mange fra Hjartdal som hadde etablert seg i Wisconsin. Det var ikke vanskelig å treffe sambygginger. (Foto i privat eie)



president Coolidge var tilstede. Jubileumsfesten ble stående som et vendepunkt. Toppen var nå nådd, antallet førstegenerasjons norske innvandrere var på sitt høyeste.

Siste dag i september 1925 sender Anne et brev fra Madison. Og i brevet ligger et avisutklipp med overskriften «Et besøk hos Professor Rasmus B. Anderson. En forkjemper for norskdom i Amerika!» Fra hvilken avis utklippet er, kommer ikke fram, men Anne kunne i 1925 lese mange aviser i USA, på norsk. Mange var opptatt av å hegne om det norske, slik som Rasmus B. Anderson. Han var professor i nordiske språk ved universitetet i Madison, og en sterkt talsmann for norsk kultur i USA. En mann som oppmuntret nordmenn til å bevare og dyrke sin kulturelle arv, samtidig som man tok del i landets samfunnsutvikling.

Anne nevner i dette brevet at det er to måneder siden hun reiste. Hun kjenner seg alene, alt er fremmed, men hun har begynt på aftenskole for å lære engelsk. Anne søker arbeid på en fabrikk, og hun ber sin bror om han vil sende avisas Varden til henne. Julebrevet sendes 7. desember fra Madison.

Så sender Anne et nytt brev i februar og kan fortelle sin bror at hun har fått arbeid i en spiseforretning. Det er en kvinne fra Kongsberg som driver denne kafeen, og Anne forteller at hun arbeider mest på kjøkkenet. Hun arbeider til klokka 22.00 hver dag, men har fri på søndager. Tre kvelder i uka er hun på skolen for å lære engelsk. Så forteller hun at hun har møtt en danske som heter Rasmus, han har vært i landet i 14 år og snakker godt engelsk. De to kommer til å gifte seg 6. juli 1926.


På slutten av 1926 forteller Anne i et brev at hun har det godt med Rasmus, som er sju år yngre enn henne. Han er født i Åbenrå på Jylland og hadde kommet til USA i 1910. I februar 1927 arbeider Anne på en tobakksfabrikk sammen med 40 kvinner i den vesle byen Stoughton i Wisconsin. Ekteparet er nå på jakt etter en farm. For Rasmus er lei av å være «under svepen», skriver hun i et brev.

I 1934 har paret kjøpt seg en farm i utkanten av Stoughton. De har tre melkekyr og får 26-27 daler i inntekt i måneden. De dyrker mais, epler og jordbær. 100 kyllinger og 50 høner hører med til buskapen.

I 1939 vil Anne bli amerikansk statsborger, og ber broren sende dåpsattesten. Hun skriver i brevet: «Jeg vet ikke om jeg er norsk eller amerikansk, men jeg har mitt borgerskap i himmelen.»

Fram mot 1939 er det gårdsarbeidet og avlingene brevene fra Stoughton handler om. Og ikke minst er beskrivelser av været dominerende. De

*Ekteskapskontrakten som viser at  
Anne og Rasmus giftet seg 6. juli  
1926.*



handler om den sterke varmen, stormene som raser over det flate landskapet i Wisconsin, og den strenge kulda.

## Norgeshjelpen

I 1940 er krigen tema. Anne forteller om Norgeshjelpen i brevene sine. Dette var et initiativ som ble tatt så tidlig som 12. april 1940, av den norske legasjonen i Washington DC. En landsomfattende norskamerikansk hjelp til Norge ble her diskutert. Søndag 21. april sto prestene i norskamerikanske kirker over det meste av landet og manet til felles hjelp for «det fagre, frie ætteland». Omfattende innsamlingsaksjoner ble organisert, både i form av penger og varer. Det var klær og det var tørrmelk.

Den samlede verdien på hjelpen øremerket for Norge er regnet ut. Den kom opp i mer enn 3220 millioner norske 1945-kroner! Til sammenlikning – det norske statsbudsjettet for 1946 lød på 1452 millioner kroner. Det vil

si to statsbudsjett! Å sende penger til hjemlandet, når det er krig og nød, er med andre ord ikke noe nytt fenomen.

Nå i løpet av verdenskrigen tenker ekteparet Sørensen på å selge gården og kjøpe seg hus i byen. Vurderinger av dette går fram i brevene som går med jevne mellomrom fra Wisconsin og hentes av broren Torbjørn på Lonar postkontor i Hjartdal. Og inne i brevene er det tobakk! Det var mangelvare under krigen, og må ha blitt tatt godt imot. Gjennomgående i alle brevene fra denne tida er lengselen til barndomshjemmet i Hjartdal.

I 1956 er adressen til Anne *1028 South State Street, Stoughton*. Her bor Anne fram til hun dør i 1963. Noen år tidligere har hun mistet mannen sin. Fra 1951, året broren Torbjørn Kåsa dør, er det min far, Arne Haugen, som er mottaker av brevene fra Amerika.

## Stougon – en by med norsk kultur

Stoughton i Wisconsin er fortsatt en by preget av norsk kultur. I Anne Sørensens levetid må det norske ha vært svært så tydelig. Den kjente sogeneskriven, Torkel Ofteli, skriver i 1912 at annenhver person han møtte på i Stoughton var en telemarking!

Byen ble grunnlagt av Luke Stoughton i 1847. Han bygde ei mølle ved Catfish river, og i 1853, da jernbanebygginga nådde det vesle tettstedet fra Milwaukee, vokste befolkningen kraftig. Byen vokste seg også stor på grunn av vognproduksjonen til telemarkingen Targer Mand, med foreldre fra Tokke. Fordi det var en nordmann som var grunnleggeren av fabrikken, ble mange norske trukket til stedet. Tidlig i 1880-åra gav vognfabrikken arbeid til over 200 mennesker.

Det var ellers tobakk og tømmer som gav arbeid og inntekter. Mellom 1890 og 1915 opplevde byen en sterk vekst. I 1905, da befolkningen hadde nådd 4200, var det norske språket og kulturen synlig overalt. Stoughtons hovedgate blomstret på slutten av 1800-tallet med fine forretningsbygg langs hovedgata. Handel gav rikdom til borgerskapet, og de fikk mulighet til å bygge seg flotte villaer i på begge sider av elva. Villaene fra slutten av 1800 er fortsatt en viktig del av bybildet. Det var 17 varehus med tobakkproduksjon i byen i 1915. Stoughton må ha vært en by det var lett for Anne å føle seg hjemme i. Her var mange norske, og mange av dem var attpå til fra Telemark.

Telelaget holdt stevnet sitt i Stoughton 17. mai i 1912, og maken til framvisning av telemarkskuluren skal en leite lenge etter. 1500 gjester

var benket i en spisehall der menyen var rømmegrøt og lefse. Omrent 2000 måtte stå utenfor og vente på tur til å få sitteplass. Jenter i telmarksbunader serverte. Om kvelden var det kappleik, faktisk den første som ble arrangert i Amerika. Førsteprisen ble vunnet av Hans Fykerud.

En stadig raskere omlegging fra norsk til engelsk var nå merkbar i de norske miljøene. De 30-tall norske avisene som helt til 1925 var utkommet ukentlig, eller enda oftere, var redusert til omkring 20 allerede før 1930. Også overgangen fra bruk av norsk til engelsk i gudstjenester var godt i gang.

Hele den amerikanske økonomien, med unntak av landbruket, gjenomgikk en eventyrlig vekst i 1920-åra, Chicago vokste enormt. Det var her de første skyskaperne dukket opp. I 1930 var byen blitt USA's nest største, og med sterke innslag av norsk kultur. Avishuset Skandinaven hadde sitt senter her og bygde opp under den norskamerikanske identiteten. Det samme gjorde Chicago Norske Klub.

## Annes private arkiv

Anne Sørensen kom aldri tilbake til hjemlandet. Hun døde i Stoughton i 1963, 83 år gammel. Min far var enearving og arvet huset hennes i Stoughton. En liten del av arven ble tilgodesett farens datter, Anne, som er forfatter av denne artikkelen.

På ei reise i USA i 2000 ville jeg gjerne finne huset til Anne Kåsa Sørensen i Stoughton. Kanskje var det mulig også å finne graven? Gode hjelgere i Stoughton hjalp meg, og gravsteinen til Anne og ektemannen ble funnet på gravlunden Roselawn utenfor byen.

Det mest overraskende var møtet med den nye eieren av villaen til Anne Sørensen i 1028 South State Street, fru Eng. Hun fortalte at hun hadde tatt vare på ei kasse med Anne Sørensens eiendeler, da hun kjøpte huset i 1967. Den hadde blitt stående på loftet. Ja, hun sa faktisk at hun ville ta vare på den, fordi hun hadde hatt en følelse av at en slekting en dag ville komme og spørre etter den!

Det kom til å bli en av mine mest magiske opplevelser. I 37 år hadde denne kassa stått på loftet – i påvente av at jeg skulle komme og hente den. I kassa lå blant annet bøker og personlige eiendeler etter tante Anne, et foto av moren på likstrå, en hårlokk og en bunke kjærlighetsbrev sendt fra kjæresten Olav Uvaas i Hjartdal.

Dette er en av titusenvis fortellinger om utvandrere fra Norge til Amerika. De første fortellingene rommer nok større strabaser og dramatiske



I brevene fra USA fulgte fotografier som gjerne viste fram velstanden. Her er Søren og Anne foran huset sitt i Stoughton.  
(Foto i privat eie)

innslag enn denne om Anne Sørensen. Like fullt gir fortellingen liv til Norges innholdsrike og spennende emigrasjonshistorie til USA – fra den starter med seilskuta Restauration i Stavanger i 1825 og til den ebber ut med Anne Kåsa sin reise 100 år seinere.

## Kilder:

- ◊ Lovoll, Odd: *Det løfterike landet*. Universitetsforlaget 1983
- ◊ Mørkhagen, Sverre: *Det norske Amerika Nordmenn i USA og Canada 1900-1975*
- ◊ *Stoughton, Wisconsin, 2005 visitors guide*
- ◊ Wagn, Anne Haugen: *Eg vandrar ut – ver med meg, du. Telemarkingar i USA*. Eige forlag 2002

# Gamle og nyare namn på kyr i bygdene her

av Olav Tho

---

Denne artikkelen byggjer på namn på kyr som kom inn under den innsamlinga Hjartdal mållag hadde i åra 2016 og 2017. Dei fleste svara kom frå Hjartdal og Tuddal, men det kom også namnelister frå Heddal, Sauherad og Åmotsdal.

Før i tida hadde alle husdyr namn, ikkje minst gjaldt det kyrne, som var mykje av livsgrunnlaget på garden. Nå skal alle husdyr ha eit individnummer, og besetningane har blitt færre, men større. Det er å håpe at namnelista her kan bli til inspirasjon, slik at det blir både nummer og namn på kyrne, også i dei store fjosa.

## Kulokk frå Hjartdal


Haugaros og Haugrei  
Lettfokk og Lauvrei –  
Ingebot og Fribot,  
Husbrei og Vibot.  
Kom alle mine kyr!  
Trandem og Gymoen  
Og Aslebekk og Skeie.  
Dei finaste stålan som ligg nori heie  
– san!

Slik lyder ein kulokk frå Hjartdal, fortalt av Annemor Haug, som syner det nære og viktige bandet det var mellom dyr og eigar, mellom gard og stule.

## Huldrelokkar frå Hjartdal

Har du sit noko te kjyene mine  
De gjik unde nuten langt nor mæ fjella dine  
Vingebot, Vibot,  
Husbrei, Fribot,  
Sølfok, Julebot,  
Danebot, Svanebot,  
Hønfok, Haugros,  
Letfok, Lauros,  
Nedler, Heder,  
Leika, Årlo,  
Molik, Kveikarei,  
Gulssi hu røtte så dæ lydde ivi Haukeli fjelle.

Det var på ei samlarferd i 1851 at Lindeman skrev ned denne huldrelokken på Holm prestegard, der prestefrua, Tomine Finckenhagen og tenestejenta Ane Jonsdotter song for han. Ein kan nok sjå at Lindeman streva med korleis dialektorda skulle skrivast.



*Halvor Bøe i Sauland med ei telemarksku ved navn Gullsi. Bildet er frå 1930. Vi ser garden Kleppen i bakgrunnen. Så bildet tyder på at det har vore utstilling/fesjå omlag der skulen er i dag. (Digitalt museum)*

Det var ein god del som meinte at dei hadde sett og hørt huldrekyr bli lokka på. Huldrefolk kunne og bruke kyrnamn som ein ikkje hadde blant folk. Tusse- eller huldrekyrne var alltid store og fine og fekk tvillingkalvar. Det blei fortalt at på Lonar hadde dei overlag fine og gode kyr etter at Ambros blei gift med tussejenta Joron, som hadde med seg kyr i heimafylgje.

Kristian Haugan frå Hjartdal greidde få tak i to huldrekyr, og etter at han fekk høyre namna på dei, blei dei omfram gode mjølkekryr, og gav grunnlaget for ein buskap, den beste i bygda. Tussejenta hadde sunge:

Komi no alle kyrinne mine,  
Som geng nor i fjøllo så fine  
Ku Ringrei, Rangrei  
Husbrei, Spangrei  
Vingebot, Vebot  
Dunkerei, Fribot  
Solfokk, Jolbot  
Heder, Kveder  
Nikka, Nadder  
Leika, Ormo,  
Morlik og Kvinkerei  
No hev eg alle mine kyr uti beite,  
Nær som Hugaros og Haugeros,  
Dei geng att uti Hauge-beite.  
Husbrei rautar så det lydest ivir Haukelid-fjølli  
Dukerei geng fyrir med si store sylv-bjølle,  
Hon syrgjer ivir makan, hon hev mista.

Denne huldrelokken skreiv Landstad (1802-1880) ned på ei samlarferd til Hjartdal, medan han var prest i Seljord (1840-1848). Me ser at huldrelokkane til Lindeman og Landstad er svært like, men skrivemåten er noko ulik, noko som viser at det ikkje var lett å gje att bygdemålet på denne tida, før ein fekk Landsmål (Nynorsk).

## Namn og namnebruk

Frå sogetida kjenner ein kyra (eg nyttar dialektforma ei kyr, noko som og er eintalsform i gamalnorsk) Andhumla, ei kolle som mjølka så mykje at det rann elvar frå spenane hennar.

Ein finn og namn på kyr i skifte- og rettsprotokollar frå 1600-talet, og som me har sett, i folkeminnetekster frå 1800-talet. Frå om lag 1860 har



*Kari Sletta med Staslin på Sjåen – 1950-talet.*

ein namnelister frå fesjå (som Dyrskun) og etter kvart frå Husdyrkontrollen (1890) og Stambøker (1926). Dei fyrste åra, frå 1856, ambulerte Dyrskun mellom ulike bygder, mellom andre Sauland (1860). I Sauland blei det bygt fjøs på fesjåplassen i 1878 og halde statsfesjå i 1877 og 1878. Etter det var det statsfylkesfesjå der fram til 1902, da det blei flutt til Heddal.

Namnet blei helst nytta innan garden, bortsett frå særleg premierte dyr og dyr det blei knytt spesielle hendingar til. Det var praktisk i kvardagen at kvar kyr hadde sitt namn, og det var vanleg tru at namnet kunne gje kyra og garden lykke. I tidlegare tider kunne det vera som ein liten seremoni (liknande dåp), som seinare blei ein barneleik, å gje kalven eller kviga namn. Det kunne og seiast fram ei regle, som i Telemark:

Lyde brav navnet,  
Fribot skal du hete.

I enkelte bygder kunne kalvane bli «døypte» på skjærtorsdag ved at vatn blei ausa over hovudet på kalven, namnet blei sagt, og ei lykkeynsking blei sagt fram. Andre stader gav budeia kalven/kviga ein dask av eit bjørkeris, sa namn og ynskte lykke over dyret. Det var gamal tru at bruk av bjørkeris skulle sikre grøderikdom og fruktbarhet.

I 1988 var det 354 000 kyr i landet, som fordela seg på 26 000 ulike namn. Av dei hadde 30% fått namn som kalv, elles var namngjevinga helst på kvigestadiet og før kalving. Da visste ein at kyra skulle bli mange år på garden! Oftast var det huslyden saman som gav namnet, der unga-ne kunne ha ei viktig rolle. I seinare tider ville dei gjerne ha namn frå film, TV, blad og bøker.

Dei ulike gardane kunne ha sine namnetradisjonar, og dei same namna kunne bli nytta i generasjonar, som Lona på Solheim og Juvrei på Funner.

Det kunne vera at namnet skulle byrje på same bokstav det og det året, eller ha same førebokstav som stammora. Ved giftarmål fekk gjerne jenta (guten) med ei kyr som heimafylgje. Denne kyra kunne så danne grunnlaget for ei ny namnerekke, parallelt med den gamle.

På same vis kunne ei innkjøpt kyr gje grunnlaget for ny namnebruk på garden, særleg om det var ei god kyr, og namnet ikkje var på garden frå før.

Kyr kunne og få namn etter folk og gard. Ein jentunge kunne «eiga» ei kyr, som da kunne heite Anneros/Anros/Aros. Slike namn blei kalla kan-ningsnamn. Eller det kunne bli Hbot etter eigaren, Harald (mykje nytta i Øvre To). På garden Skeie blei Skjessbot mykje nytta og på same vis Gjuvrei på Gjuv. Dyret sjølv kunne vera namngjevande ut frå eigenskap eller utsjånad som Krokhorn, Rau(d)si, Tolet (to fargar). Staslin på Dale stakk stadig av og blei heitande Stasbort!

Tida og staden kalven var fødd, kunne vera namngjevande, slik som Dagros/Mairos/Jolros/Heilin/Fjellros.

Nå kunne det og vera slik at namnet mista si eigentlege tyding, slik at ei svart kyr kunne heite Rau(d)si, og Dagros kunne vera fødd på natta.

## Dei mest brukna namna

Som nemnt var det stort utval av namn, og nye kunne lagast, mens andre blei borte. I landet er rangeringa slik: Dagros, Rosa, Litago, Stjerna, Rødlin, Staslin. I Telemark: Dagros, Litago, Stjerna, Rosa, Staslin. Det er berre i Telemark ein finn namna Skjønbot, Drøgun, Garfokk, Blømalid. Dei mest nytta namna i Hjartdal kommune er Rosa, Staslin, Dagros, Roslin. Men det er og mange kyr i landet som er åleine om namnet sitt: I 1988 var det 15000, noko som tilsvara om lag 5%, det same som Dagros og Rosa til saman.

## Nokre namnetydingar

*Dagros*, tyder fødd om dagen og har roser på kroppen.

*Litago*, er eit ynskenamn: lita, men god mjølkekjær og grei å stelle.

*Stjerna*, flekk i skallen og ei toppkjær.

*Staslin*, ei stasleg kjær.

*Fagerlin/Fag(er)ros*, rosande namn.

## Ledda i namna

Svært mange av kyrnamna er toledda. I Telemark er 65% av etterledda -lin og -ros.

-*lin*, kan tyde kvit som lin/ha lys stripe langs ryggen (som telemarkskyra) eller mjuk, linn, mild.

-*ros*, kan tyde som har roser, er fargenamn.

-*rei*, kan tyde god, skikkeleg, den som gjev mykje mjølk.

-*bot*, som har flekk(ar) i annan farge, men kan også tyde ha verdi, vera til hjelp.

-*si(d)*, med avvikande farge på sidene.

Fyrsteleddet er gjerne eit vanleg ord i språket, oftast rosande og positivt. Mest brukta er Gull-, Sy(ø)lv Gar(d)-, Bli-. Gull- er det mest nytta fyrsteleddet i hjartdalsbygdene.

## Ei lita oppmoding;

Dei som har kyr, har mange namn å velje mellom, så gje kalvane/kyrne namn om fjoset er lite eller stort! Her og gjeld at bruk er det beste vern!

## Namneliste

Agot	Brannrygg	Drauma	Fag(er)ros
Alin	Bærlin	Dropla	Fagrei
Aneros	Bøenros	Drosi	Fjellros
Bliros	Dagros	Drømsi	Fennelin
Blomma	Dakros	Engelin	Fermelin
Blomlind	Dokka	Fagerblom	Frølin(d)
Branderos	Domgar	Fagerbot	Gjevrei
Brandsi	Dona	Fagerlin	Gjevros

Gjølin	Jullind	Milleros	Stjerne
Godigar	Kairos	Morlik	Stjernerros
Golin	Kjoslin	Olin	S(tj)ønnbot
Gulla	Kolla	Raubot	Storego
Gullblom	Kranselin	Rausi	Svanelin
Gullbot	Krona	Reiarros	Svartros
Guldraum	Lauvlin	Rosa	Sølvbot
Guldrøm	Lauvrei	Rosbot	Sølvfokk
Gullfokk	Lauvros	Roskoll	Sømmelin
Gullhorn	Liaros	Roslin	Teleros
Gullmøy	Lilja	Rølik	Telma
Gullrei	Liljeros	Rølin	Timelin
Gullros	Linda	Seiros	Timrei
Gullsi	Linderos	Skjessbot	Toppsi
Gylla	Litago	Sollokk	Tosbot
Gylleros	Lona	Songa	Trøllet
Haugrei	Lukros	Songros	Valeros
Haugros	Luna	Sonja	Veslemøy
Heimros	Lussy(i)	Spetet	Vøllros
Helgros	Lykkebot	Stasbot	Vårlin
Husbrei	Lykkeros	Stasbort	Årei
Hbot	Maiblom	Staskoll	
Ingeros	Mailin	Staslin	
Jolros	Mairos	Stjerna	



*Margit T.  
Solheim  
(1927-1986)  
med kyra  
Sømmelin.*

## Kjelder

- ◊ Askjem, Bonnevie, Boreng, Buen Garnås, Huvestad (red) :  
*54 viser og stev fra Øst-Telemark.* Grøndal 1984
- ◊ Aune, Kolbjørn: *Dyr i tradisjonen.* Kraftfornytt 1981
- ◊ Kjær, Jan Erik: *Telemarkskua.* Alfa 2006
- ◊ Kruken og Karbø: *Gullhorn og dei andre. Kunnamn i Noreg*  
Landbruksforlaget 1991
- ◊ Landstad, M.B.: *Skrifter 1. Sagn.* Novus 2012
- ◊ Støylen, Bernt: *Norske barnerim og leikar*  
Norsk barneblad forlag 1959
- ◊ *Telemarksfeet gjennom 150 år.* Telemark Landbrukselskap 2006
- ◊ Hjartdal mållag: Innsamla namn på kyr, 2016 og 2017



Torkjell Sletta med Timlin på Sjåen på 1950-talet.

# Ein tuddøl som lika å handle

av Knut Buen

---

Han gjekk under namnet "Jermon Olsen" i bygda, og han nytta mange etternamn frå han var gutunge til han enda på eigen gard. Denne tok han au etternamnet frå. Han var fødd 18. november 1875 og blei døypt Gjermund O. Kirkejordet.

Denne garden han var fødd på har fått namnet sitt i tilknytning til den første kyrkja i Tuddal. Den brann i 1369 og det er mange segner, men og eit gammalt arkivert skinnbrev, som fortel den dramatiske soga kring bygdehelgen Heilag-Tove (gammal skriveform av Tov) og brannen som jamna bygg, levningar av Tove og innbu med jord. Men det kan au tyde på at garden har vore kyrkjegods og kan ha fått namnet av dette. Ein veit ikkje sikkert.

Besteforeldra til Gjermund kom med borna sine frå Gausta i Tinn, kaupte og busette seg i Kyrkjordet. Det var fleire born som kom til å bu på andre gardar i Tuddal, men det var Olav som overtok barndomsheimen, Kyrkjordet. Gjermund budde med far sin, Olav, og syskena Ingebjørg og Halvor på den historiske garden. Mora, Margit, døydde i barselseng i 1880 når yngstesonen Halvor kom til.

Gjermund gjekk i omgangsskule. Den flutte kringom, i høvelege tømmerhus i grenda. Ein av skulestovene var i Nistugu Stuvrud. Lærar var Svein Bøen, Moen, og han var nokså streng av seg. Ein kald vinterdag, først i 1880-åra, kom Gjermund til å bli sitjande på ein treplog ved vegkanten og reparere ein sund beksaumsko. Det var så kaldt at skoen var klaka. Etterkvart blei hender og andlet tilklink med svart bek, og det gjorde læraren harm når guten kom inn i skulestugo. Læraren kjefta, fata ei stor bok og slo til Gjermund i hovudet så han mest svima av. Da tok ei eldre



På Gvåle i 1957.  
Frå venstre: Gjermund Våle  
(Gofa), Margit (Våle) Tjønn,  
Knut Buen, Gjermund  
Tjønn.

jente, som eg meiner heitte Bergit, gutungen med seg ut og prøva vaske det verste av han burti ei islagt vatskjelde. Ho visste Gjermund var morlaus, tykte synd i den vesle og ville hjelpe.

Etterverknaden var svært synleg. Etterkvart kom det både blåmerke og kul etter slaget, og neste skuledag heldt far hans guten heime. Ålmannvegen gjekk gjennom tunet på Kyrkjegjordet, og når Svein kom gangande til skulen om morgonen, blei han møtt av Olav med sonen sin attom seg.

– Eg e' nøydd te o klågå på deg, Svein. Du har vore fe hard imot guttingen og slege kul i skallin på'n. Her ser du blåmerkje ette' bokje, sa Olav.

– Ja, eg erkjenner det. Ska' låvå at det ikkje gjentek seg, svara Svein. Han blei meire varsam med represaliene og var mindre hardhendt etter den hendinga.

Svein var ellers ein vyrd mann og Gjermund fekk kanskje styrka tru på at han ikkje skulle lata seg kua? Han fekk bruk for å kunne stå oppreist etter motgang. Ellers blei han inspirert av tiltaksevna til slektingane sine. Særleg var farbrørne mykje aktive handlingsmenneske.

Det var slik at Olav ikkje greidde seg på garden han åtte. Han hadde blitt tidleg enkemann, sleit med små born åleine og därleg økonomi. Han måtte sjå seg om etter ein ny heim. Han selde garden og flutte difor med dei tre borna sine til Øygarden, eit mindre bruk i nærleiken. Da tok dei namnet Ødegaarden, og i den gamle skuleprotokollen er Gjermund innført under namnet Gjermund Olsen Ødegaarden i ei tid.

Eg hugsar me var på ei minnestund i Øygarden og Gofa synte oss ein liten jordteig oppunder eit berg.

– Her hadde me nepeåkeren kåns, sa han ettertenksomt. Nepa kom godt med i matfatet.

Før var helst kålrot og lite jordeple (poteter) i bruk. Etterkvart blei jord-epla dyrka i aukande grad.

Men Gjermund er au innskriven i skuleprotokollen med etternamn frå enda ein fjellgard, for i nokre år var desse folka busette i Grastjønnåsen, ein gard som låg tett inntil den gamle bygdevegen til Bondal. Der var det raskt å kome til heidars, til fangst og fiske. Gjermund lika det, og det var matauk i det.

Ei tid seinare kom familien til Nord-Rue, til ein arva gard etter bror av Olav, som heitte Pær. Han var ungkar og hjelpte skyldningane sine med godt hjarte. Han hadde au vore ein driftig kar. Hadde satt opp mange oppgangssager, vadmålsstampe og andre tekniske hjelpemiddel i si tid. Men så fekk han vatersott og døydde.

Da kom Olav og familien til Rue. Der blei gamle Olav til han døydde i 1907. Og Gjermund budde der også til han kjøpte eigedomen Nord-Gvåle og flutte dit, med kona Helga, fødd Lia. Skrivemåten den tid var Våle og Gjermund kjøpte garden av odelsguten og jamnaldringen Kjetil Gunleiksson Våle som ynskte å reise til Amerika. Mor hans, Liv, fekk føderåd med i handelen og ho blei ei erstattande godmor for vesle Margit, dotter av Helga og Gjermund, som blei fødd i 1909.

Liv var ifrå nabogarden, Sud-Bøen, og ho var dotter av Åse Løngdal og bygdespelemannen Olav Bøen. Og ho var syster av læraren, Svein Bøen, som Gjermund hadde hatt i barndomen. Men Liv var ei mild, musikalsk og finfarande gamal kvinne. Ho blei nesten 100 år og var blind i mange år på slutten. I unge år hadde ho spela sjøfløyte. Far hennar var beste spelemannen før Svein Løndal si tid.

I unge år var Gjermund ein sterk mann. Han tok gjerne ryggetak, men slost aldri. Ein god ven var naboen, Jon Halvorsen Bøen. Han au var ovsterk. Ein gong var kameratane på fisketur i austheia og hadde lystra til seg ein einaste stor aure. Dei blei ikkje heilt einige om eigedomsretten og så ville dei taka ryggetak om fisken. Men ingen greidde legge nedpå den andre. Så gjorde dei opp ein varme, steikte auren på tein og åt han opp i den frie naturen.

Gjermund var ein ivrig sportsmann i unge år. Langrenn var spesialiteten hans. Han gjekk på heimelaga treski og trena seg opp til å halda ut



Gjermund med dottera (Margit f.1909) og stashesten sin.

i lange løp. Det hende han skrytte litt av bragdene sine, i godt lag. Han hadde nokre graverde sylvskeier han hadde fått i premie og desse var han stolt av. Langrenn var han alltid interessera i, men au hopp og skeiseløp. Oscar Mathiesen var ein helt. Ja, boksing lika han au og kunne fortelja om den historiske Porat. Men i 60-åra var det Floyd Patterson og Ingemar Johansson som kivast. Gamlekaranane på Gvåle, Kjetil og Gjermund fylgde med på det.

Men denne artikkelen skal vere om verksemda til Gjermund Våle. Alt frå guteåra var han interessert i arbeid og handel, sikkert mykje inspirert av farbroren Kjetil Hovde som verka mykje med ulik forretning. Gjermund veidde og dreiv med fangst og fiske. Mykje av dette selde han eller bytte i annan vare. Han lærte seg å slakte og han dreiv med handel av kjøt og skinn.

Han dreiv jordbruk og husdyrhald saman med kona, men utvida verksemda med skoghandel og omfattande uthogstar i Tuddal. Dette sysselsette han mange med. Sagbruk og kverndrift dreiv han også med. Han hadde samarbeid med Knut Hovde i drifta av sag og kvern ved Hovdefossen, men han dreiv seinare åleine på sag i Kyrkjå. Ulik tømmerdrift og materialsalg var høgst aktuelt i tider det var få som hadde gardssager, så det blei mykje å gjera.

Men Gjermund fylgde au godt med i utviklinga av Rjukan-samfunnet der det var stort behov for matartiklar til det veksande industrisamfunnet. Han og Helga tok difor på seg stulsdrift på Såemsåsen, nørdest i Gausdalen, i ein del år. Dei hadde 120 kyr og ein heil del andre dyr i nokre

aktive sumarmånader frå 1913 og framover. Mjølka blei sendt i store stål-dunkar på løypestreng direkte ned til Rjukan der all vidare separering, ysting og annan foredling gjekk føre. Det var ein svært moderne måte å nytte mjølka på og arbeidsopplegget var heilt ulikt vanleg tradisjonell stulsstell. Men det var mykje slit med manuell mjølking. Denne måtte 5-6 trugne budeier taka seg av.

Men det var mykje hendingar med å nytte løypestrengen som hekk i lause lufta over villmark, ulende og jamvel brakker og anlegg i lia ned mot Rjukan. Ein gong hadde Gjermund slakta ein geitebukk som han skulle få ned til Rjukan. Men midtvegs datt slaktet av kroken og fall rett ned i buskaset. Gjermund, som var ein handlingens mann, tok straks nedover lida på leit. Og han fann bukkeslaktet atte, i nærleiken av ei arbeidsbrakke. Dermed tok han ein tur innom brakka og baud på fersk vare. Det gjekk bra. Kokka kjøpte slaktet og Gjermund tok til heidars att, med oppgjeret i lomma, vil eg tru.

Kona, Helga eller Hælge, var ei drivande og vertskapeleg bygdekvinne. Han hadde ikkje fått til kva han gjorde utan henne. Ho var ein del år eldre enn mannen sin og ho døydde brått, i 1944.

Det blei mange år å leva som enkemann for Gjermund. Men han hadde dottera og svigersonen i huset. Og han hadde gode band til syster si



*Helga og Gjermund Våle og ein buhund på tramma ved Lia-stugu på Gvåle.*



*Frå Såemsåsen den tid Gjermund Våle dreiv.  
Her er Helga og Gjermund Våle saman med dottera. Budeiene, Aslaug Solheim, Margit Tveiten, Liv Hovde og Margit Hagen (Stuvrud-Lia) var faste i arbeid, men det var nok fleire.*

Ingebjørg, og til sistersonen, diktaren Olav J. Rui, og familien hans. Han hadde au den yngre bror sin, Halvor, i nærleiken, og han heldt seg alle dagar med hund. Helst buhundar, men stundom au fuglehund.

Etter at Tuddal Høyfjellshotell kom i gang, frå 1893, så auka interessa for turisme i bygda. Gjermund hadde nokre gamle sel på ymse stular og desse sette han i stand til utleige om dei ikkje var i opprinneleg bruk. Han flutte også eit gammalt eldhus frå garden og sette det i utkanten av vollen på Nedstulen.

Dette var det lite av frå før, og det blei med på å starta hytteutleige, bortfeste og salg av tomter i området. Han leigde også burt tomter heime på garden. Folk han kom i kontakt med blei gode vener som han elska å konversere med. Han var ein god forteljar og hadde lett for å glede seg over medmenneske. Heimen hans var eit gjestfritt hus der det var folk innom, jamt og trutt.

Gjermund satte au i gang nybrot på heimegarden og eigedomar han åtte. Han fekk diplom og premie av Landbruksseksjonen for sumt av dette. Men han gjorde ikkje ting åleine. I alt han tok seg føre, så sysselsette han folk av både kjønn. Det var aktivitetar ute og inne, til alle årets tider.

Sjølv møtte eg Gjermund når han var nærmare åtti år og eg berre fem. Han blei godfar for meg når eg flutte til onkelen og tanta mi, Gjermund og Margit Tjønn i Tuddal.

Eg minnest korleis han lærte meg å ta på meg jobbar, skrive timar og fakturere. Barbering, støvsuging, henting av post, måking og mangt anna sette han meg i sving med. Praktisk opplæring, med varme og hjartelag. Han ville lære burt å kunne greia livbergning og ansvar.

Og han fortalte og deklamerte i det daglege liv. Dikt og soger blei siterte, med glede og innleiving. Han gledde seg over anleggsverksemdu, utvida vegnett, utbygging av fossekraft og sosialdemokratiet sine trygdeordningar. I det heile elskaa han utvikling og velferden som blomstra opp etter krigen. Han var nok bonde, men eg hugsar han sa han stemte Arbeiderpartiet og såg opp til Gerhardsen. Dei gamle hadde opplevd små kår og skjøna å verdsetja sosialdemokratiet sine fortrinn.

Har knapt sett ein mann som kunne kosa seg slik som han, når det vanka ein god sigar eller ein forfriskning i kvardag og helg. På bilturar

Ein av truleg fleire utmerkingar  
som blei Gjermund til del:

Diplom  
Fylkesmannen og Centralstyret  
for  
Næringsnævndene i Telemark  
har tilkjendt  
Gjermund O. Vaale  
Norsk Hydros Diplom  
med præmie  
for fortjenestfullt arbeide i matøkningens tjeneste i 1918.  
Skien, den 8. oktober 1918.



og turar til fjells opplevde han ting som han bifalla i varme ordelag slik at opplevinga blei større for andre også.

Han var ikkje så nøyne med kvaliteten på det han gjorde jamt. Plundra med arbeidsreidskap og slurva nok noko au. Men han meinte at alt skulle gå og han var optimist til tusen. "Det bli ovsaker", sa han jamt når verket var gjort, enda det kunne vera herka saman med ståltråd og andre enkle hjelpemiddel.

Har vel knapt hørt han i negative ordelag i anna enn karakteristikkar av sume han meinte ikkje ville gjere jobben sin. Da kunne det hende han nemnde ord som "sæling" og "stømper". Men det var ikkje vondt meint. Han ergra seg berre over det han karakteriserte som latskap. Det måtte vere fart i sakene. Han forsto ikkje heilt dei etterhaldne.

Han var det bygdefolk kunne kalla ei "hørju". Uroleg og vågal. Ein gong for han opp i ein stega og blei hangande etter det eine beinet mellom to trinn. Han huga på hjelp og Einar Løndal måtte få han ned att. Han lo Einar når han fortalte det.

Ein annan gong var Gjermund heimatt til matøkt, når han skar på saga si. Attendekomen fann han saga i knas uti stryk. Tenk om han hadde vore inne i sagbruket når det rasa... Men han hadde det aldri med å taka ting så tungt. Han tok fatt med nytt mot alltid.

Gjermund elskar å fiske. Makkestonga hans låg på fast plass, på eine svilla til vesleburet. Ofte var han til kyrkleåa og fiska, i hølar og stille stryk, og han kom jamnast att med nokre fine småaurar til steikepanna. Det var moro å sjå på når han fiska. Hadde eit eige lag med å få det til å bite på.

Han elskar au å fylgje med på merkedagar og årssyklus. Skreiv ned og kommenterte når isen gjekk eller når han hadde sett den første linerla eller hørt gauken. Da kunne han hente spekekjøt i buret, for da var det ferdig og moge. Til jul heisa han spikkebandet når kyrkjeklokken ringde. Skikk og bruk skulle haldast i hevd. Når det blei sjobråning om våren, sat han på barflekkane og såg fram til dei ljoose dagar. Han var ein friluftsmann av rang, og veltrena heldt han seg alle sine dagar. Var aktiv i kroppsarbeid kvar dag.

Om vinteren stellte han med veden. Han skar på kappsaga og bar veden inn i balje. Han visste å greie seg i djup sjo. Bruka puttisar (10-12 cm. breie, lange tøyband som han vikla over buksebeina og leggene, frå åklo til kne). Puttisar og halve snøringssko av gummi var på moten mellom eldre i 50-åra.



Gofa og damene på Nedstulen.



Gjermund Våle med dottera Margit på Hegnin.



"Gofa kviler"  
måleri av  
artikkelforfattaren,  
1966.

I 1957 kunne han ha omkome i ein hardvind på heimegarden. Ei laus bylgjeblekplate kom for full kraft i lufta og snerta han med eine hjørnet ned i skallebarken. Blodet sila, og det var millimeter frå at det hadde gått gjennom hovudskallen. Men han fekk sydd, og takka lykkeleg for at det ikkje blei endetid.

Han var ein typisk sogemann, men ynskte alltid ny utvikling og involvering i nyvinningar. Radio, aviser og fjernsyn blei flittig nytta og situasjonen i samfunnet og verda dagleg kommentert.

Det høyrer med til soga at Kjetil Våle kom heimatt til garden han hadde solgt i ungdomen. Han budde der, i andrehøgda av eldhuset, og han gjekk dagleg saman med oss til berre eit par år før han døydde.

Dette var berre nokre veker før Gjermund tok avskil med oss. Han døydde i 1966, eit år mange jamnaldringar, og jamvel ein ung slektning på 20 år, gjekk burt.

Gravferda var på gamal vis, frå garden og tunet. Ein gamal nabo kørde han til grava på tradisjonell måte, med hest og vogn. Den kjære, gamle hunden hans, Pass, blei ståande atte på bursbakken og sjå syrjande og blindt etter fylgjet.

I høve at det ofte blir spurt etter arbeidsplassar i lokalsamfunna tenker ein at dei ikkje må bli burte dei som engasjerer andre omkring seg. Når alle har nok med seg sjølve, stilnar tilboda om arbeid.

Gjermund O. Våle hadde jamt noko på gang. Og han var alltid opptatt av det som hende i verda. Han hadde to ordtak han jamt kom attende til i diskusjonar. Det eine var: "Enhver blir salig, i sin tro!" Det andre var: "Veit du ikkje det da, at det e' det samre håsse du snur deg, så har du ræva bak!" Men han heldt seg til barnetrua likevel, når det kom til stykket. Han blei svært alvorleg på slutten. Leid mykje vondt med smerter av leverkreft.

Eg tykkjer eg høyrer stemma hans i oppmodande venleg tone, no som da han levde: "Hent posten du da, Knut, hell so må eg gjørå det".

Stundom tek eg på meg den blå hatten hans. Den er liksom så god å tenke seg om i...

## Gjermund-morbror

av O. J. Rui

Det ligg, ei eldstuft, attmed leidi  
frå år attende inni heidi,  
– ei nedbrend grop i fingrasboset  
og ringa inn av lyng og mose  
– ein eldstad frå den farne dag  
då eg og morbror var ilag.

I tanken kom eg att ikveld  
no einsleg i det audne fjell.  
Eg nørde eld på same tuft  
fosselåt og mildversluft.

– og sat i togn og tungsinnsferd:  
No er 'kje morbror lenger med,  
– igjenom røyk og eldsgrå fjom  
eg ser at plasson hans er tom.

Men desse sterke andletsdrag  
blir att so lenge det er dag.  
Og likeeins hans sterke hand  
– som lagde livets fasleband  
til rettes på ei betre gjerd,  
når børi ofte vart for svær.

Ved minnets eld i kvelden skum  
No ser eg alt i samla sum.

# Vårstulen Kjeksingdalen

av Olav Langåsdalen

---

Vårstulane (de var også i bruk om høsten) eller heimestulane som de også kaltes, var en viktig del av gardanes forgrunnlag. Vårstulen gjorde det mulig å ta dyra av heimebeite tidligere eller ha flere dyr. Meir av engas produksjon kunne slås til vinterfor og derved gi for til større buskap om vinteren. Vårstulen bidro til at en kunne utsette bufardagen til langfjellet ei tid, gjerne 14 dager, og til beite høyere opp i mellomtida var blitt godt nok.

Vårstulane låg etter hverandre innover med avstikkende veger fra den felles førevegen. De fleste gardane hadde hver sin vårstule, noen hadde flere. Vårstulen låg gjerne i et av gardens skogstykker, men ikke alltid. Det er nok en av grunnene til at beiteretten slett ikke alltid følger eindomsgrensene til skogteigene. Men vårstulane og roa der var ofte små. Kjeksingdalen som dette skrivet handler spesielt om er 28 mål, og det er vel en vanlig størrelse og var derfor avhengig av beiteretter som støtte innat i skogen rundt.

Der det var mulig ble stulen lagt sør vendt da det ga vesentlig tidligere, bedre og mer gras grunnet mer lys og varme.

Antakelig er vår/heimestulane minst like gamle som stulane i fjellet, og de spilte en viktig rolle i beitelogistikken. Vi vet også at de aller tidligste gardbrukarane ikke var egentlig bofaste. (Bonde betyr bofast på gammelnorsk). De tidligste bøndene flyttet bruket bevisst etter noen tiår til et nytt sted, da mangel på gjødsel og kunnskap om gjødsling gjorde at man heller anla ny åker når den gamle var utpint. Kanskje disse første primitive gardsanlegga siden ble vårstuler - de var jo anlagt på beste stedet i terrenget etter de samme kriterier som alltid - lys og varme og drikkevann.

*Anne Ims  
Langåsdalen,  
to og et  
halvt år, med  
måleband,  
hjelper ivrig til  
med dokumentasjonen  
av høyselet  
i Kjeksing-  
dalen 4.juni  
2004. Rester  
etter ei  
høygrind i  
forgrunnen.*



*Samme sted,  
høyselet  
2018.  
Her skimter  
vi såvidt byg-  
ningsrester.  
Naturen er i  
full gang med  
å ta tilbake  
det vi lånte  
engang.*



Dette er nok mest en hypotese, og det burde vært forsket mer direkte på dette. For skogene våre har mange bosettingshemmeligheter. Det mer enn antyder bestander av kulturplanter vi forbinder med husdyr og gjødsling, på flekker med vesentlig høyere bonitet i vår nære utmark.

## Kjeksingdalen – vårstulen til Haatveit Nedre Nordre

Hva navnet Kjeksingdalen betyr vites ikke. Men det er den bygdenæraste stulen på førevegen mellom Libøgrenda og langfjellet. Vårstulen til Haatveit Nordre var slik bare en times gange fra garden. Kjeksingdalen ligger på 765 moh og sørvestvendt med et nesten flatt ro i lia, omrent to kilometer sør for av Breivatn, ca 300 meter øst for skogsbilvegen mot Hegeset.

Stulen må ha vært i bruk, slik vi kjenner vårstulbruk, i hvert fall minst fra utover 1700-tallet, da vi først kan lese om den i eiendomsoverdragelser. Første kjente brukar i forbindelse med Kjeksingdalen er Svein Nerison Haatveit (f. 1753). Han løste ut et pant i Haatveit for 240 riksdaler i 1764. Han kom fort i pengenød og pantsatte igjen (1768) garden til ei enke på Sætre i Heddal. Samme år pantsetter han Kjeksingdalstulen med et sel «til brugelighet» til Ola Bjørnson også fra Heddal. På det tidspunktet var det altså minst to sel på stulen.

Lån alene løser få problemer og slik var det også for Svein som seinere samme år selger halve garden til broren Drengmann. I 1773 løser Drengmann inn resten av garden og hele Kjeksingdalen tilhører igjen Haatveit. Men heller ikke Drengmann klarer forpliktelsene og selger garden fem år etter for 300 riksdaler.

På Haatveit er det en forseggjort hestesal fra 1782, det er uvanlig hesteutstyr på en vanlig gard og vitner om en kanskje litt for dyr levemåte..

Drengmann gifter seg annen gang i 1786 og har nå flyttet til husmannsplassen Kaasastul hvor han blir livet ut. Årsleia der er 2,5 riksdaler. I denne avtalen er bruksrett til nærmeste hegna i Kjeksingdalen med.

1786 er det altså beskrevet et «nærste» sel og det er antakelig det vi ser litt av tufta etter litt opp og nord på roet. Etter dette fjerde huset lengst nord er nå bare noen steiner av hustufta tilbake. Det er i dag bare et hus oppe i Kjeksingdalen, selet mot sør, mens fjøset og høyselet imellom er råtnet ned. Bare dette første er restaurerbart, men de andre husa ble målt opp for noen år siden for å dokumentere.

Fjøset i nord ligger rett ved en liten bekk som sikret lettvint vann til dyra. For å slippe mye sør fikk likevel ikke dyra vann i timene de sto inne om natta, og det var overraskende mange båsplasser. Antallet er ikke sikkert tellbart i dag, men Anund Sisjord mener de hadde med seg 4 kyr, 3 ungdyr og 3 kalver.

Høyselet er plassert midt på roet for kortest mulig veg med høyet i slåtten. Plasseringen av hus blir viktig når det meste må bæres.

Selet helt sør på roet er kanskje yngst. Det er tydelig ombygd og i gjenbrukte materialer. Dette var etter måten et stort sel. Til overmål med vindu mot sør og seint i brukstida utstyrt med golv i tre. I selet ble det separert og kinnet, ystet ost og kokt prim, sovet og spist. Ute, rett ved selet, er restene etter kokkeisa<sup>1</sup> som sikkert ble foretrukket i lett vær, mens kasleringen<sup>2</sup> innendørs bruktes når været tilsa det.

Et par titallsmeter nedfor dette selet er det ei olle til matvatn.

*Fjøset sett fra nord,  
mai-juni 2000.  
Artikkelforfatteren i bildet.  
Her er det for seint med  
restaurering, men bildene  
viser at i bygningsvern  
haster det meste.*



*Fjøset i 2018.  
Oppmålingen i 2004 er  
viktig for eventuell gjen-  
oppbygging.*



*Selet mot sør. Her bodde Anund som hjuring 6 år gammel, og påsketurister med små  
krav til bekvemmeligheter. På vestveggen henger enda en tremeislede for høy.*



Sengene til stulsfolket. Den underste er nok en eldre utbyttet seng fra Haatveit. I forgrunnen "kasleringen", en ovn som bruktes til alt av koking innendørs. Merk de løse ringene i hele overdelen som gjorde det mulig å tilpasse alle størrelser kjeler rett i varmen under. "Kasle" er navnet på en stor kjele (f.eks. primkjelle) fra gammelt av. Derav navnet kaslering.

En tremesslede<sup>3</sup> med høygrinder henger på veggen til selet som enda står. Denne ble nok brukt til å kjøre inn høyet fra det 8 mål store roet, da det er lite trolig at de ville kjørt en tom slede inn på heia igjen etter høykjøring heim på vinteren. Om sjølve roet blebett om våren eller om alt ble spart til vinterfor og høstbeite vites ikke. Der alt foret på roet ble spart til vinterfor gjerde de med «buskegard»<sup>4</sup> og annet stedegent virke. Og hjuringen hadde oppsyn med dyra for å holde de ute av roet. Begge deler ble praktisert, og noen ganger ble roa delt for at det skulle «hevdes»<sup>5</sup> og derved gi mer avling annenhvert år.

Noen steder ble selet også brukt av byfolk til fritidsformål. Flere gamle brev med spørsmål om lån av hus til påsketurister, samt et utvalg finere tomgods fra champagne/vinflasker, forteller om dette. Et forbilledlig feriealternativ med svært begrenset miljøavtrykk.

## Anund som seks år gammel hjuring

11. februar 2016 i Tuddal forteller Anund Sisjord at han som seks år gammel i 1944 var med Gunvor (1873-1947) som hjuring<sup>6</sup>. Han be-

gynte med å gjete sau på Haatveit på et sted som heter «Løfslåtten»<sup>7</sup>. Så reiste de til Kjeksingdal og var der med sau og kyr i ca 14 dager før de reiste videre til Lekkjenuten. Anund forteller at Gunvor låste selet når



Øverst: Bæreåket til Gunvor.

Under til venstre: Detalj av "kupe" – en firebeinet lang krakk, gjerne av en halvkløyvning. Ofte dekorert med årstall og initialer fra brukere og gjester over lang tid. Helt til høyre i bildet den egentlige "cupa" (latin for beholder). I denne fordypningen hugget ut i stokken la budeia en neve grovt salt til kua, slik at den sto rolig under melking. Melkinga ble gjort inne i selet der de ikke hadde egne fjøs på stuene. Kupa her er antakelig eldre enn fjøset på bildene før.

Under til høyre: Stuttov/skureljå – ikke alt var like forsegjort i gammel tid heller. Dog, denne ljåen har neppe blitt brukt i høybergingen fra roet, men heller til å "ruske" sammen litt her og der i utkantene og i skogen. Alt ble tatt vare på og båret i hus. I følge Kristian Håtveit (1911-2002) varte denne ruskeslåtten til snøen kom.

de var av gårde. Heimkomne til stulen gikk Gunvor rundt hjørnet, (han fikk ikke være med) og kom igjen med nøkkel straks etter. Leiting med metall-søker har foreløpig bare gitt ståltråd og spiker.

Anund ble vekt tidlig når Gunvor gikk for å melke, men fikk beskjed om at han kunne ligge litt til, bare han husket på og kom til fjøset for å hjelpe henne med å bære melkeböttene når hun hadde melka. Anund forteller at han ved et høve sovnet igjen, og ble vekket av at Gunvor sto der med melkeböttene. Hun blei ikke sur, men sa bare «det var noko te kar».

Gunvor var noe vanfør og hun var ganske småvokst, slik at å bære melka i puttene<sup>8</sup> var nok vanskelig så lita og krokut som hun var. Slik var de samme puttene ganske håpløse å bære for en seksåring. Til denne bæringa hadde de et bæreak<sup>9</sup> over nakken. Det hjalp til å bære böttene høyere og avlaste armer.

Til helga blei avdrotte kløva heim til garden i dunk. Anund forteller at Gunvor måtte være førestøtte<sup>10</sup> for broren Olav (1888-1977) mens han lesste på kløva.

Fjøset var ellers den gang huset lengst unna og helt på andre sida av roet. Det var et hus til enda lenger unna tidligere. Siden, i femtiåra, var Anne Hveem (f. Nirisrud 1921) budeie<sup>11</sup> der. Vi kjenner ikke sikkert til seinere budeier i Kjeksingdalen.

## Sluttnoter

1 *Kokeeise: Enkel oppmurt fast kokeplass utendørs, særlig med hensyn på primkokning og stor kjøle.*

2 *Kaslering: Rund, stor og lav ovn i støpejern med lause ileggsringer som kunne tas ut etter behov, dvs. kokekarets størrelse og bruksområde. Kasleringen ble brukt til alt fra primkokning på stulen til takkebakst og klesvask på gard og i by.*

3 *Tremeisleder for høy: Ofte plassbygd slede med meier av bjørk med grodd krok i enden. Løse grinner med stående spiler i ramme. Det meste satt i hull etter navar og bundet sammen med vidjer og reimer, sist i brukstida med ståltråd.*

4 *Buskegard: Gjerde, helst av små granbusker lagt oppihverandre og utgjorde slik et stengsel som dyra vegret seg for å forserre.*

5 *Hevding: Å skjerme et areal for slått/beite for på den måten grønngjødsle arelet og bygge opp.*

- 6 *Hjuring*: Gjeter, som regel barn fra ca 6 års alder og eldre.
- 7 *Løfslåtten* (eg. *Lauvslåtten*?) En slått var ei løefull med høy – i tradisjonen her ca 12 mål.
- 8 *Putter*: Høye smale melkebøtter i fortinnet stålblakk.
- 9 *Bæreåk*: Redskap i tre brukt horisontalt og tilpasset nakke og skuldre med bærestropper for å avlaste armer ved bæring.
- 10 *Forestøtte*: Stav satt under kløva på den sida først lesst opp, slik at den ikke dro kløvsalen skakk og av, før man rakk å lesse på andre sida av hesten og dermed balansere kløva.

## Kilder:

- ◊ Gjertrud Kleveland Karlsrud. *Hjartdalsoga. Band III A.*  
Hjartdal kommune 2000
- ◊ Edelmann og Sæter. *Bondelandet*. Samlaget 1994
- ◊ Gunn Tone Bekkhus (f.1997). Sær oppgave fra gymnasiet
- ◊ Samtaler med Aslaug Sisjord (1924-2008), Anund Sisjord (f.1936) og Kristian Håvteit (1911-2002)

# Bygdeglimit

Tekst og foto: Ivar T Dahl

---


## Eit hjartegodt menneske i Tuddal

Det var ikkje lenge etter me blei tuddølar i 1966 at me møtte Anne. Eller var det ho som møtte kånn? Truleg det, for ho var glad i både dei kjende i bygda, hyttefolka og nykomlingar. Anne var dotter til storspelemann og

handverkar Hølje Landsverk og hadde nok mange gode evner også etter han. Musikken og songen følgde henne, humøret og arbeidsstyrken det samme.

Meir sentralt i bygda finn du mest ingen gard, like ved «ålmannvegen» og Handelslaget. Og med ei open dør i heimen, alltid kaffi og kaker (særleg Mor Monsen kake), blei garden hennars, Nord Landsverk, ein stad der svært mange var innom.

«No må de kåmmå inn o gvile dykkon», eg hører det vennlege målet hennar enda.



Mannen til Anne i livet var Olav. Olav J. Bøen frå Sud Bøen i Tuddal. Dei trong ikkje fare så langt for å finne kjærleiken.

Om Olav kunne eg også seie mange rosande ord, men det skulle no vere Anne denne gongen.

Om Anne var mild og godlyndt, kunne ho av og til «vørå noko skarp». Kom det folk som ville ha hyttetomt og for med lureri, eller «filleruggar» som ville rangle hjå far hennar, var ho ikkje sein om å seie ifrå: «De fær jadden meg kåmmå dykkån ut». «Eg bli holen tute meg så arg på slike», hørte eg av og til ho sa. Ho hadde støtt omsorg for far sin og «fabro» Hans som budde ilag nedom vegen.

Samme høsten som me kom til bygda måtte me vere med i «eplegravsten» på Nord Landsverk. «De kan da skjønne de må ha eple te veten». Det var forresten vanleg i Tuddal at skuleungane hadde fri nokre dagar om høsten for å vere med og «gråvå eple» (ta opp poteter) heime. Barnearbeid, seier du. Nei, eit viktig arbeid som forma mange for livet. Lære å vere til nytte og vite at ein hadde vore med og skaffa mat til huset. Og så alle dei ord og uttrykk som følgde med. Dei fekk tidleg vite at ein som kan mangt er som poteta, som kan brukast til så mykje. Allsidighet heiter det visst. Er ikkje slike folk etterspurd i dag i samfunns- og yrkesliv?

Bildet av Anne i fjosskålen er frå 1967 og det er i gamlefjoset og tømmerlåven ho har sitt daglege stell med kyr og kalvar. Sidan ho ikkje fekk barn var liksom dyra barna hennars. Og dei stelte ho med minst like stor omsorg som ein barneflokk hadde vore.





Da Olav bygde nytt, meir moderne driftsbygning, først på 1970-talet, var gleda stor. Arbeidet blei lettare og ho kunne stelle med sine kjære «barn» mest livet ut.

På det andre bildet, frå 2010 ser me Anne har vore i eldhuset og henta ein stor fleskebit til «Mikke», kompisens hennars som ho hadde i kosten i lange tider. Rådyr, ykønn (ekorn), fuglar av alle slag møtte tallrike opp på Nord Landsverk, slik som bygdefolk og gode venner som kom for ein godprat og «kaffibolle». Og sjølsagt Mor Monsen, ja, stundom ein konjakk inntil.

Det tredje bildet syner Anne med buskapen og stuttljå i hand. «Eg vi'kje det ska vekse slomregras o ana fillegras imme vegun' dær folk gjeng».

Etter at Olav gjekk bort i 1990, vel 70 år gammal, blei Anne i beit for karhjelp på garden. Traktoren hadde ho da aldri starta. Fleire var der til hjelp, men det var først da Paulus (Paulus Hagen) frå Enebakk kom, at det blei stabil og triveleg arbeidskraft. Dei fekk mange fine år ilag i arbeid og trivnad.

Det var så underleg at både Anne og Paulus døde mest samtidig i 2016. Paulus ei veke etter Anne, det var mest som han ville vente på henne. Ho blei 85 år, Paulus 88.

Men det siste gode minnet etter det hjartelege menneske Anne Bøen i Tuddal, var gravferda i Tuddal kyrkje, 27. oktober 2016. Ein liten fugl kom inn i kyrkja og flaug rundt over kista og alle vennene. Han ville liksom takke på vegne av alle fuglar og dyr ho hadde vore så glad i.

## Lyftesteinar og sterke karar i Tuddal

Det er to lyftesteinar på Tuddal Bygdetun. Ein etter Torbjørn Viken (1710-1790), den andre etter «Raggen», Ola Stuvrud, fødd ca. 1800.

Steinen etter «Raggen» er ikkje vogen, men den etter Torbjørn Viken blei vogen på ein Bygdedag i 1995 og veg 202 kg. På bildet ser du to sterke karar, Sigmund Brukås og Erling Aarbakk som hjelper til med veginga på handelsvekta frå Tuddal Handelslag. «Raggen» kan du lese meir om i boka mi: «Glimt av Tuddal – før i verden».

Kven som var sterkaste karen i Tuddal på 17- og 1800-talet, er ikkje godt å seie. Det var nå desse to alt nemnde.

Vidare Gunleik Lynidalen, som jaga tinndølane frå Stavsro, som folk meinte det spøkte etter ved Tjønnesteinen`.

Så var det Folkvar Flugon som slo ihel den store sjøormen på Nystul, der Tuddal Høifjeldshotell ligg nå.

Halvor Hovde var ein annan. Ein gong han overnatta ein stad etter Kongsbergmarken, kom fire kjeglefantar og ville jule han opp. «De fær bie te eg ha finji på meg brokje», sa han. Halvor dengde dei og jaga alle saman.



Så må me vel heller ikkje gløyme dei sterke bondølane frå Vestgarden. Kjetil Tovson Bondal t.d. var i eit dugeleg basketak med treskomakaren Tov Dåverdokk frå Svartdal ein gong. Det var i den gamle Greivjordsstugo. Dei blei visst både rispa og blodute. Morganen etter vaska dei blodet av seg, drakk blodvatnet og barst ihop att. Men dei var visst gode bussar da dei drog heimatt. Dei hadde iallfall fått prøve styrken sin. Dette var nok det dei kalla eit dragsmål, ikkje eit slagsmål.

Sogesamlaren Tov Reisjaa seier at det var minst like gildt med ein kjempekar som med ein riking til ektemann. Jfr. stevet der det heiter: «Eg vi k'je ha meg ein rike gubbe, d'e som ein ligg med ein vøåkubbe».

Lyftesteinen etter Torbjørn Viken låg i si tid i ein steingard ved vegen mot Kovstulheia ovafor Saubø. Torbjørn var bare 18 år den gongen, men han lyfte steinen som ein fullvaksen kar.

Det er ei herme etter han før han skal ha brasa ned gjennom kjellarlemmen ein stad i Bondal: «Det e' grepa karar i Bondal, og her kjem Gullguten i Viken». Og i kjellaren fór han.

Søskena i Kultan i Tuddal, Tov, Sigurd og Gunhild fortalte at Torbjørn skulle vere av den sterke Lonarslekta. Side 196 i «Bygdeliv – før i verden» kan du følgje ei heil rad med kjempekarar både i Tuddal, Hjartdal og

Sauland. Du kan også lese mykje om Torbjørn Viken i «Glimt av Tuddal – før i verden».

Etter Bygdedagen i Tuddal nå i 2019, oppfordra eg ein annan sterk kar, Andreas «Farmen» Nørstrud<sup>1</sup> til å prøve steinen. Og jamen tok han den litt opp frå bakken. På bildet ser du han i aksjon.

Nå dreg Andreas snart med kone og ein stor barneflokk frå Tuds-



<sup>1</sup> Tilnamnet fekk han etter deltaking i reality-serien "Farmen" på TV2.

dal. Han skal etter kvart overta slektsgarden til mor si, Hauge-Mæland i Hjartdal. Der får han nok god bruk for kreftene sine i bakkane, den etter kvart kjente karen. «Kjendis» heiter det visst idag. Eg ønskjer dei i alle fall lukke til.

Hjartdalsoga band IIIA fortel at Torbjørn Viken blei gift med Margit Hauge-Mæland i 1737. Dette er altså garden Andreas Nørstrud nå fløt til. Hjartdalsoga fortel:

Etter segna måtte Torbjørn ut på bruderov for å få Margit til kone. Dei unge lika kvarandre godt, men foreldra til Margit ville ikkje ha Sterke-Torbjørn til måg (svigerson). Da han ein gong var ventande til Mæland, samla det seg sterke karar frå bygda. Men det gjekk ikkje godt for hjart-dølane denne gongen. Torbjørn fekk Margit og dei fekk fire born på Mæland før dei flutte til Viken i Tuddal der dei fekk tri til.

Er det ikkje underleg?

## Når folk lagar nye stadnamn

Som øst-telemarking i 53 år, har eg merka meg at verda er ikkje som i 1966. Bygdemålet har endra seg, for ikkje seie snart å blitt radert ut.

Ska'leg, seier eg, men utviklinga går sin gang, seier andre. Du hører ikkje lenger kor folk kjem frå.

Det som eg har følgt mest med på er endringa og omskrivinga av stadnamn i bygdene her. Fossøy Kart produserer fine lokale kart som gjer at folk finn fram, og Anders Fossøy er interessert i at hevdvunne namn skal kome med og leve vidare.

Eg har vore ein slags «namnekonsulent» for han i dei nære bygder, særleg Tuddal. Kvalitetssikringa mi har vore eldre bygdefolk og Ivar Aasen si ordbok der gammalnorsk ligg til grunn. Likeins Norsk Stadnamnleksikon.

Da me kom til Tuddal i 1966, lura me t.d. på kva den runde nuten ved Rinde heitte. «Mjuke», sa ho me budde hjå, og fleire andre. Ja, nuten er mjuk i formen, men eg lura nå likevel. «Mjuke» heiter i dag Njuke i bygdetale. Det er rett, og ordet er kome av gammalnorsk som så mange andre. Njukur blir på Island den dag i dag bruka om slike runde nutar.

Men det har slege meg at så mange stadnamn har blitt endra for å lette uttalen, «slappkjeft», kallar eg det, og eg har sett språkforskarar brukar samme uttrykket.

Prøv sjøl på dei følgjande namn å uttale dei på rett måte, og så på dagens enklare vis. Du treng ikkje «vrengje» tunga så mykje med dei nye.

Eit anna stadnamn i Tuddal er Mydalen. Det har nok ikkje noko med «slappkjeft» å gjere, men er ei enklare uttale. Er det ikkje Myrdalen som er meir naturleg for området? Kva skulle liksom Mydalen tyde, mykje mygg (mugg) eller?

Så har me Fikstjønn ved Kultan og Lia. Fiks ferdig eller? Trur du ikkje det er Fisktjønn som er det rette? Litt vrangare å uttale enn fiks, prøv sjøl.


På vestsida av Bjårvatn ligg ein plass som folk kallar Sviksli. I dansketida blei den jamvel skiven Svixli. Lidraget på vestsida endar i Sveigen, og eg trur Sviksli opphavleg heitte Sveigsli.

Går me opp i fjellet til Kovedalen, er det fleire fine fisketjønnar som folk nå kallar Sløåtjønnen'. Ein sløå (slede) veit me kva er, men tolkinga virkar laus. Eg trur her at tjønnene skal heite Sloutjønnenn. Det

er som skapt for å fiske med slou i gytebekkane ned mot tjønnene der. Med slou tok dei fisken ved at han måtte over ei rist og hamna i ein sekk eller ei korg. Men sløå er lettare å seie enn slou. Enig?

Rekka av namneendringar kunne vere stoff for ei heil bok. Her tar eg eit litte utval.

Bærtjønn har hyttefolk ved Bonsvatn teke til å kalle tjønna like ved. Er der så mykje bær der eller?



Sjølvsagt heiter det Bergtjønn. Plassen Bergtjønn ligg der i nordenden. Den store Sletta-slekta i Tuddal har opphavet sitt der. Der budde husmannen Tore Bergtjønn som bar 90 kg. korn på ryggen frå Tangen-brygga ved Heddalsvatnet og til den svoltne huslyden sin i Bergtjønn. Ein må orsake hyttefolk for å feiltolke lokale namn. Verre er det når fastbuande bygdefolk og grunneigarar er uvitande eller likesæle. Nok om det.

Rekka av lokale namn som er i endring, bare i Tuddal, er lang. Eg avsluttar denne gongen med Råen.

Råen, eller Kovstulråen, som er meir dekkande, er ryggen der vegen går frå Kovstulheia over Flistjønnskaret til Stavsro og Tinn.

Eg har nok blitt oppfatta som ein kverulant som stadig må rette opp, både i media og i samtale, at Råen er ikkje det samme som Gaustaråen. Denne går frå Gaustaknea og til toppen, Såta, som dei gamle tuddølane kalla Gaustatoppen.

Men det virkar som at det sit langt inne å fatte dette både i lokalavisa Telen og NRK-Telemark. «Vegen over Gaustaråen er stengt p.g.a. uvær», kan me høre eller lese. Det er ikkje nokon veg over Gaustaråen. Dei må først bygge han før dei kan stenge han.

Ja det er mykje rart ein skal høre før...

Bildet er frå Bergtjønn med Bonsnås, ikkje Bonsås, bakom. Den loddrette berghammaren er Svenskekåmmåren. Du veit sikker at ein kåmmår er ein do, WC, på gammalt tuddalsmål.

## Offerstein på Uvås?

Hjartdalsoga fortel at Uvås er gammalt kyrkjegods. Hjartdal kyrkje åtte halve garden, truleg sidan seinmellomalderen. Garden blei lagt øyde på 1300-talet (Svartedauden), men er nemnt att på 1500-talet.

Gardsnamnet tyder truleg garden høgt oppe i åsen, mest som Opsal på andre sida av dalen (selet der oppe).

Fram til 1965 var det bare hesteveg til Uvås. Garden er i folketradisjonen kjent for å vere «tussebøle», dvs. dei trudde på dei underjordiske og heldt seg inne med dei.

Det var velstand på Uvås så lenge tussane «drog til garden». Men når dei underjordiske blei fornærma gjekk det gale for folket (sjå Hjartdalsoga band IIIB s. 462).

Me var så heldige å bli med eigaren, Hans Jon Hjartsjø, til Uvås ein dag i 2016. Hans er lommekjent både på innmark og i utmark, og kunne fortelje mange ting om garden og livet der. Han tok oss mellom anna med ovafor garden til ein underleg stein, tett inntil den gamle bufarvegen til fjells og fleire stular.

Steinen, eller steinane du ser på bildet, ein som ein sokkel, og ein som ei tjukk plate over, er tydeleg lagt opp av menneskehand. Hans Jon vurderer at bare oversteinen veg minst 500 kg, og dei må ha bruka «knep» for å få han opp (eller fekk dei hjelp av tussane?). Det har vore mange spekulasjonar om kva dette er for slags minne frå fortida, og om bruken.

Generasjonane på garden kalla han «Offerstein», men kva slag offer gav dei, eller fekk dei der? Dei gamle nemnde ofte den eldste tida på garden, da steinane blei reist, for «hedensk tid», utan noko fast datering.

Hans Jon fortel at det var tankar om at dei kan hende kvilte ved steinen når dei fór til bygda frå t.d. Skarstul, der det har vore fast busetnad. Eller kanskje gav eit offer der når dei for til stulen med håp om ein god busommar.

Skarstul ligg ca. 4 km. lengre oppe og mot vest.

Kanskje sette dei kista på steinen og kvilde på veg til kyrkja når nokon skulle begravast?

Det må ha vore eit fantastisk utsyn mot bygda da det var mindre skog der, og det er ein susande foss i bekken like ved. Verkeleg ein stad å bere fram eit offer.

Så nyleg som da Hans Jon var gutunge, «ofra» dei på steinen når dei drog på fisketur. Dei la 50-øringer på steinen for å få fiskelykke. «Håkken» veit om det ikkje betalte seg?




Det skal vere ein annan stein lengre oppe ved den gamle fjellvegen med innhogne teikn. Runer? seier Hans Jon. Dette kunne vore interessant å få fagfolk til å sjå på. Elles gav turen til Uvås i 2016 oss fleire naturopplevelingar. Sidan det er fredeleg og stille på garden høgt der oppe, er der som

skapt for dyrelivet. I periodar er det mykje «jåså» (hare). Me veit at jåsån øklar (formerar) seg kolossal for så å få nedgangstider med pest og sjukdom. Forfedrene og gjester på garden dreiv derfor mykje med jakt og fuglefangst langt attende.

Så ein kan seie at det var ikkje bare tussane som gav velstand på Uvås, men ein god jordveg og beite, vilt i skog og fjell, og raud fjellaure i dei mange vatn og tjønnar.


Det var såleis godt å leve på Uvås, om vegen dit var både lang og bratt.

Bildet på forrige side syner harepus som helsa på oss midt i tunet på Uvås.



## På innsteg hjå Aslaug og «Habben» Lappebakke i Sauland.

Eg hadde lenge tenkt eg skulle besøke Aslaug og Halvor Lappebakke i Sauland. Det var vel mest for å samle tilfang til den fjerde boka mi «Lesebok for deg og meg», men óg for å få meg ein godprat. Nå visa det seg at Aslaug skydde både mikrofon og fotoapparat. Men «Habben» var svært «fotogen». Likevel fekk eg både ein fin samtale og bilde av både. «Trakte-manget» var av beste slag, karbonadesmørbrød og kake.



Aslaug er av Sisjord-slekta i Hjartdal, gåverike søskan både i arbeid og kultur. Habben er frå eit lite bruk nær Omnesfossen. Store søkenflokkar var dei både av, og ikkje bortskjemde av velstand. Aslaug var svært arbeidsglad og var landpostbud i Sauland lenge. Habben var i lang tid sjaufør både på lastebil og ØTA-bussar.

Da eg var innom i 2007, var han litt kry av å ha hatt førarkort i 71 år. Da han døydde i 2009 i 73 år. Han fekk kortet i 1934, 18 år gammal.

«Eg trur ikkje de' e' mange som kan slå det», hugsar eg han sa.

På bildet syner han diplomet frå Volvo i Göteborg for utført Lastebilskulke 8.2.1954.

Det andre bildet syner han i bussen i 1957. Volvomerket ser du på

motorkassa som den gongen var inne i bussen.

Men det var ikkje bare bussar og lastebilar han interessera seg for. Skihopping, og særleg trønderen Torgeir Brandtzæg, var den store favoritten. På godt synleg plass på kjøkenet hekk Torgeir Brandtzæg i dristig stil i glas og ramme. Og for å syne si store interesse kalla han bilen sin, ein blå VW Golf, for Torgeir.

På sine eldre dagar møtte eg dei jamt på veg til Tuven for handel. Da eg spurde om dei kjørte sjølv eller følgde bussen, var han ikkje sein om å seie at han brukte Torgeir.

Aslaug, som levde nokre år etter Habben, til 2013, brukte også Torgeir etter at ho blei aleine. Ho blei 88 år gammal.

Eg måtte mest lure meg til eit bilde av Aslaug. Ho hadde eit fint sølvstaup med lauv som eg gjerne ville «tåkå av» (ta bilde av). Det var greitt, ho heldt det fram, og dermed var det gjort...

Men historia bak staupet er også interessant. Ho fekk det nemleg av grannen, Øli Risvoll, til konfirmasjonen sin i 1940. I tillegg fekk ho eit «bjøllety», klave og messingbjølle av Øli. Denne Øli blei aldri gift, men blei

veldig glad i Aslaug, fortel Anund, bror til Aslaug.

Sjølv kunne ho fortelle at dei sat på stulen Butjønn den sommaren ho gjekk for presten. Vegen frå Butjønn til Hjartdal kyrkje tok 6 timer kvar veg. Dei møtte ved tri-tida og det var nok svarte kvelden før dei var på stulen att. Christoffer Kobro som kom hit som sokneprest i 1935, var konfirmantpresten hennar. Han gav dei med den lange vegen ros for at dei møtte fram, hugsar Aslaug.

Anund, bror til Aslaug, fortel at Kobro ikkje var nokon trongsynt prest. «Det er ikke noe galt i å danse bare man gjør det for moro», hermer dei etter han.


Da Aslaug søkte om å bli landpostbud i Sauland gav doktor Hytta henne ein fin attest som kanskje avgjorde valet: «Og så har ho så gode bein», la han til.

Både Habben og Aslaug var truande menneske, men med ein folkeleg humor. Eg fekk derfor med meg nokre «risper» (historier) frå besøket i den koselege heimen deira. Aslaug kom ihug ei historie etter at ho fortalte om Kobro som sa at dans ikkje var gale bare det var for moro:

Så va det ei gåmmål jente i Hjartdal frå Høgetveit som hadde hørt at det hadde kommi ein slaktar te Nord To. Han sku jamvel vørå svensk. Dettan blei jenta, Aslaug heitte ho visst, interessera i. Ho drog upp fe o sjå dettan menneske. Kom ikkje heim før neste dagen og faren gav henne spitorde fe o skjemme ut heile slekta. Men da svårå ho: Det va no bære fe moro.

Habben hadde mange risper frå tida som ØTA-sjåfør:

Ein tidleg morgen kom det ein heddøl på bussen ved Omnesfossen. Han hadde vore på frieri på Omnes om notta. Håsse va jenta? spurde Habben. Ho va flink, svara heddølen.





Til slutt tek eg med ei til etter Habben. Var det nokon tuddølar dei kunne helde ap med, så lika nå folk «neafe» det da.

Så va det ein tuddøl som hadde fingji brukshøgst (tømmerhogst) på ein skoggard i Sauland. Skogeigaren sa at nå måtte ikkje tuddølen bruke upp elle pengen', ana spårå litt i fell han ikkje fekk arbei' te våren.  
Men da svårå tuddølen nei. Det gjorde Åsmund, bror min, o så brann'an inne me pengen'.

Besøket hjå Aslaug og Habben Lappebakke blei avslutta med at ein «husvarm» og god venn frå Heddal kom på besøk. Johannes Bakken var mannen, og han óg fekk rikeleg av Aslaugs gode kaffi og karbonadesmørbrød.

Heldig er eg som fekk treffen desse gilde folka.

# Thorbjørn Smed

av Steinar Hovde

---

Det er vel bare vi litt eldre nå som husker Thorbjørn Thorbjørnsen (1906-1990), eller bedre kanskje bare Thorbjørn smed. For meg er han vel verdt å minnes. "Om hundre år er allting glemt" heter det. Å, nei, det går nok forttere enn som så. Allerede nå har jeg møtt flere som ikke vet hvem Sme'en var. Det er nesten for galt. En slik spesiell personlighet og ikke minst umistelig mann for en bygd, og for folket der i sin tid.

Jeg kom til Sauland 8 år gammel, våren 1951, den store snøvinteren. Flyttelass med weasel fra grenda i Tuddal, skoløype fra toppen av prestegårdslåven rett ned i tunet.

## Et helt lite samfunn

Gata, (eller Tatergata – hyssjj) var nabolag til prestegården, som far forpaktet i 18 år. Her bodde familien Olsen, Tone Anundskås, Jon Bekkhus, familien Øystul som senere ble Ålandsli, familien Havrås, og i tillegg leieboere i to eller tre andre mindre hus, som nå er sanert. Dette var blant andre familien Bjørndalen og Torgrim Listul. Nederst i gata hadde Olav og Tore Bua (Thorbjørnsen) butikken sin. Rett nedenfor fire søsken på plassen Lia. (Kleppelia). I tillegg overnattet sjåfører fra ØTA i garasjen oppi gata. Det var flere også som kom og gikk gjennom årene, men de er borte for meg. Jon Lofthus, skredderen, bodde rett ved, og rett ved siden av lå Jon Nylands verksted.

På andre sida av Storvegen, som senere ble E-76, ligger smia til Thorbjørn Thorbjørnsen. Ja her var det folksomt, et helt lite samfunn, trygt og godt for en guttunge og alle som bodde der.



Øverst: Smeden bodde i det hvite huset foran i bildet. Verkstedet/smia er den lange, brune bygningen til venstre. Til høyre for bolighuset står uthuset som brant. På andre siden av hovedvegen ser vi butikken til Ola Bua (Thorbjørnsen). Helt til venstre i bildet ser vi litt av uthuset til Lia-karane. Artikkelforfatteren bodde i Prestegarden, rett utenfor bildets høyre kant.

Nederst: Menighetshus og skole lengst til venstre. "Tatergata" går diagonalt i bildet. Øverst og bakerst i gata ser vi et lite hvitt hus med rødt tak. Her bodde Jon Bekkhus. Den røde bygningen til høyre for Bekkus med hvit dør er bussgarasjen til ØTA. Bjørndalen (senere Tone Anundskås) sitt hus er neste til høyre. Deretter Olsens hus. Foran bussgarasjen ser vi det som var Øystul skysstasjon seinere Aalandslis hus. Midt i "gata" med gjerde rundt er huset til Havrås, og Malla Haugen, søster til Thorbjørn, bodde til venstre.

Bildene er flyfoto fra Widerøe, trolig 1964.



*Thorbjørn med søsknene sine, Malla og Jon.*

*Broren Jon var til tross for fysisk handikap svært teknisk begavet og hadde radioforretning på Notodden (Hagengården i Storgata).*

*Dette bildet og de andre av Thorbjørn tilhører Randi Luke, Thorbjørns svigerdatter.*



Smia og Nylands verksted var spennende steder, og der kunne jeg være i timesvis. Thorbjørn var da 45 år, Jon var 35, begge svært dyktige håndverkere.

Mor til Thorbjørn var fra Sommerliggrav i Bø, smak litt på det navnet. Thorbjørn var nylig blitt enkemann, med en gutt, Arne Bjørn, på 12 år. Dette var nok en vanskelig tid, og sikkert for begge to. Han måtte skjøtte sitt arbeide, og alenefar i denne tiden måtte være vanskelig.

Men de strei igjennom og Arne fikk sin oppvekst, sin utdannelse og etterhvert sitt yrkesliv. Ofte utenlands – som korrespondent for *Aftenposten* i Amerika og England, og han var også i Afrika en periode.

Thorbjørn må ofte ha følt ensomhet. Hos oss dukket han opp av og til og tok en kaffekopp. Han og far gikk godt sammen, han lånte hesten vår av og til, og han gjorde gjengjeld for dette og vel så det når far trengte hjelp. Selv var jeg ofte rundt han, i smia, på småturer ellers, og på fisketurer. Når jeg tenker etter var det ikke så mye prat mellom oss, ofte ganske lite, men jeg tror han syntes det var greit nok å ha denne guttungen rundt seg. Jeg så aldri noe til det omtalte temperamentet hans, unntatt i smia. Vil du ikke så skal du! sa han når noe ble vrangt.

Jeg har hørt at han lærte smedyrket av faren, som hadde smie oppe i «gata». Han skulle også hatt et heftig temperament, og de skulle ha vært ganske livlig i smia av og til. Siden bygde han huset sitt, rett ved Stor-



*Thorbjørn og Arne Bjørn på en av mange fjellturer.*

vegen som den het den gangen, og det nye verkstedbygget, med smie, snekkeravdeling, og romslig, arbeidsrom. I et innhuk midt på dette bygget, og under tak, sto utstyr og redskap der han skodde hest.

## Thorbjørn og Jon

Det er vanskelig å prate om Thorbjørn uten å nevne Jon. Han kalte seg Nyland, skulle vel egentlig hett Haugen, men bodde på stedet Nyland, sammen med faren, Andres. Thorbjørn var onkel til Jon, idet Andres, far til Jon, og Thorbjørn, var halvbrødre. Jon var ulik Thorbjørn, kanskje med mere kunstnerisk sinn, ønsker og evner. Begge må ha arvet svært gode praktiske evner.

Jeg vil påstå å ha kjent begge disse godt. Og så må jeg selv sagt presisere at det jeg nå forsøker å beskrive er egne opplevelser og inntrykk fra 1951 og fremover noen år, og noe fra etter 1974 da jeg flyttet tilbake til Sauland. Noe har jeg nok hørt også. De var ganske ulike til sinns. Thorbjørn kunne være hard og krass, med vekslende humør, uttrykte ofte det han mente rett fram uten å pakke det inn, og var kjent for å ha et vanskelig temperament.

Dette forsøkte han nok å dempe ned endel, dette sikkert også på grunn av hans kristne innstilling og menighetstilhørighet. Han og faren bygde av egne midler Sion, et bedehus for pinsevennene, en utbrytergruppe fra kirken. Senere bygde han, og var med på å bygge dette huset større to ganger. Sion og vennene hans der vet jeg var svært viktig for han.

Jon var og forble ungkar. Jon var også mere sosial, logn, pratsom, snill og svært hjelpsom. Han satt ofte på kjøkkenet hjemme, med sitt hvite lange kunstnerhår, og både håret og den hvite islenderen med hvite spetter fullt av flis og sagmugg. Han hadde utallige historier, noen litt, eller skal vi kanskje si svært, tvilsomme. Han var god til å fortelle, og når han harket et par ganger, låste deg fast med øynene og satte i gang med en skrøne, kunne det bli en ganske krevende opplevelse.

Alle de artige spikk og skøyerstreker som ble klekket ut på verkstedet til Jon Nyland er helt utrolig. Her kunne jeg nok ha fortalt endel historier. Jon hadde alltid god tid og var glad i kaffe med sukkerbiter til. Vi var på samme jaktslag i over 30 år. Det var vi i jaktslaget som bar kisten hans til graven. Det var bestemt, og ønsket, av vår gode venn. Det står *bygdekunstner* på steinen hans på kirkegården. Det er sant og riktig. Han var dyktig særlig innen treskurd og rosemalning og holdt ofte kurs i dette.

Jeg fikk aldri følelse av at det var noe nært forhold mellom disse to. Jeg



*Friluftsmannen Thorbjørn på moltetur.*

hørte aldri at de snakket om hverandres gode egenskaper eller dyktighet, eller at de berømmet hverandres vellykkede produkter av mange slag. De vanket heller ikke sammen i min tid og hadde nok ulike interesser. De må likevel ha vært en del sammen i yngre år, for de fortalte meg, hver for seg, om noen turer de hadde hatt sammen i skog og fjell. Fisking, molteturer og lignende. Det var noen artige historier.

## Smia – et spennende sted

Men så tilbake til Thorbjørn. En traust kjernekars, arbeidsom og ærlig i all sin ferd. Kvalitet var en selvfølge. Han var smed, snikker, rørlegger. Han var også annleggsarbeider i senere år, da tider og behov hadde forandret seg, og det ble mindre oppdrag i verkstedet. Han ble sterkt skadet i steinras i tunnelarbeid i sin annleggstid, men kom seg på beina, ihvertfall tilsynelatende i god form, men han klagde jo aldri heller.

Smia var et spennende sted. Folk og hester til enhver tid, ofte flere samtidig, med prat og moro. Sme'n selv var nok mene måteholden her, puslet med sitt og ambolen sang i bakgrunnen. Noen kom med hest han kjente fra før, andre måtte vurderes, stelles litt med og kanskje advares og tuktes litt. De måtte oppføre seg, slik at vinkling, skjæring, rasping, tilpassing og selve skoingen ble riktig og bra. Og det ble det nok. Dette kunne være farlig nok, han ble skadet flere ganger, men arbeidet ble fullført. Når han holdt i varmt jern, som ingen andre trodde seg til, sa han:

– Du må bare holde hardt nok.

Han fortalte meg at det kom en heddøl med en unghingst, som aldri hadde vært «håndert», og dette underslo mannen. Han fattet mistanke og sa at denne jobben ville han ha på akkord og bedre betalt for, og dette godtok mannen, litt beskjemmet.

– Det var en dårlig akkord sa Thorbjørn. Jeg var både høyt og lavt, sto igjen i bare fillene og med flere brukne ribbein, men hesten ble skodd.

Han regnet med å ha skodd godt over 10 000 hest. Han gjorde hesteredskap av alle slag, og de holdt tøff håndtering. Dette krever snekkerkynighet, og han henta hardvedemner i forskjellige fasonger som han lagret til slikt bruk.

Han sveisa og reparerte, til og med biler i seinere tid, og var ikke i beit om det manglet deler som var mulige å lage i smia. Det korn en mann som hadde vært uheldig å ødelegge bunnpanna på bilen, og dette var en ny bil med aluminiumspanne.

*Friluftsmannen  
Thorbjørn på tur  
en vinterdag.*



– Synd, sa mannen, for disse lar seg ikke reparere eller sveise, så nå går jeg og ventet på en ny.

– Du får komme med den sa Thorbjørn.

– Du får hente den, sa han litt senere, og da skrudde de bunnpanna på bilen.

Han var rørlegger, trolig selv lært, men det sme'en skrudde sammen, det holdt. Slik også hos meg. Og det er riktig at han av og til sa «spør ikke om jeg kan, men om jeg vil». Det hørte jeg selv noen ganger, men det ble nok ofte sagt med et lite smil. Det hendte også at han ikke ville, av forskjellige årsaker, til undring og forargelse for noen.

Han var den første jeg så med en liten pisk av en enhånds fluestang, som han hentet et måltid med nede i elva, ofte i Liahølen. Dette var noe ganske nytt i Sauland. Her var det rognstang og langbambus som var redskapen.

Han fortalte at han i sin tid hadde ansvar for kraftstasjonen i Skogså, under Kleppen, og særlig vinterstid var dette strikt og vanskelig med tilsing, som måtte hogges vekk slik at turbinen fikk vann. Hardt og kaldt og kunne pågå både dag og natt i perioder.

## Det skulle brennes ferdig

Jeg husker ikke årstallet, men uthuset hans brant en dag. Dette lå vest for og ganske nær huset, og jeg tror det var et uhell ved gressbrenning. Det må ha vært på 60-tallet. Thorbjørn var medlem av Sauland Røde Kors, antakelig i styret og ledelse. Han hadde alt utstyret til laget i dette uthuset, blant annet ganske mye nødraketter. Bårer og noe bekledning og endel annet utstyr var der visst også. Midt under slokkingen opplevde vi et infer-



Friluftsmannen  
Thorbjørn på  
pilking.

no av smell og rakter som freste ut fra dører og vinduer, og jeg løp for livet sammen med andre folk som hadde strømmet til.

Under dette, eller kanskje litt etter, kom brannbil og mannskap fra Notodden, og mannskapene gjorde seg klare til slukking. Det ble det ikke noe av. Mellom uthuset og bilen sto Thorbjørn, sotsvart og rasende og forkynte at her skulle det brennes ferdig. Dette bestemte han. Det ble en snodig stemning en stund, men brannmennene måtte gi seg, og pakket surmulende utstyret sitt og reiste. Jeg tror Thorbjørn tok alt på sin kappe, uten å kreve forsikringspenger.

## En god venn

I sine eldre år var nok sme'n mindre aktiv i smia, mere til hobby og mindre oppdrag for seg selv og nabolag. På slutten av sitt liv skortet det på synet, noe han var hemmet av og irritert over. Når vi smidde knivblad sammen, var særlig herdingen vanskelig å treffe skikkelig.

Men fremfor alt var han en god venn, og hadde du han som venn, da var du rolig for at han var der, for deg, og med hele seg. Det var ikke nødvendig med mange ord og lange samtaler. Han var der.

Siste samtalens vår var på sykehuset, hvor han lå sterkt avkreftet, tynn og tydelig plaget. Han var klar til å dø og ønsket å forlate dette livet, og det var da han sa til meg: Jeg må da få lov å dø.

Det ble en sterk og spesiell opplevelse ved jordfestelsen, der en hingst liksom tok et farvel.

# Torbjørn smed

*Minneord ved Steinar Hovde*

Han var av stolt og stri natur – og streng  
og tross der skilte mange år – min venn  
en storøyd gutt, en strevsom mann  
som midt i slit og gnist og brann  
kunne sende lune øyekast der ned  
så jeg var sikkert nære ved – å bli smed

Og sterk var kvinne eller mann – den gang  
som brøt med prest og altergang – som han  
som freidig blant «de frelste» gikk  
som høstet hets og kalde blikk  
slik blir vel den som former stål  
som tvinger jern og ensom går – i alle år

Han fant sin kjærlighet en dag – så kjær  
Maria Haga visstnok navnet var – fra plassen der  
hun rakk å skjenke han en sønn  
som ble velsignet, Arne Bjørn  
men snart sto enkemann og barn  
forlatt og ensomme ved grav – en dag

Hun fikk et kort og strevsamt liv – Og han  
ble mor og far i strev og slit – og savn  
men barn ble gutt, og gutt ble mann  
snart var han reist til fjerne land  
og ganske sjeldent hjemme var  
og alt var så travelt, knapt man har – tid for far

Men når han kom, da var det fest – og høytid der  
da var der fri, og han som gjest – ble feiret der  
da gikk han stolt, og viste frem  
her er min sønn, er kommet hjem  
så gikk de tur langs bygdens vei  
og han var stolt og ranket seg – med sønnen der

For mann og bygd og grannelag og alle her  
for jord og skog og dyr og gard – og der  
man trengte hjelp av mange slag  
der sto han bi, der var han klar  
en umistelig og viktig mann  
og kvalitet var slik som han – hedersnavn

Som far så sønn, det sies slik – på folkemunn  
så ble han vist nok far sin lik og – av den grunn  
som et produkt av tid og sted  
og arv og slikt som følger med  
temperament, humør og sinnelag var vondt å styre,  
og mang en dag vanskelig – å leve med

Han bøyde nakken kun for Gud – og bokens bud  
og til'med det sa kjentfolk rundt – så vanskelig ut  
man sa at smedens hammerslag  
bar bud om dagens sinnelag  
bruk ikke ord som kan og snill  
«spør ikke om jeg kan, men vil» – sa Thorbjørn smed.

Og all slags gamp var smeden kjær – var hjertebarn  
da antes smil bak soten der – mens han  
vurderte, strøk og mumlet lavt  
ble der gitt ros, ble kusken glad  
så hvor mange hest har du gitt sko?  
å en vel 10 000 stykker vil jeg tro – sa Thorbjørn Smed.

Det kom en brande av en kar – tykk og svær  
men tynn og mager hesten var – et usselt krek  
så skjedde det som måtte skje  
han mønstret mannen, opp og ned  
så korn det myndig, høyt og klart  
jeg ser at en av dere, trenger mat – sa Thorbjørn Smed

Vi satt en dag i Sions hus – hans andre hjem  
og midt i flokkens jubelbrus – bland dem  
som av og til tok liksom av  
de sang «tok de enn vårt liv», et ce'tera  
da visket han meg disse ord  
for meg blir slik bekjennelse for stor – sa Thorbjørn smed

Jeg var nok en gang på kort besøk – ved sykeseng  
der lå han svak, helt uten glød – min venn  
men sterke menn må brytes ned  
det tar lengre tid, og lidelse  
men stemmen hans var sterk og stø  
jeg må da vel få lov å dø – sa Thorbjørn smed

Vi ble mange der, ved smedens grav – den dag  
og alle høytidsstemte, preget var – og tenk da  
før siste salme stilnet av  
da kom en hingst i praktfullt trav  
med faks og hale som en sky  
et sjeldent, edelt vakkert dyr tenk – i gravferdslag

Og innover gjerdet og tett inntil – sto dyret der  
og vi ble åndløst målløst vitne til – at nettopp der  
Der sto den helt urørlig før den ga  
et høylydt vrinsk, og løp defra  
Den tordnet bort i prasktfullt trav  
snart fjernet lik lette hammerslag – og stilnet av

Det ble en stille tenksam stund – ved smedens grav  
og mange såg seg undrende rundt – og tørket tårer av  
og var der ting, litt sårt og slemt  
så ble det sikkert tilgitt, glemt  
men jeg fikk aldri følelse av  
at noen bar til smeden nag – til denne dag

- - -

Jeg søkte nylig smedens grav – og stanset der  
En Stein med navn er preget av år – med vind og vær  
For hvem skal plante blomster her?  
og hvem skal tenke tanker der?  
For Arne-Bjørn som vide for  
er død, begravd, men når og hvor – vet ikke jeg.

Men rett ved veien hvor du går – en smie står  
litt sliten kanskje, trett og grå – men år for år  
den minner oss om tid som var  
og skjønt stålets sang er stilnet av  
så minnes vi, en mann, et sted  
Du har gjort ditt, så hvil i fred – lik Thorbjørn Smed.



*T*horbjørn  
*T*horbjørnsen  
(1906-1990)  
*P*å folkemunne i  
bygda var han  
bare «Sme'en».

# Unikt funn på fjellet i Hjartdal

av Audun Solberg

---

*Eg er, som vel du veit, ein fjellets mann,  
og derfor dreg til fjells so tidt eg kan,  
å friska meg på fly og bratte bryn  
og sjå ikring meg alle store syn.*

(Aasmund Olavsson Vinje)


På ein moltetur i Hjartdalsfjella hausten 2018 kom eg over ei steinrøys eg meinte det var grunn til å sjå nærrare på. Etter mi vurdering var dette ikkje noko vanleg morenerøys frå istida.

Steinrøysa, som har rund form med diameter på 3,6 meter, er låg og ligg delvis på eit bart fjellparti. Delar av den er overgrodd av lyng. Røysa er bygd opp av fleire store steinar, mellom anna ei stor, tung helle. Men det er også mange mindre steinar her. Forma, plasseringa og steinsamsetninga gjer at vi kan fastslå at røysa ikkje er laga slik frå naturen si side.

Men røysa kan ikkje vera ei rydningsrøys. Det er ikkje noko rydda område her. Røysa er heller ikkje eit varp eller kast. Slike er helst mindre og oftast bygde opp av små steinar.

Eg kontakta arkeolog Sindre Arnkværn i Telemark fylkeskommune, som kom og såg på røysa. Han er tydeleg på at det er ei gravrøys. Gravrøyser så høgt til fjells og så langt frå folk er uvanleg å finne. Men dei finst, på stader der det ikkje har vore jordbruk, i område som først og fremst har vore nytta til jakt og fiske.

Når ein først har funne ei gravrøys, kan det vera fornuftig å sjå etter fleire. Det har vi gjort, og rett sør for den sikre gravrøysa, om lag 20 meter, ligg det ei røys til.



Steinrøysa ligg på høgdedraget mellom Breivatn og Kovvatn.  
På bildet ser vi Kovvatn i bakgrunnen.



Her ser vi eit varp bygd oppå ein stor stein rett ved sida av stien. Bildet er frå området ved Gåsere.



Gravrøysa ligg ca. 970 meter over havet, og er ei av svært få som er funnen så høgt til fjells i Telemark.  
Vi ser fylkesarkeolog Sindre Arnkværn i bakgrunnen.

*Dette er ei lita røys, sirkelforma med diameter på ca. 1,3 meter.*



*Det er nok ikke tilfeldig at gravrøysa ligg ved ei ferdselsrute gjennom området. Slik ville den lettare bli lagt merke til.*



*Den store steinhella har truleg stått oppreist som ei markering av grava.*



Røysa markerer truleg ei grav, seier arkeolog Sindre Arnkværn. Når den døde blir kremert og restane lagt i ei grav, i urne eller utan, treng ikkje gravrøysa vera stor. Branngraver var vanlege i store delar av eldre jernalder.

Vi kjenner ikkje alderen på den store gravrøysa. Datering av tilsvarende graver andre stader viser at dei fleste er frå 600-700 talet e.Kr., men kan godt vera eldre. I jernalderen var det vanleg at dei døde blei gravlagde på garden der dei hadde budd. Kva slag folk var det som gravla sine døde på fjellet?

Ennå er vel ikkje arkeologane heilt i mål med å finne svaret, men dei er samde om at gravrøyser på fjellet vitnar om at det fanst folk som heldt til i små flokkar i fjell- og skogområde, og som levde av jakt, fangst og fiske, utan fast busetjing. Fjellgravene, om vi brukar det uttrykket, kan markere ein råderett over jaktareal, og at det var her den døde høyrd heime. Slik sett ein parallelle til graver i låglandet. Funn i gravene viser at dei har hatt kontakt med fastbuande, og gravene er ofte – kanskje litt uventa – rikt utstyrt. Jakt og fangst kan økonomisk sett ha vore ei god næring.

Eit naturleg oppfølgingsspørsmål er: Kva skjedde med desse folka? I vårt område blei dei nok fastbuande bønder med jakt og fiske som viktig attåtnæring.

## Kjelder:

- ◊ *Store norske leksikon* (Frans-Arne Stylegar)
- ◊ Terra Buskerud – historieboka.no (Kjell Erik Sønsterud)
- ◊ Bjørn Hougen: *Fra seter til gård*. Norsk arkeologisk selskap 1947
- ◊ Fylkesarkeolog i Oppland Espen Finstad m.fl.:  
*Jotunheimen. Historien, maten, turene*. Gyldendal 2011
- ◊ Fylkesarkeolog Sindre Arnkværn

# Uvanleg godt bevarte restar av jernvinneomn ved Kovvatn

av Audun Solberg

---



Vi kjenner til at det har vore omfattande jernproduksjon ved Breivatn. Ved Kovvatn er det tidlegare registrert 4 slaggområde. Eg har funne 4 i tillegg, men eg har ikkje vore der da vatnet var så lågt som før kraftutbygginga. Oftast ligg slaggområda i strandsona, så eg er nokså sikker på at det har vore fleire jernvinneplassar her.

Jernslagg kan daterast med C14-metoden dersom ein finn kolbitar i slagget. Veden som blei bruka, har gått over til kol i framstillingsprosessen.



Jernslagget samla seg i ei grop under omnen, og det er restar av den gropen vi ser på bildet.

Dei meir eller mindre loddrette steinane er veggar i gropa. I midten ser vi jernslagget. Indre diameter på slagg-gropen er 70 cm. Over gropen har sjølve jernvinneomnen stått, men den er borte. Sjølve gropen har lege under bakkenivå, og slagget rann ned i denne gropen. I vikingtid/ mellomalderen rann slagget ut av omnen . Etter kraftutbygginga har vatnet vaska vekk jord og gruslag slik at gropen ligg synleg. Det er sjeldan vi ser så fin og heil slagg-grop.



Høgda på slaggklumpen er opp mot 30 cm.



Kart Kovvatn. Dei rauda trekantane viser slaggområde, svarte små sirklar (heilt til høgre) er kolgropar. Restar av tidlegare stular er også avmerka.

Ved trekanten lengst til venstre kan vi sjå restar av ein jernvinneomn frå tida før vikingtid. Da blei jernvinneomenen fyra med ved, ikkje trekol som i vikingtid og mellomalderen.

Det er kolet vi daterer, men jernslagget er like gammalt. Vi har hatt ein slagklump til datering. Telemark fylkeskommune har dekt utgiftene. Som venta viste dateringa til tida før vikingtid. Men at klumpen var frå tidsrommet 21-170 e.Kr., langt tilbake i eldre jernalder, var spennande. Ikkje akkurat uventa heller, for vi har faktisk enda eldre datering frå Breivatn.

I motsetning til prøvene frå Breivatn, som var frå bjørk, var denne ved Kovvatn frå furu. Da må vi vera litt meir forsiktige med å fastslå alderen, den kan vera noko yngre enn dateringa viser, men likevel, svært gammal.

Vi har igjen fått stadfesta at hjartdølane var tidleg ute med jernutvinning, for mange uventa tidleg. Etter det vi kjenner til så langt, er dette fleire hundre år før aktiviteten starta ved Møsvatn.

## Kjelder:

- ◊ Fylkesarkeolog Line Grindkåsa

# Litteratur frå hjartdalsbygdene

Liste utarbeidd av Hjartdal historielag

---

Til å vere ein så liten kommune i folketal, vil vi tru at Hjartdal har ei svært lang liste over trykt litteratur. Det meste er lokalhistorie, men også nokre diktsamlingar, ei essaysamling mv.

På denne lista er det tatt med det vi til nå har funne. Nokre få er nokså små hefte, medan andre er store verk. Vi har også med eit par bøker der temaet dekker heile eller andre delar av Telemark, men der hjartdalsbygdene har stor plass.

Mange av bøkene er ikkje i vanleg salg lenger, men dei fleste bør kunne skaffast av alle offentlege bibliotek. Ein kan også spørje i bokhandlar eller søke i antikvariat. Kanskje har utgjevaren eller forfattaren eit restlager.

Vi minner samstundes om at det finst store mengder lydinnspelt lokal-kultur, hovudsakleg musikk, tilgjengeleg på internett. Først og fremst frå *Buen kulturverkstad*. Ein treng bare eit minimum datakunnskap, for å nytte seg av dette, nærmast gratis.

*Bakka, Frode  
Avtrykk (dikt)  
Publica 2009*

*Berge, John  
Slikt far min kunne lage  
Eige forlag 2018*

*Bergerud, Gunleik  
Ser'n kleint han?  
Barndomsminne fra 1940- og 50-talet  
Eget forlag 2016*

*Buen, Knut / Olav J Rui  
Dans og soger til Tuddalstonar  
Tuddal spelemannslag 1974*

*Buen, Knut  
Jørgen Tjønnstaul  
Buen kulturverkstad 1984*

*Buen, Knut  
Kunst og handverk i Tuddal  
Tuddal husflidlag*

Buen, Knut Siring. Tekstar og tonar Nyrenning 2008	Hardang, Arne / Sisjord, Halvor H / Gvåle, Gudrun H Frå omgangsskule til 9-årig i Hjartdal Eige forlag 1989
Buen, Knut «Som gofa spølå» Tradisjonen rundt spelemannen Knut Dahle 1834-1921 Rupesekken forlag 1983	Hjartdalskalenderen. Årleg frå 1987. Hjartdal Mållag og Hjartdal Historielag
Dahl, Ivar Torfinn Glimt av Tuddal – før i verden Eige forlag 1998	Hytta, Torkel / Skoje, Leif Skog og skogbruk i hjartdalsbygdene Hjartdal skogeigarlag / Hjartdal historielag 2012
Dahl, Ivar Torfinn Bygdeliv – før i verden Eige forlag 2003	Hytta, Torkel / Solberg, Audun Ein plass å bu Husmannsplassane i Sauland. Hjartdal historielag 2019
Dahl, Ivar Torfinn Bygdefolk – før i verden Eige forlag 2005	Høgehaug, Olav / Nes, Trygve Ættesoge frå Øvre Telemark Eige forlag 1997
Dahl, Ivar Torfinn Lesebok for deg og meg Eige forlag 2007	Høydal, Hallgrím «Ud fra den kvalme Byluft» Tuddal Høyfjellshotell 100 år Tuddal Høyfjellshotell 1995
Dalen, Erling Det ror ein los (dikt)	Innvær, Reinert O Å tru. Utvalde dikt Eget forlag 2012
Dunker, Bernhard Reise til Tellemarken og til Arendal 1852 Kristiania 1922	Karlsrud, Gjertrud K Hjartdalsoga I Gard og ætt i Tuddal. Hjartdal kommune 1987
Flatland, Karl Fra Sudan Det Norske Missionsselskabs... 1922	Karlsrud, Gjertrud K Hjartdalsoga II Gard og ætt i Sauland. Hjartdal kommune 1992
Karl Flatland Svinehold Aschehoug 1911	Karlsrud, Gjertrud K Hjartdalsoga IIIA Gard og ætt i Hjartdal Nordbygda Hjartdal kommune 2000
Gvåle, Gudrun H Glimt langs ein ferdaveg. Dikt Eige forlag 1995	Karlsrud, Gjertrud K Hjartdalsoga IIIB Gard og ætt i Hjartdal Gvammen Hjartdal kommune 1998
Gvåle, Gudrun H Mi meinig om dikt og sanning Streiftog i norsk litteratur Eige forlag 1989	Landbruket i Hjartdal. Produksjonsgrunnlag og framtidsvilkår Norges landbruksøkonomiske institutt, 1966
Gvåle, Gudrun H Hått sie du? Målføra i Hjartdal, Sauland og Tuddal. Hjartdal Mållag 1985	Landstad, M B Gamle sagn om hjartdølene Hjartdal museumslag 1985
Hardang, Arne Kyrkje- og prestesoge for Hjartdal Buen Kulturverkstad 1994	

<i>Langåsdalen, Olav</i> <i>Den lille praktiske bålboka</i> <i>Eige forlag 2016</i>	<i>Norske Gardsbruk</i> <i>Telemark II</i> <i>Foyn forlag 2000</i>
<i>Lindemann, Ludvig M</i> <i>Samlarferd 1851</i> <i>Norsk Musikkensamling 1978</i>	<i>Rui, Olav J</i> <i>Fram ungdomslag Tuddal 1894-1975</i> <i>Fram ungdomslag 1975</i>
<i>Lonar, Torbjørn</i> <i>Eikermoungane</i> <i>Dine spor 2017</i>	<i>Rui, Olav J</i> <i>Gloen. Dikt</i> <i>Buen kultuverkstad /</i> <i>Tuddal Speleemannslag 1988</i>
<i>Løndal, Sigrid</i> <i>Åpen eld (dikt og foto)</i> <i>Eige forlag 2015</i>	<i>Rui, Olav J</i> <i>Soge omkring Tuddal Bygdetun</i> <i>Tuddal Museumsdag 1978</i>
<i>Mellom hjertets slag og felas drag</i> <i>Festskrift til Knut Buen</i> <i>Telemarksavisa 1998</i>	<i>Rui, Olav J</i> <i>Svein Løndal</i> <i>Eige forlag 1954</i>
<i>Mostue, Alf</i> <i>Løvheim hotell 1877-1977</i> <i>Løvheim hotell</i>	<i>Sandsdal, Halvor J</i> <i>Langs Svorteåi</i> <i>Seljord Målarklubb 1986</i>
<i>Nes, Trygve</i> <i>Bondal i Telemark. Stuler og stulsdrift</i> <i>Eget forlag 1993</i>	<i>Sisjord, Halvor H</i> <i>Stutte og lange steg</i> <i>Eige forlag 2013</i>
<i>Nes, Trygve (red.)</i> <i>Haugety og trollskap</i> <i>Hjartdal i segn og soge</i> <i>Eget forlag 1991</i>	<i>Sisjord, Halvor H</i> <i>Tankar, brev, hendingar og folk</i> <i>frå ei lita bygd i Telemark</i> <i>Eige forlag 2002</i>
<i>Nes, Trygve</i> <i>Hjartdal i bilder</i> <i>Eget forlag 1992</i>	<i>Skoje, Frøydis H / Wagn, Anne H</i> <i>Hjartdal møter kongeparet</i> <i>Hjartdal kommune 1996</i>
<i>Nes, Trygve</i> <i>Med lokk og lur</i> <i>Stulshistorikk fra Hjartdalsfjella</i> <i>Eget forlag 1991</i>	<i>Skoje, Leif / Wagn, Anne H</i> <i>«For at finde en blidere skjebne»</i> <i>Utvandringa frå Hjartdal til Amerika</i> <i>Hjartdal kommune 1989</i>
<i>Nes, Trygve / Olav Høgehaug</i> <i>Ættesoge frå Øvre Telemark</i> <i>Eige forlag 1997</i>	<i>Trae, Svein Vetle</i> <i>«Skriften på veggen» Krig og motstand</i> <i>i Hjartdal/Øvre Telemark 1940-45</i> <i>Hjartdal historielag 1995</i>
<i>Nordbø, Halvor</i> <i>Ættesogor frå Telemark</i> <i>Oslo 1928</i>	<i>Trae, Svein Vetle</i> <i>«Lamplight» Krig og motstand</i> <i>i Notodden/Øvre Telemark 1940-45</i> <i>Notodden og omegn</i> <i>Heimefrontmuseum 2015</i>
<i>Norske Gardsbruk</i> <i>Bind XII Telemark fylke I</i> <i>Forlaget Norske gardbruk 1955</i>	

*Visur og vers frå Hjartdal*  
*Hjartdal viseklubb*

*Wagn, Anne H*

*Bygningsarv i Hjartdal*  
*Hjartdal kommune 1992*

*Wagn, Anne H*

*Eg vandrar ut, ver med meg, Du!*

*Telemarkingar i USA*

*Eige forlag 2002*

*Wagn, Anne / Nordby, Guro*

*Kulturlandskap i Hjartdal,*

*Notodden og Seljord*

*Tun forlag 2007*

*Wagn, Anne H*

*Lita kultursoge frå Hjartdal*

*Eige forlag 1987*

*Wagn, Anne H*  
*Vekst og varsemd i 100 år*  
*Hjartdal og Gransherad Sparebank 1998*

*Xan, Erna Oleson*

*Wisconsin my Home*  
*University of Wisconsin Press*  
*Madison, WI. USA 1950*

*Aanderaa, Dag*

*Telebondens ære og kongens makt*  
*Bondeopprøret i Hjartdal 1540*  
*Hjartdal kommune 1990*

*Årbok for Hjartdal Historielag*

*Årleg frå 2011 og framover*

*Hjartdal historielag*

# Halvor H Sisjord (1922-2019)

Under avslutninga av arbeidet med denne årboka opplever vi at ein av våre største tradisjons- og kulturformidlarar går bort. Etter eit langt og innhaldsrikt liv døydde Halvor H. Sisjord 97 år gammal.

Hjartdal historielag vil takke "Habben" for ein uvurderleg innsats og lyser fred over minnet.

## EIN KVARDAGSTANKE

Dei seier livet er pust i sivet  
Å skjøna gåta er inga råd.  
Men alt det beste  
det kan vi skrive  
kan ikkje kjøpast,  
det må vi få.

Er lett og tungt under fjella våre  
med bør og motvind og opp og ned.  
Men mindre saltsmak  
har kvar ei tåre  
om ein har vener  
å leva med.

Sola vermer i godvers-grender.  
Og solfall-skuggen er god og sval.  
Ned under vidde  
og kvite fenner  
er godt å bu  
i ein vakker dal.



HHS



# I avisa for 100 år sidan

---

## **Skiensfjordens kommunale kraftselskaps kjøp av vandrettigheter i Tuddal.**

Styret og grundeiernes repræsentanter enige om betingelserne.  
En kjøpesum av 575.000 kroner!

Skiensfjordens komm.kraftselskap har i længere tid underhandlet om kjøp av vandrettigheterne i Kova, Tveitaaen og Skogsaaen i Tuddal.

De tre elve repræsenterer en kraftmængde av ca.30.000 døgn HK og ligger bekvemt til for tilknytning til selskapets tidligere indkjøpte vandfall.

I møte den 18/9 mellem SKK's styre og grundeiernes repræsentanter d'herrer bankdirektør

M.M.Kleppen og bankkasserer Kjetil Dahlen enedes man om betingelserne for overdragelsen. SKKs styre indstiller derefter enstemmig til selskapets repræsentantskap paa indkjøp av de nævnte elve for en kjøpesum av kr.150.000 for Kova, kr.125.000 for Tveitaaen og kr.300.000 for Skogsaaen.

**Samtidig indløses bruks-eier M.M.Kleppens elektrisitetsverk i Sauland for kr.75.000, idet dog verket drives indtil videre av eieren for hans egen regning.**

Sælgerne har forbeholdt befolkningen i Tuddal og Sauland ca.500 HK paa nærmere angivne betingelser, naar vassdragene utbygges.

*Frå Bratsberg-Demokraten  
20.september 1919.*



# Ting frå tidlegare tider

## Tigersvans

I gamle dagar var det berre øks som blei bruaka i tømmerhogsten, både til felling og kvisting. Frå ca.1900 kom handsager i bruk ved felling og kapping av treet. Handsagene blei kalla tømmersvans og det var både einmanns- og tomannssager.

Den mest kjende saga var *Tigersvansen*. Den blei produsert av Sandviken Jernverks Aktiebolag i Sandviken, Sverige. Logoen var eit tigerhovud og det var stempla på sagbladet, men dette er ikkje lett synleg på sagbladet p.g.a. slitasje. Bildet syner logoen på sagas futteral. På nokre utgåver av saga var det ei fjær som skulle festast i

stokken. Dette gjorde det litt tyngre å dra saga mot seg, men lettare å skuve saga frå seg. Fjæra gjekk under namnet *hjelpegutt*, *sagkamerat* eller *kompis*. Tigersvansen og andre handsager var vanleg i bruk i tømmerhogsten fram til 1950-1960 talet da motorsaga overtok.

Tigersvansen er kjent frå Hans Børlis *Tømmerkoievise* der eit vers lyder slik:

*Du har vel hørt om Syden, Kal,  
der kokospalma står  
så lang og slank at toppen opp  
i sjølve himlen når.  
Der skulle vi ha vøri, Kal,  
me' tigersvansen vår.*

Kjelde: Skogbruksutstillinga på Tuddal bygdetun sommaren 2019



# Bidragsytarane til boka

---

## **Svein Bakkalia** (f.1954)

Tidlegare telefonommontør og miljøassistent. Pensjonist. Heddøl, busett i Sauland. Leiar i historielaget og i årbokredaksjonen.



## **Knut Buen** (f.1948)

Kjent folkemusikar, rosemålar, folkeminnesamlar og gardbrukar. Busett i Tuddal.



## **Ivar Torfinn Dahl** (f.1943)

Tidlegare lærar og gardbrukar. Produktiv lokalhistorisk forfattar. Æresmedlem i historielaget, og mangeårig styremedlem. Nå busett i Heddal.



## **Therese Djupedal** (f.1997)

Fra Hjartdal. Økonomistudent Bur for tida i Kongsberg.



## **Heidi Fossnes** (f.1956)

Grunnleggjar, redaktør og utgjevar av Magasinet Bunad Forlagssjef i Smøyg Forlag. Bur i Røyken.



## **Ingunn Hovde** (f.1956)

Tidlegare lektor og rektor. Tekstilhandverkar og sauebonde. Frå Tuddal, busett i Hjartdal.



## **Steinar Hovde** (f.1942)

Pensjonert avdelingssjef ved politiet på Notodden. Ivrig friluftsmann. Busett i Sauland.




**Olav Langåsdalen** (f.1955)  
Gardbrukar på Håtveit i Hjartdal.  
Aktiv i Senterpartiet.  
og Bonde- og småbrukarlaget.



**Torgunn Opsal** (f.1946)  
Pensjonert lærar.  
Busett på Gjuv i Hjartdal.  
Redaksjonskomiteemedlem  
og sekretær i historielaget.



**Leif Skoje** (f.1950)  
Pensjonert lærar og kulturskulerektor.  
Var med å starte Hjartdal historielag  
og er nå æresmedlem.  
Redaksjonskomiteemedlem.  
Busett i Sauland.



**Kari Haugen Skoland** (f.1939)  
Pensjonist.  
Aktiv og interessert i folkemusikkmiljøet.  
Busett i Hjartdal.



**Audun Solberg** (f.1946)  
Pensjonert lærar og skulerådgjevar.  
Redaktør for Hjartdalskalenderen i mange år.  
Styremedlem i historielaget.  
Busett i Sauland.



**Olav Tho** (f.1944)  
Pensjonert lærar og gardbrukar.  
Mangeårig ordførar i Hjartdal kommune.  
Busett i Hjartdal.



**Torkjell Tjønn** (f.1949)  
Pensjonert lege.  
Busett i Tuddal.  
Redaksjonskomiteemedlem og  
styredlem i historielaget.



**Anne Haugen Wagn** (f.1952)  
Pensjonert lektor og lokalhistorisk forfattar.  
Leiar i Telemark historielag.  
Busett på Notodden.



# Årsmelding for Hjartdal historielag 2018

## Styret 2018

Svein Bakkalia	leiar
Torgunn Opsal	nestleiar og sekretær
Borghild H Brennekåsa	styremedlem
Gunvor Prestårhус	styremedlem
Audun Solberg	styremedlem
Torkjell Tjønn	styremedlem
Torkild H Mosebø	1.vara og kasserar
Torkel Hytta	2.vara
Valgkomite: Tone Stuvrud, Kari Haugen Skoland og Dag Krokaa.	
Revisor:	Torkjell Sletta

Styret har hatt 9 styremøte og vara-medlemmane har møtt på styremøta.

Vi har hatt 204 medlemmar pluss 3 æresmedlemmar i 2018. Dette er 2 færre enn fjoråret.

Kontingensten har vore kr 300,- inkl. gratis årbok. Dette er det samme som førre året.

Rekneskapen er revidert pr 31.12.18 med ei omsetning på kr 244 817,89 og eit overskot på kr 33 098,04,-. Behaldninga er på kr 203 084.93 pluss 106 221,79 som tilhører tre særrekneskap.

## Møter og arrangement

Årsmøtet blei halde på Løvheim Gjestehus i Sauland onsdag 7. mars med 40 medlemmar tilstades. Årsmelding og rekneskap blei gjennomgått og godkjent.

Borghild Hovde Brennekåsa, Gunvor Prestårhус og Audun Solberg var på valg i styret, i tillegg til Torkel

Hytta som vara. Alle blei attvalgt. Styret konstituerer seg sjølv.

Svein Erik Sletta i valgkomiteen hadde fråsagt seg attvalg. Nytt medlem i valgkomiteen blei valgt Dag Krokaa.

Revisor Ingebjørg Frøland Hagen hadde etter mange år fråsagt seg attvalg. Ny revisor blei valgt Torkjell Sletta.

Etter årsmøtet heldt Bergit Telnes eit interessant foredrag og viste lysbilde om bondeopprøret i Hjartdal i 1540.

På foredragskvelden på Menighets-huset onsdag 18.april var det 52 personar tilstades. Svein Vetle Trae heldt foredrag og viste lysbilde med tema «Krig og motstand i Hjartdal 1940-45». Etter foredraget svara Trae på spørsmål frå dei mange interesserte som viste at interessa for krigshistoria fortsatt er levande hos mange. Og sjølsagt var det kaffi og gode kaker å få i paua.

Siste styremøte før sommaren blei halde på Lien Fjellgard i Svartdal tysdag 19.juni. Etter møtet fekk styremedlemmane og partnarar svært god gardsmat og ei interessant omvisning og orientering om gardshistoria av vertskapet Mette og Tor Lien. Opphaldet var ei gáve til styret frå eit av medlemmene som takk for innsatsen, ei gáve vi er svært takksame for.

Murukleivkvelden onsdag 19. september var ein stor suksess med svært godt oppmøte på rundt 100 deltagarar. Ove Eriksen las frå boka si og fortalte levande om Murukleiven

og tida han levde i. Ei utruleg historie om forbryterhøvdingen Tov Murukleiv på røvartokt og flukt og avgrunnen mellom fattig og rik i første halvdel av 1800 talet.

Halvor Langåsdalen song Murukleivvisa og meisterspelemannen Alf Tveit, som har vunne Landskappleiken fleire gonger, spela m.a. slåtten Murukleiven. Hardingfelespel i toppklassen.

Og kakene og kaffen smaka.

Lanseringsmøtet av årboka onsdag 14. november samla 36 personar. Torgunn Opsal, Torkjell Tjønn, Leif Skoje og Audun Solberg las og fortalte frå artiklane sine. Gunnulf Sletta og Leif Skoje stod for fine musikalske innslag. Gunnulf Sletta spela m.a. slåtten "Anton". Og kakubaksten til Ingebjørg Opsal smaka like godt som alltid.

Telen hadde eit stort og fint oppslag om boka og innhaldet etterpå.

Førjulskvelden med julemat på Tuddal høyfjellshotell blei også i år halde saman med «Kjerringkveldane» i Tuddal. Det var ikkje mindre enn 70 deltakarar tilstades på årets julearrangement tysdag den 4. desember, fleire kom med fellesbuss frå Hjartdal. Det har aldri vore så mange med på førjulskvelden før. Det er fint med stor interesse sjølv om vi var i overkant mange i år. Men alle fekk plass.

Kvelden blei som tidlegare like framifrå leia av Borghild Hovde Brennekåsa. Spelemannsprisvinnar og årets folkemusikar Anne Hytta stod for underhaldninga. Det er stort at saulandsbygda har fostra ein slik spelemann på hardingfele. Eit framifrå spel som også ordførar Bengt Halvard Odden ga uttrykk for med takketale og ein stor blomsterbukett. Kari Haugen Skoland takka for ein smakfull julemat med både tale og song. Det har som

tidlegare berre vore skryt av maten å høyre etterpå.

Som fjoråret var også dette året historielaget å treffe på biblioteket kvar onsdag mellom kl 18 og 20. Frammøtet varierar, men det er stadig folk innom og praten går livleg.

## Turar

Tur til Bergverksmuseet og Kongsberg kyrkje 26. mai. 32 personar var med på turen og fekk ei interessant omvisning på Bergverkmuseet og den skihistoriske utstillinga på Skimuseet. Etter ein kaffikopp på restaurangen Big Horn viste den utflytta hjartdølen Trygve Dølen oss rundt i området rundt kyrkja som er den eldste delen av den gamle sølververksbyen. Deretter fekk vi ei ny omvisning i den staselege Kongsberg kyrkje med 2500 sitteplassar og imponerande lysekroner og som blei avslutta med ein flott konsert på det gamle orgelet. Det var Kristin Flatland Solbu, opprinnelig frå Sauland, som spela. Før heimturen var det lunsj på Opsalgården og med muntre historiar frå Kongsbergtraktene som underhaldning til maten.

Kveldstur til gravhaugane på Skoje onsdag 6. juni. Vi fekk sjå spor etter smie, kolgropar, fangstgrop og gravhaugar. 11 personar møtte og fekk ei interessant omvisning med Audun Solberg som omvisar og kjentmann.

## Årbok 2018, Hjartdalskalenderen 2019 og Kontaktbladet

Årbokkomite for Årbok 2018 har som før vore Svein Bakkalia, Torgunn Opsal, Leif Skoje og Torkjell Tjønn og samarbeidet i komiteen er like bra som tidlegare.

Årets bok var den åttande årboka og salget er bra. Boka er fortsatt gratis for

medlemmene. Prisen er kr 200 i utsalg og økonomien er god. Vi har bra med stoff og stadig nye forfattarar. Årboka er viktig i historielagets arbeid med lokalhistorie.

Kalenderkomite for Hjartdalskalenderen 2019 har vore leiar Torkel Hytta, Ivar T Dahl, Audun Solberg og Tone Stuvrud saman med Tor Djupedal og Synnøve Våle som var nye i komiteen i år. Årets kalender er den 33dje Hjartdalskalenderen. Kalenderen er populær og går med eit bra overskot. Prisen er kr 100.

Kontaktblad for Hjartdal historielag nr. 49 blei sendt ut i til alle medlemmane i mai saman med innbetalingsblankett for medlemskontingenten. Innhaldet var m.a. stoff om turen til Bergverksmuseet på Kongsberg i mai, ein kortversjon av Toralf Slettas karriere som musikar og om nokre bilde etter Mattis Omnes frå Vinjejubileet for 100 år sidan.

## Kulturminnene

Styret har sluttført møteserien om kulturminner etter dette opplegget:

- 1: Historikk om kulturminnevernet i Norge.
- 2: Riksantikvaren og kulturminnene.
- 3: Hjartdal kommune og kulturminnene.
- 4: Kulturminnene i Hjartdal. Freda og verneverdige kulturminner.
- 5: Registrering av kulturminner. Kulturminnesøk.
- 6: Historielagets arbeid med kulturminner.

Det er laga eit styrehefte etter same oppsett som diskusjonsopplegget. Vi tok for oss pkt 1, pkt 2, pkt 3 og pkt 5 på tre møter førre året. Møtet om kulturminnene i Hjartdal, freda og verneverdige kulturminner (pkt 4) blei halde

i mai, om historielagets arbeid med kulturminner (pkt 6) i november.

På siste møtet blei det diskutert ei konkret prioritering og plan for kulturminnearbeidet i historielaget. Stikkord er bygdelister over kulturminner, Heddal mølle og Tuddal bygdetun og konsolidering under NIA (Norsk Industriarbeider museum), kommunal kulturminneplan, registrering av husmannsplassar, Su-Aabø, Badstugu i Gvammen og historielagets kulturmingefond.

## Kulturminnefondet

Det hadde kome inn to søknadar til Kulturminnefondet innan fristen 1.april. På styremøte 5.4.18 blei det løvya;

- kr 12000 til Audun Solberg til C-14 datering av jernslaggområde ved Skjessvatn og ein jernvinneomn ved Kovvatn. Fylkeskommunen har kosta denne dateringa i etterkant.

- Ein søknad blei utsett pga mangelfulle opplysningsar.

Ingen av nye eller tidlegare prosjekt er sluttført og utbetalt i 2018.

Fondet er tilført kr 10 000 etter budsjettvedtak på årsmøtet i 2018. Fondets saldo er nå kr 61 967,29.

## Registrering av gamle buplassar

Prosjektet med registrering av husmannsplassar har fortsatt i 2018. Torkel Hytta er prosjektleiar. Registreringa i Sauland og Tuddal er stort sett ferdig. I Hjartdal har registreringa også kome igang.

Skrivearbeidet om dei enkelte plassane i Sauland blir sluttført i løpet av vinteren slik at den første husmannspassboka, boka om Sauland, vil vere klar for salg like før eller like etter sommaren.

## **Lokalhistorisk arkiv**

Arbeidet med historielagets lokalhistoriske arkiv pågår fortsatt. Arkivet skal innehalde eit dokumentarkiv, eit fotoarkiv, eit lyd og filmarkiv og ei boksamling. Saman med sjølvre arkiveringa vil materialet bli digitalisert.

Brev om etablering og plassering blei sendt utval for levekår og kultur i februar og kommunen ved rådmannen i mars. Etter mange forespørslar om svar blei det endeleg i desember undertekna ei avtale mellom kommunen og historielaget med løyve til å plassere arkivskåp i 2. høgda på biblioteket. 4 arkivskåp og eit sjalusiskåp er kjøpt inn og er nå på plass. Kostnad kr 28 481,25.

Det har ikkje vore utført noko større arkiveringsarbeid dette året i påvente av plassering av nye arkivskåp.

Vi har blitt med i prosjektet Synleggjering av usynlege arkiv i Telemark, leia av Vest- Telemark Museum. Det blei halde eit førebuande møte med arkivar og prosjektleiar Per Ormestøyl frå Vest-Telemark Museum og arkivar Dag Andre Fiskum Velle frå NIA i november.

## **Mølla-ny bruk**

Frøydis H Skoje og Geir J Hagen er valgt som historielagets representantar i styret for stiftinga Mølla-ny bruk for perioden 2019-2020. Erling Wang er kommunens representant. Styret har mottatt stiftingas årsmelding og rekneskap for 2017 og desse er tatt til orientering.

Frøydis H Skoje og Svein Bakkalia var på fleire møte i hausthalvåret med Norsk Industriarbeidermuseum (NIA) der tema har vore konsolidering av Heddal mølle under NIA. Bjørn Rugaas frå Hjartdal kommune har vore

tilstades på nokre av møta. Prosessen har gått parallelt med møter med Tuddal museumslag og NIA om konsolidering av Tuddal museum. Forslag til avtaler blei nedstemt i kommunestyremøte i desember.

## **Bygdedagane**

Historielaget var som vanleg til stades på Slættefestivalen i Hjartdal 9. juni, på Bygdedagen i Tuddal 22.juli og på Bygdedagen i Sauland 1.september. Vi hadde eigen salgsbod med informasjonsmateriell og salg av bøker.

## **Andre saker**

- Årsmøtet i Telemark historielag Torgunn Opsal, Ingebjørg Opsal, Borghild Hovde Brennekåsa, Elling Michelet, Audun Solberg, Leif Skoje og Svein Bakkalia deltok på seminaret til Telemark historielag på høgskulen i Bø lørdag 14. april. Tema: Telemark i vikingtid og tidleg middelalder.

- DNT 150 år  
Leif Skoje, May Britt Pedersen og Svein Bakkalia deltok på jubileumsarrangementet på Tuddal høyfjells-hotell søndag 2.september. Historielaget var invitert av Notodden turlag til foredrag med Trond Aasland og Tor Nicolaysen.

- Lanseringsmøte for Bevaringsplan for privatarkiv  
Torkild H Mosebø og Svein Bakkalia deltok på lanseringsmøtet for Bevaringsplan for privatarkiv i Telemark på Universitetet i Sørøst Noreg i Bø torsdag 20. september.

- Lokalhistorisk arkiv i Åmotsdal  
Torkild H Mosebø, Leif Skoje og Svein Bakkalia deltok på åpningsarrangementet for lokalhistorisk arkiv i Åmotsdal mandag 19. november.

### - Ny scanner og prosjektor

Det er kjøpt inn ein scanner for digitalisering av 8 mm film med ein kostnad kr 5 157,16 og ein berbar prosjektor til bruk på arrangement til ein kostnad på kr 10 374,84.

### - Sosiale medier

I tillegg til den faste nettsida vår legg vi ut bilde og meldingar om arrangement på historielagets sider på facebook.

### - Gåver

Historielaget har fått ei bildebok og ein minnepinne med PDF fil til lokalhistorisk arkiv frå John Berge. Boka har han laga om handverksarbeidet til far sin, hjartdølen Hans Berge.

Og frå Torbjørn Lonar frå Skien har vi fått boka "Eikermoungane".

*Styret i Hjartdal historielag*

*Svein Bakkalia (leiar)*

---

## Styret 2019

Svein Bakkalia, leiar  
Torgunn Opsal, sekretær  
Gunvor Prestårhus  
Torkjell Tjønn  
Borghild Hovde Brennekåsa  
Audun Solberg  
Torkild H Mosebø, vara, kasserar  
Torkel Hytta, vara

## Valnemnd

Dag Krokaa  
Tone Stuvrud  
Ingebjørg Bjørnstad

## Revisor

Torkjell Sletta

## Årbokredaksjon 2019

Svein Bakkalia  
Torgunn Opsal  
Torkjell Tjønn  
Leif Skoje

## Redaksjon Hjartdalskalenderen 2020

Audun Solberg  
Kjetil Frøland  
Tor Djupedal  
Kari Særslund  
Tone Stuvrud  
Ivar T. Dahl

*Ny bok frå Hjartdal historielag!*

# EIN PLASS Å BU

## Husmannsplassane i Sauland

Hjartdal historielag har i haust gjeve ut bok om husmannsplassane i Sauland med omtale av kvar av dei over 200 husmannsplassane som har vore i bygda. Boka er på 235 sider og er godt illustrert med både gamle historiske bilde og nye som viser korleis plassane ser ut i dag. Det er gode kart og koordinatar som tydeleg viser kvar plassane ligg. Oversikt over opphaveleg og nåverande eigar finn ein også. Og ei fyldig og god generell innføring om husmannsvesenet er med.

Dette er ei verdifull bok for ettertida og nåtida. Det var på høg tid at ei slik bok kom. Det minkar på dei som har kunnskap om husmannsplassane og kvar dei låg.

Torkel Hytta og Audun Solberg har gjort grunnarbeidet med boka som omfattar registrering, fotografering, innsamling av bilde og omtale av plassane. Leif Skoje har stått for produksjon og utforming av boka.



I Sauland har vi nå kjennskap til om lag 200 husmannsplassar. Det er såleis mange som finn familieterot på plassar i bygda. Dette gjeld både Saulandinger, folk i nabobygder og dei lengre borte. Ikke minst finst det mange etterkomrarar i Amerika.

Ofta har husmannsene berre restar av ein husmann- eller rydingstøys eller et gammalt kjøkkenskål i skiftil i dag. Men dei aller fleste av plassane kan ein finne ved hjelp av koordinataane og dei mange kartta i denne boka. Dette gjeld om du er på jakt etter familielerter, eller om du er ein vanleg turgåar i Sauland.

Fra 1700-talet førde også folketil til at ei husmannsklasse vokt fram. Husmannen var eigedomslaus, men fekk bygge seg eit heim i ein sjølvveigande mannsbygning med eit rom for dresenader. Dei fleste kompanyplassane blei liggande i unna til gardane. Nokre var spreidde langt frå kvarandre, andre var meir samla og donna eigne husmannsgrender, slik vi ser det på Tuddalsdalen og opp mot Himing og Heksjøen.

Husmenne kom ofta frå bygdesamfunnet dei vokt opp i. Men mange kom også som innflyttere. Fra 1750-talet var det nærmest forlegging i bygda. Grunnlagsforståelsen kom til å ha på eit grunnlag. Alter var med på å legge grunnlaget for husmannsetra i bygda i eit stort område i dag.

Vi trur dette vil bli ei verdifull bok for ettertida. Vi har prøvd å gjere framstillinga systematisk. Ei korfatta tekst om kvar plass er med, og ein god del historiske bilde – og bilde av restane av plassen der det er noko å sjå.



9 788239 544713 >

Hjartdal historielag

EIN PLASS Å BU – Husmannsplassane i Sauland

Torkel Hytta Audun Solberg

# EIN PLASS Å BU

## Husmannsplassane i Sauland



Hjartdal historielag



HJARTDAL  
KOMMUNE



# Bygder med fortid og framtid



Hjartdal historielag seier takk til alle som  
støttar oss med annonser og på andre måtar!



**Skagerak  
Energi**



*- du kjenner oss*

## Velkommen til SPAR Saulandtunet

Hos oss finner du alltid gode tilbud og et bredt utvalg av nystekte brød, frukt og grønt, og i ferskvaredisken deler vi gjerne gode tips og oppskrifter på hva du kan lage til middag. Service er viktig for oss på SPAR Saulandtunet, og vi ser frem til å ønske deg velkommen som kunde!

### Apningstider:

Hverdager 08:00-21:00

Lørdag 09:00-20:00

Søndag stengt

### KONTAKT OSS:

3665 SAULAND

Telefon: 35023355

Telefaks: 35023353

[spar.saulandtunet @ngbutikk.net](mailto:spar.saulandtunet@ngbutikk.net)



Abonner på ukens tilbud: Få ukens tilbud direkte til din mobil eller på epost

Se ukens tilbudsavis: Se de gode tilbudene i din butikk

# HEGNA GRUSTAK

## TLF: 905 71 100

Ørvella Øst 327, 3677 Notodden

Olav Hegna  
905 71 100

Anund Kåsa  
905 48 491

Anne Britt Hegna  
913 27 606

- ◊ Div. fraksjoner pukk
- ◊ Div. fraksjoner veggrus
- ◊ Kabelsand
- ◊ Støpesand
- ◊ Pussesand
- ◊ Strøgrus (saltblanda)
- ◊ Sams masse
- ◊ Jord



# Velkommen til Joker Tuddal

Vi ligger nydelig til ved Bjårvatn i Tuddal, langs fylkesveien mellom Sauland og Rjukan, på vei til Gaustatoppen. Her finner du alt det du trenger til din daglige handel. Vi har også medisinutsalg, kortautomat for bensin og diesel, salg av propan, fiskeutstyr og fiskekort. Vi tilbyr i tillegg hjemkjøring av varer til de som ønsker det. Butikken startet som Tuddal Handelslag i 1912.

Vi på Joker Tuddal ønsker deg velkommen til en hyggelig handel!



## Åpningstider

Mandag – Torsdag 09.00 – 18.00

Fredag 09.00 – 20.00

Lørdag 09.00 – 16.00

Søndag stengt

Telefon: 35024105

Mail: joker.tuddal@joker.no



/ Opplevsar i heiltre

KJØKKEN \* BAD \* MØBLAR

[www.bondalsnikkarverkstad.no](http://www.bondalsnikkarverkstad.no)

**OLAV H.LISTUL**  
3692 SAULAND



Tlf.: 35023076 Mobil: 91 31 70 29



**TUDDAL BYGGEVARER**

**VI LEVERER ALT INNEN TRELAST OG BYGGEVARER**

AVD: TUDDAL  
Tuddalsvegen 2128

3697 Tuddal

Tlf: 35024160

AVD: SAULAND  
Ørvellavegen 8

3692 Sauland

Tlf: 35023777



TUDDAL HØYFJELLSHOTELL

## Tuddal Høyfjellshotell

Tenk deg et sted der det eneste du skal, er å  
nyte. Være der. Spise, sove, tenke, føle, se og  
gjøre akkurat så mye eller lite du bare vil.

Da er alt mulig.

Kontakt:

Tuddal Høyfjellshotell  
N - 3697 Tuddal  
tlf.: 35 02 88 88 fax.: 35 02 88 89  
e-post: [gurholt@tuddal.no](mailto:gurholt@tuddal.no)



# HjartdalBanken

Siden 1898

Hjartdal og Gransherad Sparebank har historie tilbake til 1898, da Hjartdal Sparebank ble stiftet.

Helt siden 1909 har banken også hatt sitt virke i det som i dag er Notodden kommune. Dette året ble Gransherad Sparebank etablert i det som den gang var Gransherad kommune.

Det var økonomisk oppsving med vekst i næringsliv og handel som gjorde at behovet for bank vokste frem.

I 1994 fusjonerte Gransherad Sparebank med Hjartdal Sparebank, og endret navn til Hjartdal og Gransherad Sparebank.


Vi er en lokalbank som tilbyr kundene både moderne digitale bankløsninger og helhetlig, personlig kunderådgivning. Gjennom god bankdrift og aktiv kundeomsorg skal vi skape verdier for lokalsamfunnet.

[www.hjartdalbanken.no](http://www.hjartdalbanken.no)

telefon: 35028400



- ◊ Fleire kjende og mindre kjende bygdefolk får si historie i boka i år. Frå ein nærmast sagnperson, Mons Landsverk på 1600-talet, fram til dyktige handverkarar og arbeidsfolk på 1900-talet.
- ◊ Knut Buens "Gofa" var ein føregangsmann på fleire måtar i Tuddal, der også hovudpersonen i ein annan artikkel, Torkjell Sletta, i dag markerer seg som ein av våre fremste tekstilhandverkarar.
- ◊ Anne Haugen Wagns grandtante sine opplevingar som emigrant på 1900-talet er både nær og fjern historie. Det samme gjeld artikkelen om Toralf Djupedal. Han vaks opp i den første etterkrigstida og tok del i gjenreisinga som skapte landet vi kjenner i dag.
- ◊ Markerte personar blir også presenterte i Ivar T. Dahl sine Bygdeglimit, og Steinar Hovde minnest bygdesmeden Thorbjørn Thorbjørnsen.
- ◊ Elles er det som alltid stulsstoff å finne. Vårstulen Kjeksingdalen kjem ut av gløyme boka, og gamle setervegar i Hjartdalsfjella blir gått opp og vel dokumenterte.
- ◊ Tradisjonen omkring lutefisk har fått sin artikkel i år. Namn på kyr er like eins viktig kulturhistorie, med lange linjer frå tida med tussefolk og tussekyr fram til vår eiga tid.
- ◊ Audun Solberg gjev oss igjen døme på dei arkeologiske verdiane som til nå har ligge gøynt i Hjartdal. Og til slutt presenterer vi ei overraskande lang liste over trykt og utgitt litteratur knytt til hjartdalsbygdene.



**HJARTDAL HISTORIELAG**  
arbeider i nåtida - med fortida - for framtida!

**[www.hjartdalhistorielag.no](http://www.hjartdalhistorielag.no)**

